

Møtebok: Høgskulestyret (27.09.2017)

Høgskulestyret

Dato: 27.- 28.09.2017

Sted: HVL Campus Sogndal
Røyrgata 6
6856 Sogndal

(rom Stadt)

Innhald

Vedtakssaker

66/17 Innkalling, saksliste og godkjenning av protokoll - styremøte 09/17	3
67/17 Eksternrekneskap per 2. tertial 2017	181
68/17 Intern budsjettfordelingsmodell	19
69/17 Godkjenning av system for kvalitetssikring og retningslinjer for ph.d.-utdanning ved HVL	43
70/17 Godkjenning av søknad om akkreditering av ph.d.-studium i helse, funksjon og deltakelse	67
71/17 Godkjenning av søknad om akkreditering av ph.d.-studium responsible innovation and regional development	71
72/17 Instituttstruktur for Høgskulen på Vestlandet	75
73/17 Rekruttering av instituttleiarstillingar ved Høgskulen på Vestlandet	121
74/17 Orientering om avviking av metningsdykkerutdanningen	129
75/17 Status for dei nye grunnskulelærarutdanningane	153
76/17 Lokale lønnsforhandlinger 2017	159

Orienteringssaker

9/17 O-09/17 Orienteringar til styremøte 09/17	165
O-09/17-1 Årshjul pr. september 2017	167
O-09/17-2 Referat frå IDF-møte	-
O-09/17-3 Utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet 2018 - 2020	173
O-09/17-4 Val av varamedlem – Studentrepresentantar til Høgskulestyret 01.08.2017 – 31.07.2018	179
O-09/17-5 Innspill frå styret – strategiprosess – evt. oppfølgingspunkt frå seminar	-



Arkivsak-dok. 17/00097-42 Arkivkode. 011
Saksbehandler Linda Marie Hvaal McGuffie

Saksgang Møtedato
Høgskulestyret 27.09.2017

66/17

INNKALLING, SAKSLISTE OG GODKJENNING AV PROTOKOLL - STYREMØTE 09/17

Forslag til vedtak:

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 09/17
2. Styret godkjenner protokoll fra styremøte 08/17

Vi syner til vedteken møteplan og kallar med dette inn til styremøte.

Styremøtet finn stad onsdag 27. - torsdag 28. september.

Det vert styreseminar i regi av OU-programmet onsdag 27. september kl. 10.30 – 16.30. Tema for styreseminaret er «Inn mot strategiprosessen».

Det er sett av tid til styremøte onsdag ettermiddag kl. 17.00-.19.00 og torsdag 28. september kl. 09.00. - 14.00.

Møtet finn stad i rom Stadt, HVL Campus Sogndal, Røyrsgata 6, 6856 Sogndal.

Dersom du ikkje har høve til å møte ber vi om at du gjev melding til styresekretariatet v/Linda McGuffie på telefon 55 58 75 39 eller e-post: lmhm@hvl.no.

Med helsing

Arvid Hallén
Styreleiar

Berit Rokne
rektor

Vedlegg:

Saksliste til styremøte 09/17
Protokoll frå styremøte 08/17

Saksliste til styremøte 09/17

Vedtakssaker/Drøftingssaker	
66/17	Innkalling, dagsorden og godkjenning av protokoll – styremøte 09/17
67/17	Eksternrekneskap per 2. tertial 2017
68/17	Intern budsjettfordelingsmodell
69/17	Godkjenning av system for kvalitetssikring og retningslinjer for ph.d.-utdanning ved HVL
70/17	Godkjenning av søknad om akkreditering av ph.d.-studium i helse, funksjon og deltakelse
71/17	Godkjenning av søknad om akkreditering av ph.d.-studium responsible innovation and regional development
72/17	Instituttstruktur for Høgskulen på Vestlandet
73/17	Utllysning av instituttleiarstillinger
74/17	Orientering om avvikling av metningsdykkerutdanningen
75/17	Status for dei nye grunnskulelærarutdanningane
76/17	Lokale lønnsforhandlinger 2017
Orienteringssaker	
O-09/17	Orienteringar til styremøte 09/17
O-09/17-1	Årshjul pr. september 2017
O-09/17-2	Referat frå IDF-møte
O-09/17-3	Utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet 2018 - 2020
O-09/17-4	Val av varamedlem - Studentrepresentantar til Høgskulestyret 01.08.2017- 31.07.2018
O-09/17-5	Innspill fra styret - strategiprosess - evt. oppfølgingspunkt fra styreseminar.
O-09/17-6*	NOKUT tilsyn med bachelor i barnevern, sosialt arbeid og vernepleie
O-09/17-7*	Planene om aktivitetsbaserte arbeidsplasser i åpne landskap ved nybygget Kronstad 2
Eventuelt	

* Sak lagt til sakslisten 25.09.17. Muntlig orientering.



Høgskulen
på Vestlandet

MØTEPROTOKOLL

Høgskulestyret

Dato: 31.08.2017 kl. 10:30
Sted: Bergen
Arkivsak: 17/00097

Tilstede: Berit Rokne, Arvid Hallén, Kari Kjenndalen, Aina Berg, Trond Ueland, Tom Skauge, Gunnar Yttri, Christine Øye, Marit Ubbe, Åse Neraas, Karin Stormo, Sondre Johan H Riisøen, Cecilie Engen Fredheim, Marie Eikemo Larsen

**Møtende
varamedlemmer:** Hege Økland for Gunnar Birkeland, Ragnar Gjengedal for Sissel Johansson Brenna

Forfall: Gunnar Birkeland, Sissel Johansson Brenna

Protokollfører: Linda McGuffie

SAKSKART			Side
Vedtakssaker			
59/17	17/00097-37	Innkalling, saksliste og godkjenning av protokoll styremøte 08/17	2
60/17	17/03640-5	Orientering til styret om OU-programmet	4
61/17	17/03640-4	Plan for strategiprosessen 2017-2018	5
62/17	17/02689-19	Revidert utkast til utviklingsavtale 2018-2020 mellom Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Kunnskapsdepartementet (KD)	7
63/17	17/06048-2	Ferdigstilling av rapportar om Arbeidsplassbasert masterutdanning for lærarar og Lektorutdanning 8-13	8
64/17	17/00146-13	Oppnemning av studentrepresentantar til klagenemnda ved HVL 2017/2018	9
65/17	17/00146-14	Oppnemning av studentrepresentant - Skikkavurderingsnemnda ved HVL 2017/2018	10
Orienteringssaker			
8/17	17/00146-15	O-08/17 Orienteringar til styremøte 08/17	11

Bergen, 31.08.2017

Arvid Hallén

59/17 Innkalling, saksliste og godkjenning av protokoll styremøte 08/17

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	31.08.2017	59/17

Forslag til vedtak:

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 08/17
2. Styret godkjenner protokoll fra styremøte 07/17

Møtebehandling

Styreleiar ønska velkommen til møtet og gjorde greie for innkalling, saksliste og protokoll.

To styremedlem hadde meldt forfall i forkant av møtet, Gunnar Birkeland og Sissel J. Brenna, og to vara, Hege Økland og Ragnar Gjengedal, møtte for dei. Styreleiar ønska dei påtroppande studentrepresentantane velkommen til Høgskulestyret. Det vart meldt tre saker til eventuelt, i tillegg var det meldt ei sak til eventuelt i forkant av møtet. (Sakene vart satt opp på sakslista litt seinare i møtet).

Referat frå IDF-møtet vart delt ut før møtet starta.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 08/17
2. Styret godkjenner protokoll fra styremøte 07/17

60/17 Orientering til styret om OU-programmet

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	31.08.2017	60/17

Forslag til vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Møtebehandling

Styreleiar ga ordet til rektor som innleia.

Wiggo Hustad, leiar for OU-programmet, presenterte framdrifta i dei ulike underprosjekta via skype og svara på spørsmål.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tek orienteringa til vitande.

61/17 Plan for strategiprosessen 2017-2018

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	31.08.2017	61/17

Forslag til vedtak:

Styret tek orientering om plan for strategiprosess 2017–2018 til vitande.

Styret ber rektor nedsette ei strategigruppe som skal leie strategiprosessen i henhold til mandat og plan for prosessen.

I det komande arbeidet med strategiutvikling skal styret haldast orientert om prosessen og gi innspel og føringar i dialog med strategigruppa på styremøta i perioden der strategiprosessen vert gjennomført.

Møtebehandling

Styreleiar og rektor innleia, og prorektor Bjørg Kristin Selvik, presenterte saka.

Styret gir tilslutning til planen for strategiprosess som er lagt fram, med dei merknadar som kom fram i styrets diskusjon:

- Strategidokumentet må vere tydeleg og gi retning og kommuniserer godt både innad og eksternt.
- Styret understreker at det arbeidet som er gjort så langt i fusjonsprosessen, fusjonsplattformen og profildokumentet må leggest til grunn for og vere retningsgivande og fungere som kunnskapsgrunnlag for strategiprosessen.
- Styret understreka at dialogen med eksterne interessentar er svært viktig.
- Det regionale aspektet er viktig for HVL, dette må følgeleg vere ein tydeleg dimensjon i vår strategi.
- Arbeidsgruppa bør vurdere korleis ein sikrar at sentra vert representert i prosessen.
- Fakulteta er viktige premissleverandørar og må trekkast inn i prosessen så raskt som mogleg når dei vert etablert.
- Studentrepresentasjon i strategigruppa – ønskeleg at studentvararepresentanten får observatørrolle i gruppa.

Styremedlem Gunnar Yttri, Ragnar Gjengedal, Christine Øye og Tom Skauge kom med eit forslag til vedtak som seinare vart trekt på grunnlag av at momenta frå styrets diskusjon vert referatført.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tek orientering om plan for strategiprosess 2017–2018 til vitande med dei kommentarar som vart gitt.

Styret ber rektor nedsette ei strategigruppe som skal leie strategiprosessen i henhold til mandat og plan for prosessen.

I det komande arbeidet med strategiutvikling skal styret haldast orientert om prosessen og gi innspel og føringar i dialog med strategigruppa i samband med ordinære styremøter.

62/17 Revidert utkast til utviklingsavtale 2018-2020 mellom Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Kunnskapsdepartementet (KD)

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	31.08.2017	62/17

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret slutter seg til revidert utkast til utviklingsavtale mellom HVL og KD, med de føringer som fremkommer i møtet.
2. Styret vil få utkast til endelig utviklingsavtale til godkjenning etter møte med KD 10.10.

Møtebehandling

Styreleiar og rektor innleia og prorektor Liv Reidun Grimstvedt presenterte saka.

Arbeidet med utviklingsavtalene er ein utfordrande prosess, all den tid HVL ikkje har ein strategi på plass som arbeidet kan forankrast i. Bestillinga frå departementet er ei tydeleggjering av kva som er særpreget til Høgskulen på Vestlandet. KD har forståing for at dette ikkje er krystallklart i denne tidlege fasen av fusjonsprosessen, men bestillinga tvingar fram ein refleksjon rundt dette som vil ha positiv effekt på strategiprosessen. I styrets diskusjon vart det peika på at målbiletet i utkastet femnar vidt, noe som gjer konkretiseringa av kriterier for måloppnåing vanskeleg. Styret peika på at det er viktig at ein ikkje bind seg opp til mål som fører med seg for stor økonomisk risiko, og at det er mogleg å utfordre departementet på kva hjelp dei kan bidra med i prosessen.

Styret ønskte at administrasjonen arbeider vidare med å spisse både mål og vurderingskriterier i tråd med styret sin diskusjon, samt at endeleg versjon skal vere språkleg gjennomarbeidd og på nynorsk. Tiltak og mål må foredlast vidare i etterkant av innsending til KD, og då vil arbeidet med strategien og dialogen med KD kunne trekkast meir inn. Administrasjonen held kontakt med styreleiar i arbeidet og utkastet skal distribuerast til styret samstundes som det vert sendt til KD.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret ber om at administrasjonen arbeidar vidare med utkastet til UA, ut frå styrets kommentarar. Utkastet skal sendast til KD innan fristen 15. september, i samråd med styreleiar.
2. Styret vil få utkast til endelig utviklingsavtale til godkjenning etter møtet med KD 10.10.

63/17 Ferdigstilling av rapportar om Arbeidsplassbasert masterutdanning for lærarar og Lektorutdanning 8-13

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	31.08.2017	63/17

Forslag til vedtak:

Styret tek saka til orientering.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og prorektor Bjørg Kristin Selvik presenterte saka.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tek saka til orientering.

64/17 Oppnemning av studentrepresentantar til klagenemnda ved HVL 2017/2018

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	31.08.2017	64/17

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret oppnevner følgende studentrepresentanter som medlem av klagenemnda ved Høgskulen på Vestlandet for perioden 01.09.17-31.08.18:

Torbjørn Tveit

Vara: Morten Nordvik Hovland

Rosmari Valdersnes

Vara: Hanne Longva

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret oppnevner følgende studentrepresentanter som medlem av klagenemnda ved Høgskulen på Vestlandet for perioden 01.09.17-31.08.18:

Torbjørn Tveit

Vara: Morten Nordvik Hovland

Rosmari Valdersnes

Vara: Hanne Longva

65/17 Oppnemning av studentrepresentant - Skikkavurderingsnemnda ved HVL 2017/2018

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	31.08.2017	65/17

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret oppnemner følgende studentrepresentant som medlem av skikkavurderingsnemnda ved Høgskulen på Vestlandet for perioden 01.09.17-31.08.18:

Asbjørg Stråtveit (Haugesund)

2. Styret stadfestar oppnemning av studentrepresentant som medlem av skikkavurderingsnemnda ved Høgskulen på Vestlandet for perioden 01.02.17-31.01.18:

Joakim Fossheim (Sogndal)

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret oppnemner følgende studentrepresentant som medlem av skikkavurderingsnemnda ved Høgskulen på Vestlandet for perioden 01.09.17-31.08.18:

Asbjørg Stråtveit (Haugesund)

2. Styret stadfestar oppnemning av studentrepresentant som medlem av skikkavurderingsnemnda ved Høgskulen på Vestlandet for perioden 01.02.17-31.01.18:

Joakim Fossheim (Sogndal)

Saknr	Arkivsak	Tittel
8/17	17/00146-15	O-08/17 Orienteringar til styremøte 08/17

O-08/17	Orienteringar til styremøte 08/17
O-08/17-1	Årshjul pr. august 2017
	Møteplan for 2018 vart etterspurd. Arbeidet med den er i gang. <i>Ingen merknadar</i>
O-08/17-2	Referat frå IDF-møte
	Referatet ble delt ut ved møtestart, men det vart ikkje gitt lesepause. Framover vil ein tilstrebe å sende desse referata til styret dagen før styremøtet dei gongene det let seg gjere. <i>Ingen merknadar</i>
O-08/17-3	Studentopptak 2017
	Björg Kristin Selvik presenterte saka. <i>Ingen merknadar</i>
O-08/17-4	Orientering om arbeid med informasjonssikkerhet - møte med Uninett, oppfølging av etatsstyringsmøte og tildelingsbrev
	Tage Båtsvik, organisasjonsdirektør, presenterte saka. <i>Ingen merknadar</i>
O-08/17-5	Styret møter de hovudtillitsvalde
	Styreleiar innleia og dei hovudtillitsvalde introduserte seg sjølv. Desse var til stades i møtet: • Kristin Hinna (Forskerforbundet) • Pål Albert Olsen (Akademikerne) • Torunn Herfindal (utdanningsforbundet) • Tone Skjerdal (NTL og LO organisasjonane) • May Britt Sandstå (Parat og YS) Dei hovudtillitsvalde takka for invitasjonen og presenterte seg sjølve og fortalde om kva organisasjonar dei representerer, medlemstal og på kva campus og stillingstypar/kodar dei har medlem i. Dei bad også styret om å sjå til at dei hovudtillitsvalde vart tildelt nok ressursar til å kunne gjere ein god jobb for sine medlemmar og vere like godt førebudd på saker som styremedlemane kan vere. I sine framlegg la dei tillitsvalde vekt på at det er viktig at HTA vert følgt og at dei ønsker å vere ein likeverdig part i dei avgjerder som vert tatt i HVL. Dei ønska å gjere styret merksam på at det er mange i organisasjonen som strekker seg langt for å bidra i fusjonsprosessen og bad styret om å ha eit blick på sjukefråværet

	som indikator på om arbeidsmengda som leggst på dei tilsette i samband med fusjonen er adekvat. Belastinga i døme til alt dei tilsette må gjere i samband med fusjon og universitetsambisjonen i tillegg til å sørge for god drift bekymrar dei tillitsvalde. Styret meinte at det var positivt og konstruktivt å møte dei tillitsvalde og ytra ønske om at ein legg til rette for slike møter årleg. Styret ønskte også velkommen forslag om at dei får ei oversikt over utviklinga av sjukefråvær i organisasjonen i samband med orienteringar til styret om andre styringsdata. Referata frå IDF-møter er dei hovudtillitsvalde sin måte å kunne kommunisere med styret, styret ønsker å motta desse dagen før styremøtet dei gongene det let seg gjera. Styreleiar understreka at styret er klar over at det er ei stor påkjenning å gjennomføre ein fusjon og at dette påverkar mange i organisasjonen. Styret forventar at det er eit leiingsansvar å gi innspel til korleis vi skal fase inn dei ulike oppgåvene i fusjonsprosessen utan å overstrekke organisasjonen.
O-08/17-6	Engelske fakultetsnamn
	Rektor presenterte saka. <i>Ingen merknadar</i>
O-08/17-7	Glu-prosjektet
	Rektor presenterte saka. Det kjem ei større sak om dette prosjektet på styremøtet i september. <i>Ingen merknadar</i>
O-08/17-8	Budsjettfordelingsmodell – intern høring
	Styreleiar og rektor innleia. Jan Ove Henriksen, økonomidirektør i nærregion Bergen presenterte saka og svara på spørsmål. <i>Ingen merknadar</i>
O-08/17-9	Instituttstruktur – orientering om prosessen
	Rektor presenterte saka – ei løypemelding om at det er høyringsprosessar på gang i dei ulike fakulteta. Saka vil komme på styrets bord i september. <i>Ingen merknadar</i>
Eventuelt	
	Aksjekjøp i UNI-IRIS-CMR og Teknova (meldt på e-post av Ragnar Gjengedal)
	Det er relevant for HVL å vurdere kva rolle vi kan ta i denne prosessen. Det må vurderast korleis ein skal engasjere seg, mellom anna om aksjekjøp kan vere aktuelt.

	Skilting, namn og språkbruk (meldt av Gunnar Yttri)
	Oppfordrar til at det vert teken eit initiativ for å få vegskilta til å reflektere at HVL i Bergen ikkje lenger heter Høgskolen i Bergen. Det er sett ned eit utval som skal sjå på dei språkpolitiske retningslinjene – så saka er på agendaen. Det vil kome ei sak til styret om dette på eit seinare møte. Språkregion: Nord, midt og sør er ikkje nærregionar. Ber om at ein gjer sitt til at denne namneskikken ikkje festar seg. Viktig å bruke dei rette nemningane – Nærregion Sogn og Fjordane, Stord/Haugesund og Bergen. Styret stiller seg bak oppmodinga.
	Orientering om direktørstillinga (Marit Ubbe)
	18 søkjarar til stillinga, frist 27.08. Instillingsutval er sett ned og dei har gått igjennom søkjarlista og tentativ dag for intervju er satt til 2. oktober.
	Informasjon om seminaret i september? (Trond Ueland)
	Ikkje alt fastatt enda, det er mogleg at det vil bli styremøte begge dager. Program vil bli distribuert snarleg.
	Korleis handsame eventueltsaker – svar tilbake til styret (Tom Skauge)
	Foreslå ein enkel ordning på tilbakemelding på eventueltsak. Der ein ikkje kan svare i møtet – sende eit svar ut til styret.



**Høgskulen
på Vestlandet**

Arkivsak-dok. 17/04914-22
Saksbehandler Kirsten Bakken

Arkivkode.

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato

68/17

INTERN BUDSJETTFORDELINGSMODELL

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret vedtek budsjettfordelingsmodellen slik den er foreslått i vedlagte rapport.

Samandrag

Det har vore nedsett ei arbeidsgruppe som har foreslått ein modell for intern budsjettfordeling. Det har vore prosess mot styret og høyringar i organisasjonen. Arbeidsgruppa har bygd forslag til modell på styret sine vedtekne hovedprinsipp og elles hatt ei heilhetleg vurdering av innspela som er komne i høyringsprosessen. Budsjettfordelingsmodellen byggjer på KD sin finansieringsmodell, med enkelte tilpassingar.

Vedlegg:

Rapport med forslag til budsjettfordelingsmodell

Saksframstilling:

Bakgrunn:

Den årlege budsjett-tildeling som HVL mottek frå Stortinget via KD blir gitt som ei rammetildeling. Innanfor denne rammetildeling kan enkelte delar vera øyremerka krone for krone. I det alt vesentlege stiller KD krav til institusjonane innanfor overordna mål- og resultatkrav, lov- og forskrifter og studieplassar etc. Innanfor desse rammene stiller institusjonen sjølv mål- og resultatkrav, vedtek studieportefølje etc. Innanfor den tildelte økonomiske ramma frå KD, er intensjonen at den interne ressursfordeling skal gi ei best mogleg kopling mellom mål og økonomiske ressursar.

Det har vore nedsett ei arbeidsgruppe som har hatt som mandat å foreslå intern budsjettfordelingsmodell. Vedlagte rapport gjer greie for arbeidsgruppa sitt arbeid og prosess.

Arbeidsgruppa sitt forslag til modell

Arbeidsgruppa leverte sin rapport til rektor 19.september 2017 med konkrete forslag til budsjettfordelingsmodell knytt til rammefinansieringa frå KD. I tillegg omhandlar rapporten forslag til korleis HVL forhold seg til bidrags- og oppdragsinntekter og meir-/mindreforbruk i høve til tildelt KD-budsjett.

Den foreslåtte modellen byggjer på KD sin finansieringsmodell og er inndelt i følgjande modular :

- Strategisk modul
- Fellesmodul – delt i infrastruktur og støttetenester
- Resultatbasert modul - fakultet
- Basismodul - fakultet

Finansieringa av modulane er foreslått slik :

- Strategisk modul blir finansiert av basismidlar frå KD.
- Fellesmodul, infrastruktur, blir finansiert av basismidlar frå KD, og fellesmodul, støttetenester, blir finansiert av basismidlar og 20% av resultatbasert finansiering (utdanningsinsentiv).
- Resultatbasert modul, fakultet, blir finansiert av 80% av resultatbasert finansiering utdanningsinsentiv og av 100% av resultatbasert finansiering forskningsinsentiv.
- Basismodul, fakultet, blir finansiert av basismidlar frå KD – forholdsmessig fordeling mellom fakulteta blir gjort utfrå KD sine studieplassar.

Det blir ikkje foreslått ein fast storleik på strategisk modul. Dette blir foreslått vurdert i forhold til kva som blir finansiert her. Det er ikkje foreslått eigen strategisk modul på fakulteta, men her kan styret sin strategisk modul vera så stor at det evt kan øyremerkast strategiske rammer til fakulteta.

Resultatbasert modul til fakulteta er foreslått finansiert av 80% av utdanningsinsentiva i KD sin finansieringsmodell. Dette for å redusere risikoen ved inntektssvikt ved å legge noko av denne finansieringa til fellesmodulen. Det er foreslått å behalde 100% av forskningsinsentiva til fakulteta pga at dette er forholdsvis liten del av ramma, men vil likevel kunne vera gode insentiv for auka

eksternfinansiering. Det er også foreslått 100% av tildelingane til internasjonal inn/utveksling til fakulteta.

KD sine studieplassar er delvis fagspesifikke og delvis frie for institusjonen. I simuleringane av basistildeling til fakulteta er dei fagspesifikke studieplassane fordelt til dei fakulteta som har studiene, medan dei frie studieplassane er fordelt forholdsmessig i høve til faktisk studieportefølje i 2017/18. Endringar i studieporteføljen frå studieår til studieår mellom fakulteta påverkar tildelingane.

Administrative stillingar (unntatt leiarar) blir finansiert i fellesmodulen slik at det blir ei felles vurdering og utvikling av dei administrative tenestene uavhengig av organisatorisk tilknytnad.

Arbeidsgruppa har vore opptatt av å sjå den KD-finansierte økonomien i samanheng med eksternfinansiering og fakulteta sitt handlingsrom.

Eit fakultet sitt regnskapsresultat i forhold til budsjettert KD-inntekt vil bli presentert for styret i rekneskapsavslutninga. Gruppa foreslår at fakulteta som hovedregel kan disponere mindreforbruk eller må inntjene eit meirforbruk. Det er likevel opp til styret å gjera desse vurderingane kvart år i høve til den økonomiske situasjonen for fakultetet og HVL for å bidra til samla best mogleg ressursutnytting i høve til felles mål.

Eksternfinansierte studier eller FOU-prosjekt vil kunne gi eit økonomisk overskot. Overskotet er berekna etter at direkte og indirekte kostnader er belasta prosjektet. Arbeidsgruppa foreslår at dette overskotet som hovedregel kan bli disponert til strategiske tiltak i det fakultetet som har bidratt til overskotet.

Rektors vurdering:

Rector meiner at arbeidsgruppa sitt forslag til budsjettfordelingsmodell svarar godt på dei føringane som styret har gitt. Arbeidsgruppa har lagt fram eit forslag til modell som er balansert i høve til fakulteta sin autonomi og styret sitt ansvar for strategisk og heilhetleg styring. Modellen synes også å kunne vera eit godt reiskap for å fordele KD-midlane så objektivt som mogleg ved å legge til grunn KD-finansierte studieplassar som utgangspunkt for basisfordeling. Dette betyr at styret kan justere dei såkalla frie studieplassane frå KD mellom fakulteta i studieporteføljen og at det får økonomisk utslag i budsjett-tildelingane.

Rector viser til arbeidsgruppa sitt forslag til modell, og tilrår at modellen blir nytta. Dersom omlegging til modellen gir for store ressursmessige utslag på eit fakultet så vil strategisk modul måtte nyttast skjønsmessig i ei tilpassingsperiode. Ut frå simuleringar gjort i rapporten med 2017-tal synes det ikkje å vera vesentlege utslag. Dette blir vurdert konkret i 2018-budsjettet.

Budsjettfordelingsmodellen bør evaluerast etter 3-4 år. Det er viktig å la modellen gå seg litt til, slik at vi har erfaringar å bygge på. Mindre justeringar kan gjerast som del av budsjettbehandlingane.

I det vidare arbeidet er det viktig å følgje opp og utvikle :

- fordeling av budsjett på fakultetsnivå
- kople budsjettfordelingsmodell til strategisk plan, årsplan og rapportering, inkl. vurdering av insentivordningar

Ny intern budsjettfordelingsmodell – innstilling

1. Innleiing

Rektor oppnemnte i vår eit utval som fekk i oppdrag å utarbeide budsjettfordelingsmodell for HVL som varetek budsjettildeling til alle einingar (fakultet og administrative einingar). Utvalet har hatt følgjande samansetjing:

- Rasmus Stokke (leiar), prorektor Sogn og Fjordane
- Jan Ove Henriksen, øk.direktør Bergen
- Kirsten Bakken, øk.sjef Stord/Haugesund
- Karianne Brøndbo Bergheim, øk.direktør Sogn og Fjordane
- Asle Holthe, dekan avd. for lærarutdanning i Bergen
- Georg Førland, dekan avd. helsefag Stord/Haugesund
- Kristin Ran Choi Hinna, hovudtillitsvald Forskerforbundet
- Bjørn Olav Østeby, studentrepresentant

Følgjande personar er med i utvalet som «reknegruppe»:

- Elise Aabel Eriksen, økonomirådgjevar Stord/Haugesund
- Kristine Tangen, økonomirådgjevar Bergen
- Frank Haugen, økonomirådgjevar Bergen
- Svein Tore Sviggum (sekretær), økonomirådgjevar Sogn og Fjordane

Utgangspunktet for arbeidet er mandatet som vart gitt til utvalet:

Det skal utarbeides en transparent, robust og forutsigbar modell som ivaretar budsjett-tildeling til alle enheter (fakulteter og adm. enheter) ved Høgskolen på Vestlandet.

1. *Modellen skal være en rammefordelingsmodell, og skal være sammensatt av en basisdel og resultatavhengig del. Størrelsen på de ulike delene må utredes/vurderes.*
2. *Modellen skal bidra til å realisere høgskolens visjon og langsiktige mål slik det framgår av fusjonsplattformen og andre styrevedtak mht. strategisk satsning/utvikling. På denne bakgrunn skal modellen inneholde en strategisk komponent.*
3. *Modellen skal sikre en helhetlig og balansert budsjettfordeling i henhold til styrets prioriteringer og framtidige organisering.*
4. *Modellen skal gi muligheter for tydelig strategisk og langsiktig planlegging på ulike nivåer og skal være en modell som skal gi grunnlag for langtidsbudsjetter.*
5. *Modellen skal gi insentiver til å oppnå resultater: Departementet har en budsjettmodell der institusjonene får økonomisk uttelling for å produsere kvantifiserbare resultater innen forskning og utdanning. Slike insentiver bør inngå i modellen for å skape godt samsvar mellom de styringssignaler som ligger i KDs modell og de som videreføres til enhetene.*
6. *Modellen skal være av en slik form at den enkelt kan evalueres og justeres.*

Det må også utredes og foreslås hvordan ny budsjettfordelingsmodell skal innføres, og evt. hvilke overgangsordninger som må etableres i en innføringsfase.

Denne rapporten er resultatet av det arbeidet som utvalet har gjennomført. Avsnittet under skildrar korleis prosessen har vore.

2. Prosess

Basert på mandatet som utvalet fekk er følgjande prosess gjennomført:

- Arbeidsutvalet har hatt fem møter
- Hovudprinsipp i modellen har blitt lagt fram for styret (sak 50/17)
- Forslag til ny modell har vore på høyring i organisasjonen

Dette arbeidet munnar no ut i eit forslag til ny budsjettfordelingsmodell for HVL, slik den blir presentert i denne rapporten.

2.1. Hovudprinsipp

Dei fyrste møta tok føre seg kva hovudprinsipp som skulle gjelde for den nye budsjettfordelingsmodellen. Det er viktig å ha nedfelt hovudprinsippa for budsjettfordeling før ein går vidare i arbeidet med å utarbeide ein ferdig fordelingsmodell. Er modellen bygd på gode prinsipp så vil den fordele budsjettet på ein god og berekraftig måte. Dei hovudprinsippa om utvalet kom fram til vart lagt fram for styret i sak 50/17:

1. *Budsjettfordelingsmodellen skal gjelde for all verksemd som er finansiert av tildelinga frå KD.*
2. *Budsjettfordelingsmodellen skal tildele midlar til det aktivitetsnivået som er vedteke av styret.*
3. *Budsjettfordelingsmodellen skal vere tilpassa prinsipp og insentiv frå KD.*
4. *Budsjettfordelingsmodellen skal nytte rammebudsjettering som hovudprinsipp.*
5. *Budsjettfordelingsmodellen skal vere eit godt styringsverktøy.*
6. *Budsjettfordelingsmodellen skal legge til rette for langtidsbudsjettering.*
7. *Budsjettfordelingsmodellen skal vere transparent, føreseieleg og enkel.*

Nedanfor er ein oppsummering av dei innspela som kom i styremøtet, slik det går fram av protokollen:

Styret diskuterte saka og kom med innspel til det vidare arbeidet med utarbeidinga av budsjettmodell for HVL:

- *Styret er positive til at ein tek utgangspunkt i KD sine fordelingsprinsipp, men HVL sin modell må ivareta forskjellane mellom ulike utdanningar og kostnader som ikkje er tatt godt nok omsyn til i KD-sine kategoriar.*
- *Forholdet mellom rammetildeling og realbudsjettering og kor langt ned i organisasjonen KD sine fordelingsprinsipp skal gjelde må vurderast nøye på bakgrunn av både simuleringar/konsekvensutredningar og strategiske omsyn.*
- *Modellen må gi fakulteta nok økonomisk handlingsrom og rom for eit fleirårigperspektiv.*
- *I valet av modell må ein ta høgde for at forholdet mellom rammetildeling og realbudsjettering vil kunne få andre konsekvensar for fellesadministrasjonen enn for fakulteta.*
- *Viktig med ein strategisk pott på institusjonsnivå som gir styret strategisk handlingsrom og som kan fungere som ein buffer dersom modellen visar seg å slå ut på måtar som ikkje er føremålstenlege.*
- *Modellen må legge til rette for samarbeid på tvers av fakultet og institutt.*
- *Styret framheva behovet for kompetanseheving i organisasjonen og at det måleggast til rette for dette i budsjettmodellen.*

- Modellen må ta høgde for at det er variasjonar i ressursbruk og kostnader mellom dei ulike utdanningane. Det same gjeld variasjonar i eksternfinansiert aktivitet, både over tid og mellom einingar.
- Kontinuitet frå tidlegare budsjettmodellar må ivaretakast. Det må være rom både for ei gradvis innfasing slik at ikkje endringane frå år til år blir for store og det må vere vilje til å korrigere viss ein får effektar som ikkje er føremålstenlege.
- Modellen må vere enkel og føreseieleg, men ikkje rigid.

Tom Skauge kom med framlegg til tillegg til vedtaket, men etter at saka vart drøfta i styret vart framlegget trekt med grunngjeving i at vedtaket gjeld hovudprinsippa for utarbeiding av forslag til budsjettmodell og ikkje detaljane i sjølve budsjettmodellen.

Vedtak

1. Styret godkjenner hovudprinsipp for budsjettfordeling slik dei er lagt fram i saka, med dei kommentarar som kom fram i styrehandsaminga.
2. Styret ber rektor utarbeide forslag til budsjettfordelingsmodell for HVL som er tufta på dei hovudprinsippa som no ligg til grunn. Dette forslaget blir presentert for styret på styremøte i september etter å ha vore på høyring i organisasjonen.

2.2. Føringsane frå styret i det vidare arbeidet

Styret gav sin tilslutning til dei hovudprinsippa som vart presentert – med nokre kommentarar. Under er det forsøkt å svare på korleis innspela har blitt handtert av utvalet i det vidare arbeidet.

I ein overordna budsjettfordelingsmodell på fakultetsnivå er det utfordrande å ta omsyn til skilnader som ikkje blir godt nok fanga opp av finansieringskategoriane til KD. Sannsynlegvis vil fakultet ha utdanningar som både kjem godt ut av KD sin kategoriinndeling og utdanningar som kjem mindre godt ut av denne. I ein modell der fakulteta får ein rammetildeling, vil det vere mogeleg for fakulteta å ta slike omsyn internt. Difor er modellforslaga, både dei som har vore på høyring og det endelege forslaget, basert på KD sine kategoriar.

Når det gjeld forholdet mellom rammetildeling og realbudsjettering og kor langt ned i organisasjonen modellen skal gjelde er dette noko som har vore med i diskusjonane i utvalet og det har vore stilt spørsmål om dette i høyringa. Tilbakemeldingane er at det er ynskjeleg at fakulteta får ein rammetildeling (dette ligg også i mandatet til utvalet) og får størst mogeleg autonomi og økonomisk handlingsrom. Sidan det ikkje er ein del av mandatet til dette utvalet å utarbeide fordelingsmodell lenger ned i organisasjonen har vi latt dette spørsmålet stå litt ope. Men så snart overordna budsjettfordelingsmodell er på plass er det viktig for fakulteta å få på plass korleis tildelinga skal fordelast vidare, uansett om det skal leggjast føringar for dette eller om fakulteta skal stå fritt til å utarbeide modellar.

Det økonomiske handlingsrommet til fakulteta blir avgjort både av kor stor autonomi dei har til å fordele budsjettet internt, om dei har høve til å overføre resultat frå eine året til det andre og så har sjølvstøt storleiken på ramma mykje å seie for handlingsrommet. Det er viktig å balansere fakultetsbudsjetta opp mot størrelsen på strategisk tildeling. Er strategisk pott sentralt stor, kan det blir mindre handlingsrom for fakulteta, men dette er avhengig av korleis modulen er innretta og korleis midlane blir fordelt. I foreslått modell er det ikkje fastsett at strategiske tiltak skal utgjere ein prosentdel, men det blir opp til styret å avgjere dette frå år til år. I strategisk modul vil også midlar til utjamning av modellen ligge, i den grad det blir nødvendig med slik tildeling.

I modellen blir det lagt opp til at fakulteta får behalde mindreforbruk frå det eine året til det andre. Dette legg til rette for at fakulteta kan ha eit fleirårig perspektiv. Samtidig er det alltid styret som gjer vedtak om korleis resultatet skal disponerast, så dette vil i praksis vere opp til styret kvart år.

Det er ikkje noko i modellen som står i vegen for samarbeid på tvers av fakultet. Samtidig er det viktig at innhald i årsverk for undervisnings- og forskarstillingar, prinsipp for tildeling av fou-tid og faktorar for undervising blir samordna på tvers av fakultet.

Det er gjort eigne vurderingar for korleis fakulteta skal budsjetterast og korleis fellesadministrasjonen skal budsjetterast. Eit hovudpoeng i modellen er at all administrasjon blir budsjettert på same måte, slik at det skal vere mogeleg å tenke heilskapleg om administrasjon og dimensjonere denne rett for heile HVL.

2.3. KD sin finansieringsmodell

Fleire av hovudprinsippa legg til grunn ei tett kopling mot KD sin finansieringsmodell. Denne er ny/revidert med verknad frå 2017. Nedanfor er difor eit samandrag av korleis midlar blir fordelt til institusjonane.


2.3.1. Rammefinansiering

Høgskular og universitet er finansiert gjennom rammefinansiering. Denne inkluderer både basismidlar og resultatbasert utteljing. For sektoren samla utgjør basismidlar om lag 70% av rammeløyvinga, og resultatbasert utteljing utgjør om lag 30%. Rammeløyvinga gir institusjonane eit strategisk handlingsrom ved at dei sjølve kan prioritere aktivitetar og område dei vil satse på for å nå sektor- og verksemdsmåla.

Styret ved kvar institusjon må vurdere i kva grad dei vil nytte dei nasjonale resultatbaserte insentiva for utdanning, forskning og samarbeid i dei interne fordelingane av midlar. Styret må også vurdere om institusjonen skal ha andre økonomiske insentiv for å støtte opp om eigne prioriteringar og strategiar.

Figur 1

Nytt finansieringssystem frå 2017



2.3.2. Basismidler

Basismidlane skal sikre stabil og langsiktig finansiering. Storleiken på basismidlane til den enkelte institusjon er sett saman av midlar til fagleg profil, breidde i fagtilbod, husleigemidlar, midlar til drift og vedlikehald av bygningsmasse, midlar til særskilte nasjonale oppgåver, øyremerka midlar til rekrutteringsstillingar og studieplassar med meir.

2.3.3. Resultatbasert uttøling

Denne er eit resultat av kva den enkelte institusjon har oppnådd på resultatindikatorane. I 2017 er det gjort endringar i denne delen av finansieringssystemet. Med endringane ynskjer regjeringa å stimulere til betre gjennomføring i utdanningane, til at utdanningane og forskinga blir meir internasjonalt retta og til å auke bidraget frå institusjonane til innovasjon og verdiskaping i samfunnet.


Dei resultatbaserte midlane blir fordelt på bakgrunn av resultat på følgjande indikatorar:

- tal studiepoeng (open ramme)
- tal utvekslingsstudentar (open ramme)
- tal på ferdigutdanna kandidatar (open ramme)
- tal på doktorgradskandidatar (open ramme)
- inntekter frå EU (lukka ramme)
- inntekter frå Norges forskingsråd og regionale forskingsfond (lukka ramme)
- inntekter frå bidrags- og oppdragsaktivitetar (lukka ramme)
- vitenskapleg publisering – publiseringspoeng (lukka ramme)

Utviklingsavtale (avtale mellom KD og enkeltinstitusjonar) har i 2017 ingen eigen finansiering i KD sitt finansieringssystem. KD hadde høyring på forslag til ulike modellar for dette i vår. Det vil mest sannsynleg bli innført ein finansiering av utviklingsavtalar i 2018 eller 2019. Det er fortsatt usikkert om det blir tilført friske midlar eller om det blir ein omfordeling mellom institusjonane.

Institusjonane har sjølve ansvar for å fordele tildelinga frå KD internt i organisasjonen. Kvar institusjon lyt difor utarbeide egne fordelingsmodellar som fordeler ressursar i tråd med vedtekne prioriteringar og satsingar. Dette kan for HVL framstillast slik:

Figur 2



2.4. Modellar på høyring

Etter styremøtet som handsama dei føreslegne hovudprinsippa utarbeida utvalet to forslag til budsjettfordelingsmodell og sendte desse ut på høyring i organisasjonen. Begge modellane var basert på finansieringssystemet til KD, men var ulike med omsyn til kor resultatavhengige dei var for fakulteta og fellesadministrasjonen.

Høyringssvara må sjåast i samanheng med dei modellane som var ute på høyring. Difor er det nedanfor ein kort oppsummering av desse modellane før gjennomgangen av høyringssvara.

2.4.1. Modell 1 og 2 som vart sendt ut på høyring

Bygd opp av 4 budsjettmodular:

Modul

- 1. Strategi**
- 2. Resultat**
- 3. Basis**
- 4. Felles**

Innhald

Strategiske midlar som styret disponerer
Resultatbasert modul som blir fordelt til fakultet på bakgrunn av oppnådde resultat på indikatorane som inngår i finansieringssystemet
Basismidlar til fakultet fordelt etter studieplassar
Realbudsjettering av felleskostnader og administrasjon

2.4.1.1. Strategi

Kopling til hovudprinsipp, mandat og drøfting i styret

I pkt. 2 i mandatet er det føringar på at modellen skal bidra til å realisere overordna mål og visjon, og at modellen må innehalde ein strategisk komponent. I mandatet pkt. 4 og i hovudprinsipp 6 skal modellen også leggje til rette for langsiktig og strategisk utvikling og langtidsbudsjettering. Styret gav sin tilslutning til dette.

Forslag

Denne modulen vil vere knytt til strategiske tiltak og strategiske/ekstraordinære investeringar og det er foreslått at ein prosentdel av tildelinga frå KD blir sett av. Det er også foreslått at midlar til utjamning i samband med innføring av modellen blir budsjetttert under 'Strategi'.

2.4.1.2. Resultat

Kopling til hovudprinsipp, mandat og drøfting i styret

Eitt av hovudprinsippa for budsjettfordelingsmodellen er å legge til grunn KD sin finansieringsmodell. KD sin finansieringsmodell og resultatelementa er omtala lenger oppe . Resultatelementa er delt i to hovudgrupper:

- resultat som ein får utteljing for ut frå gitte satsar, det vil seie at KD si totale ramme er ope.
- resultat som blir tildelt innanfor ei samla lukka ramme, det vil seie at utteljing innanfor desse indikatorane er avhengig av korleis resultata til HVL er i høve til andre institusjonar sine resultat.

Forslag

Denne modulen vidarefører resultatbaserte inntekter frå KD til fakulteta. I modell 1 blir 100% av resultatbaserte inntekter vidareført til fakulteta, medan i modell 2 blir 60% av desse inntektene vidareført til fakulteta.

2.4.1.3. Basis

Kopling til hovudprinsipp, mandat og drøfting i styret

I mandatet punkt 1 står det at modellen skal vera ein rammefordelingsmodell og skal vera samansett av ein basisdel og ein resultatavhengig del. I punkt 2 står det at modellen skal sikre heilskapleg og balansert budsjettfordeling . I hovudprinsipp 5 heiter det at modellen skal vera eit godt styringsverktøy. I hovudprinsipp 2 heiter det at modellen skal tildele midlar i høve til vedtatt aktivitetsnivå.

Forslag

Den resultatbaserte finansieringa er for liten i omfang til å finansiere heile aktiviteten i eit fakultet. Dette gjeld også om heile den resultatbaserte tildelinga blir fordelt til fakulteta. Budsjettfordelingsmodellen må difor også ha ein basismodul knytt til fakulteta. Denne blir fordelt til fakulteta basert på kor mange KD-finansierte studieplassar fakulteta har.

2.4.1.4. Felles

Kopling til hovudprinsipp, mandat og drøfting i styret

I mandatet pkt. 3 skal modellen sikre ein heilskapleg og balansert budsjettfordeling i høve til styret sine prioriteringar og framtidig organisering. Hovudprinsipp 1 seier at budsjettfordelingsmodellen skal gjelde all verksemd finansiert av KD.

Forslag

Denne budsjettmodulen tildeler midlar til institusjonskostnadar (infrastruktur) og fellestenester. For å legge til rette for ei felles og heilskapleg utvikling av administrative tenester, uavhengig av organisering, er alle administrative tenester finansierast i denne modulen.

Modulen er i hovudsak realbudsjett. Men i modell 2 vil deler av resultatinntektene frå KD til ein viss grad påverke størrelsen på felles-modulen.

2.4.2. Høyringa

Høyringsnotatet vart sendt til:

- Prorektorar, direktørar og dekanar i ny organisasjon
- Avdelingane i nærregionane
- Dei administrative einingane i nærregionane
- Studentting/studentråd i nærregionane
- Fagforeiningane på HVL (på verksemdsnivå)

Det kom inn totalt 16 høyringssvar.

Høyringssvara har blitt gjennomgått av utvalet, og i forslag til ny modell er det forsøkt, så godt det let seg gjere, å ta omsyn til dei innspela som kom inn. Det kom mange og grundige svar på høyringa, og utvalet vil rette ei stor takk til alle som har bidrege til dette.

Tilbakemeldingane utvalet har fått gjennom høyringa har vore ein viktig del av det grunnlaget for budsjettfordelingsmodellen slik den no ligg føre. I høyringsbrevet vart det stilt ei rekke spørsmål og i oppsummeringa nedanfor er det forsøkt å gruppere tilbakemeldingane og gi eit oversiktleg bilete av dei tilbakemeldingane som utvalet fekk. Oppsummeringa forsøker å vise totalbiletet av dei svara som var gitt. Det er også eigne avsnitt som seier noko om korleis innspela er blitt handsama av utvalet i arbeidet som er gjort etter høyringa.

2.4.2.1. Strategi - høyringssvar

Alle høyringssvara meiner at modellen bør ha ein strategisk modul. Men det er ulike meiningar om kor stor denne bør vere og korleis fordeling skal vere mellom institusjon og fakultet.

Kvart fakultet vil ha sine spesifikke strategiske prioriteringar og det er difor behov for strategiske midlar på fakultetsnivå. Den strategiske modulen på institusjonsnivå vil kunne differensiere kva fagområde som treng særskilte midlar til omstilling og innovasjon og gi rom for ekstra satsingar innan kompetanseheving eller utstyr. Modulen vil også kunne oppmuntre til tverrfaglege satsingar og samarbeid mellom fakultet.

Ved å redusere strategisk modul på institusjonsnivå vil fakulteta i større grad kunne setje av midlar til strategiske tiltak gjennom ein auka rammetildeling. Fakulteta blir store og ulike og det vil vere viktig å gi dei strategisk mynde.

Universitetsambisjonen krev eit markant løft når det gjeld kompetanseheving, og enkelte fakultet/institutt har gjerne større behov for dette enn andre. Dette må takast omsyn til i budsjettfordelingsmodellen. Dei same skjønsmessige vurderingane lyt gjerast når det gjeld investeringar i utstyr og infrastruktur. Også her kan fakulteta vere ulike.

Det er viktig at den strategiske modulen blir vurdert opp mot dei kostnadsforpliktingane ein har slik at strategisk modul ikkje blir så stor at fakulteta blir avhengig av midlar frå denne for å gå i balanse.

Det kan vere fornuftig å setje ein retningsgjevande størrelse på modulen som ein prosentdel av tildelinga frå KD, men samstundes vil storleiken på modulen vere avhengig av svingingar i organisasjonen sine behov. Det bør difor vere ein viss fleksibilitet. Det er også viktig med ein konkret plan for kva den strategiske modulen skal nyttast til.

Utjamning

Viss den nye modellen får store utslag samanlikna med dei budsjetta som fakulteta har fått tildelt tidlegare, kan det vere nødvendig å setje av midlar til å avgrense denne effekten. Strategisk modul vil vere knytt til skjønsmessig tildeling og ei form for utjamning kan ligge i dette. Utjamning kan også handterast av meir-/mindreforbruk av årleg tildeling og disponering av BOA-overskot. Det er viktig at modellen ikkje blir justert så mykje gjennom utjamning at ein tek bort effekten av resultatmodulen. Dette vil gjere modellen lite føreseieleg og ein tek vekk dei insentiva som ligg i resultatmodulen. Utjamning bør vere strategisk grunngeven og helst etter faste kriterier.

Det kan vere eit alternativ å nytte ein prosentdel av overskot på oppdragsverksemd og mindreforbruk av budsjett til eit fond for å styrke felles strategisk modul. Dette ville redusert behovet for å gjere ei årleg vurdering og ville vore føreseieleg.

Investeringar

Fakulteta er ulike når det gjeld kva behov dei har for investeringar i større utstyr og infrastruktur. Det er difor semje om at slike investeringar skal realbudsjetterast, slik at ein kan ta høgde for slike skilnader i budsjetteringa.

2.4.2.2. Strategi - korleis innspela er tekne omsyn til i forslag til ny budsjettfordelingsmodell

Høyringsinstansane ynskjer ein eigen strategisk modul, slik det var foreslått i høyringsnotatet. Denne modulen er også vidareført i den endelege innstillinga frå utvalet.

Sidan det er usikkerheit knytt til kva som skal ligge i strategisk modul, noko også høyringssvara peikar på, er det vanskeleg å setje eit nivå på denne. I dei simuleringane som er gjort er det teke utgangspunkt i det nivået som strategiske midlar ligg på i 2017-budsjettet til HVL. Dette utgjer 2,5% av tildelinga frå KD (kr 44 mill.) Utvalet vil ikkje innstille på å fastsetje denne budsjettmodulen til ein viss prosentdel av budsjettet, men vil la styret ha fleksibilitet her. Det som også har mykje å seie for storleiken på strategiske midlar er korleis fordelinga skal vere mellom institusjon og fakultet. Ein stor del av strategiske midlar må nyttast på fakultetsnivå. Desse kan enten budsjetterast i strategisk modul eller dei kan dei kan ligge i rammetildelinga til fakulteta. Ligg desse midlane i strategisk modul vil denne modulen bli større og rammetildelinga blir mindre, og visa versa.

Om styret ynskjer midlar til å utjamne store endringar i budsjett som følgje av modellen, så må det setjast av midlar til dette innanfor den strategiske modulen.

2.4.2.3. Resultat - høyringssvar

Alle høyringssvara meiner det er fornuftig at tildelingane til fakulteta er basert på dei resultatindikatorane som KD nyttar, men det er litt ulike meiningar om kor stor del av resultatinntektene som skal overførast til fakulteta.

Ved å overføre 100% av resultatbasert finansiering til fakulteta vil ein gjere fakulteta ansvarlege for dei resultata dei oppnår og i ein slik modell vil fakulteta vite to år i førevegen storleiken på den resultatbaserte finansieringa. Ein slik modell er transparent og enkel å forstå.

Andre meiner at det vil vere fornuftig å nytte resultatbasert utteljing på område der fakulteta i stor grad kan påverke resultat. Dette betyr i praksis FoU-aktivitet, slik som publisering, eksterne prosjekt, kompetanseheving og god rekruttering av fagtilsette. Dette vil også kunne underbygge ambisjonen om å bli universitet. Det som i større grad er avhengig av eksterne faktorar og store samfunnstrendar (t.d. konjunkturar), slik som tal studentar, bør i mindre grad vere resultatbasert.

Det er ikkje gitt at det er fullstendig samsvar mellom storleik på studiepoengproduksjon og omfang/nivå på forskning. Fagmiljø med ein relativt stor del forskning vil kome dårleg ut av ein fordelingsmodell der studiepoeng- og kandidatproduksjon er dei viktigaste resultatindikatorane.

Finansieringssystemet til KD er utforma for å fordele midlar mellom universitet og høgskular. Det er ikkje sikkert at dette systemet passar like godt til å fordele ressursar internt hjå HVL. Vidarefører ein dette systemet nyttar ikkje høgskulestyret seg av høvet til å styre og gjere prioriteringar.

2.4.2.4. Resultat - korleis innspela er tekne omsyn til i forslag til ny budsjettfordelingsmodell

Det blir foreslått å tildele fakulteta ein stor del av dei resultatinntektene, noko som er i tråd med tilbakemeldingane frå høyringa.

I innstillinga frå utvalet får fakulteta 80% av inntekter frå:

- Studiepoengproduksjon
- Kandidatproduksjon

medan dei får 100% av utteljing på indikatorane:

- Utvekslingsstudentar
- Doktorgrandskandidatar
- Inntekter frå EU
- Inntekter frå NFR og RFF
- Inntekter frå BOA
- Vitskapleg publisering

På denne måten får fakulteta full utteljing på dei indikatorane der dei har størst innverknad på resultatet. Samtidig er det viktig at fakulteta får ein stor del av resultatproduksjonen for studiepoeng og kandidatar, slik at det vil vere mogeleg for fakulteta å tilby studieplassar utan å ha basisfinansiering til desse. Difor er forslaget frå utvalet at fakulteta får 80% av studiepoengproduksjon og kandidatproduksjon.

2.4.2.5. Basis - høyringssvar

I modellane som var ute på høyring vart basisdelen til fakulteta fordelt på grunnlag av finansierte studieplassar frå KD. Det er semje om at dette er eit godt eigna kriterium å fordele basis etter. Samtidig er det viktig at ein har eit blick på korleis studieportefølja er no i dag når ressursar skal fordelast, slik at det er samsvar mellom den aktiviteten som fakultetet skal gjennomføra og den finansieringa det får tildelt. Frie studieplassar som institusjonen har fått bør vere opp til styret å fordele, slik at oppbygging av nye studietilbod eller strategiske studieplassar kan sikrast finansiering gjennom tildeling frå styret.

Nokre av høyringssvara ynskjer at deler av basis skal fordelast ved å gi fakulteta ein fast grunntildeling som skal dekkja kostnader som alle fakultet har. I denne grunntildelinga kan ein også kompensere fakultet som har høgare (og dyrare) kompetanse enn andre fakultet.

Fleire peikar på at finansieringskategoriane til KD ikkje alltid dekkar alle kostnader ved kvart enkelt studium. Dette kan vere ei utfordring, men det kan også tvinge fram meir effektive løysingar for undervisings- og læringsaktivitet.

Eitt av høyringssvara meiner dei føreslegne modellane har ein svakheit ved at 50% av tildelinga frå KD blir halde utanfor 'Resultat' og 'Basis'. Det blir peika på at dette er problematisk for dei fakulteta som har studieplassar i høgare kategoriar. Ved å halde tilbake store deler av dei inntektene som er basert på finansieringskategoriar før midlar blir fordelt til fakulteta, vil ikkje modellen i stor nok utstrekning ta omsyn til kva utstyr og infrastruktur dei ulike fakulteta har behov for.

2.4.2.6. Basis - korleis innspela er tekne omsyn til i forslag til ny budsjettfordelingsmodell

Basisfinansiering til fakulteta er foreslått tildelt på grunnlag av finansierte studieplassar frå KD. Samtidig ser utvalet at det er nødvendig med ein tett kopling mellom den studieportefølja som fakulteta skal gjennomføre og den tildelinga dei får gjennom budsjettfordelingsmodellen. Difor er det viktig at dei KD-finansierte studieplassane blir fordelt mellom fakulteta på ein slik måte at det sikrar fakulteta god nok finansiering til å finansiere studietilbodet. Per i dag er det ikkje noko 100% samanheng mellom tildelte studieplassar frå KD og studieportefølja. I foreslått modell blir fagspesifikke studieplassar frå KD fordelt til aktuelt fakultet, medan frie studieplassar er fordelt mellom fakulteta for å tilpasse best mogeleg til faktisk studieportefølje.

Budsjettfordelingsmodellen kan ikkje fordele alle inntekter som er basert på finansieringskategoriar til fakulteta då dette er midlar som også skal dekke infrastruktur, husleige og administrasjon. Dette utgjer ein mykje større del av budsjettet enn det som kan tildelast fakulteta. Men i både 'Resultat' og 'Basis' tek modellen omsyn til finansieringskategoriane når ressursar blir fordelt til fakulteta. Avdelingsadministrasjon blir realbudsjett og større investeringar i infrastruktur og utstyr blir gitt som strategisk tildeling basert på dei behova som fakulteta har. Utvalet meiner at totalsummen av dette tek godt omsyn til dei ulike behova som dei ulike fakulteta har.

I ny fordelingsmodell går utvalet bort frå forslaget om å gi kvart fakultet ein fast grunntildeling. Om denne i hovudsak skulle bestått av kostnader til leiarstruktur, så ville grunntildelinga blitt så liten at den ikkje hadde hatt nokon funksjon. Alle fakulteta får så store budsjetttrammer at dei vil ha høve til å finansiere leiarstrukturen utan at dette blir gitt som ein særskilt løyving.

Når det gjeld fordeling av professorar og førstestillingar på fakulteta er ikkje skilnaden så stor mellom fakulteta at det er aktuelt å kompensere for dette i ein eventuell grunntildeling. Som eit døme er det ein tabell under som viser fordelinga av professorstillingar i HVL i høve til storleiken på fakulteta. Då ser ein at det er rimeleg godt samsvar mellom prosentdel professorar og storleiken på fakulteta.

Tabell 1

Fakultet	Professorar	Prosentdel professorar	Storleik på fakultet i budsjettildeling
Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett	40,4	37 %	38 %
Fakultet for helse og sosialfag	29,9	27 %	29 %
Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap	24,9	23 %	23 %
Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap	15	14 %	10 %
Sum	110,2	100 %	100 %

Utvalet forstår at det er knytt større lønskostnader til desse stillingane, men vurderer det likevel ikkje slik at fakulteta skal få kompensert desse kostnadane gjennom modellen. I ein slik modell ville fakulteta fått auka tildeling som følgje av høg kompetanse på kostnad av fakultet med lågare kompetanse. Det kan stillast spørsmål om det er rett fordeling av ressursar viss HVL har som mål å auke kompetansen der det er behov for det. I tillegg er det slik at tilsette med høg kompetanse vil ha

større potensial til å få tak i eksterne inntekter og det er også dei som publiserer mest. Høgkompetente fagtilsette kan også slå positivt ut på rekruttering og studiepoengproduksjon. Det er difor uråd å rekne ut kva som eventuelt er ekstrakostnaden for fakulteta ved å tilsetje ein professor i staden for ein høgskulelektor. Difor er det ikkje lagt opp til at ressursar blir fordelt på grunnlag av kompetansenivået til fakulteta.

2.4.2.7. Felles – høyringssvar

Felles utgjer ein stor del av KD-tildelinga og kunne med fordel vore delt meir opp, slik at det går betre fram av budsjettfordelingsmodellen kor store tildelingar som blir gitt til ulike einingar.

Fagleg og administrativ støtte

Når det gjeld fagleg og administrativ støtte har høyringssvara eit delt syn på korleis desse skal budsjetterast. Somme høyringsinstansar ynskjer at desse tenestene skal ha eit innslag av resultatbasert finansiering, medan andre ynskjer realbudsjettering slik at ein kan setje eigne mål og føringar for korleis desse tenestene skal utvikla seg.

Argument som blir nytta for å knyte administrative funksjonar opp mot resultatbasert finansiering:

- HVL er eitt lag og det er viktig at alle tek del i dei resultata som ein oppnår
- Alle bør kjenne på ansvar for resultat og kvalitet
- Auka aktivitet innan forskning og undervising krev meir administrative ressursar
- Det bør vurderast å etablere eit forholdstal mellom fag og administrasjon. Ved å knyte administrasjon opp mot resultat vil denne automatisk følgje endringar slik som fagtilsette vil gjere.

Argument mot å knyte administrative funksjonar opp mot resultatbasert finansiering:

- Administrative tenester bør ha eigne mål og det må gjerast ein samla vurdering av behov.
- Dette vil kunne legge rette for effektivisering, sidan administrasjonen ikkje automatisk får meir ressursar når HVL oppnår gode resultat.
- Det er ikkje automatikk i at behovet for adm. tenester heng godt saman med resultatutvikling
- Det må tenkjast forenkling, digitalisering og avbyråkratisering.

Sjølv om ein ikkje knyter administrasjonen opp mot den resultatbaserte finansieringa til KD vil det vere mogeleg å innføre enkle fordelingsnøklar (eller internfakturerings) og måleparameter for å stimulere til effektivisering og best mogeleg utnytting av bygningsmassen og andre institusjonskostnader.

Stipendiatbudsjett

Stipendiatbudsjettet kan gjerne vere på institusjonsnivå, men det må synleggjerast korleis tildelinga av stipendiatar er mellom fakulteta. Stipendiatstillingar er viktige i høve universitetsambisjonen, men også for dei områda som er synleggjort i rapport om fagleg profil og som har høve til å hevde seg nasjonalt og internasjonalt. I tillegg er stipendiatstillingar viktige i fagmiljø med låg FoU-aktivitet og få fyrstestillingar. Ferdige stipendiatar vil då kanskje søke ledige stillingar i det miljøet dei har studert i 3 til 4 år.

Tildelinga frå KD blir gitt som ein øyremerka tildeling til eit gitt tal rekrutteringsstillingar. Det er viktig at HVL fyller desse stillingane, og midlane kan ikkje fritt nyttast til anna kompetanseheving om dei ikkje blir fylt. Difor er det viktig at ein har god kontroll på utnyttinga av desse stillinga, uansett om budsjettet blir lagt på fakultet eller på fellesnivå.

Phd-utdanningar

Inntil doktorgradsprogramma er modne og årleg uteksaminerer nok kandidatar bør desse finansierast over den strategiske modulen. Når programma er etablerte bør midlar for doktorgradsproduksjon gå til fakulteta og ikkje fordelast gjennom eigen budsjettmodul.

Institusjonskostnadar

I høyringsnotatet er det foreslått å realbudsjettere slike kostnadar som IT, husleige, drift, vedlikehald på bygg og teknisk utstyr. I høyringa kom det enkelte innspel på at det bør vurderast å innføre internfakturering på fleire av desse kostnadane, noko som kan bidra til effektiv ressursbruk.

2.4.2.8. Felles - korleis innspela er tekne omsyn til i forslag til ny budsjettfordelingsmodell

Utvalet ser at 'Felles'-modulen blir ein veldig stor del av totalbudsjettet viss den ikkje blir delt meir opp, så i forslag til ny modell blir denne delt opp i to modular: 'Fagleg og administrativ støtte' og 'Institusjonskostnadar'. Dette vil i større grad synleggjere kor mykje ressursar som blir fordelt til administrativt tilsette og kor mykje som blir fordelt til husleige, drift, vedlikehald, IT med meir.

I budsjettfordelingsmodellen slik den no er foreslått blir 80% av resultatinntekter frå studiepoengproduksjon og kandidatproduksjon fordelt til fakulteta. Dei siste 20% er foreslått fordelt til fagleg og administrativ støtte. Dette betyr at administrasjonen ikkje er kopla fri frå den utviklinga i resultattdeling som resten av institusjonen må forhalde seg til. Dette kan vere samlande for institusjonen.

For resten av 'Felles' er det lagt opp til realbudsjettering. Dette betyr ikkje at det her kan budsjetterast så mykje som ein ynskjer utan grenser, men det identifiserte behovet skal ligge til grunn for budsjetteringa. Her kan ein legge opp til eigne resultatmål for desse tenestene/kostnadane, slik at det er mogeleg å oppnå den effektiviseringa og avbyråkratiseringa som ein ynskjer.

Det kan vurderast å innføre internfakturering for både husleige og andre kostnadar knytt til infrastruktur, slik at heile organisasjonen tenkjer likt om slike kostnadar. Dette vil kunne bidra til å sikre god og effektiv utnytting av ressursar. Utvalet har ikkje konkludert på om dette er noko som skal innførast, men dette kan løysast innanfor rammene til den modellen som er foreslått. Viss fleire av dei kostnadane som no ligg i 'Felles' skal internfakterast, så betyr det at 'Felles' blir ein mindre modul med færre kostnadar og fakulteta vil få ein større del av KD-tildelinga og ein tilsvarande større del av kostnadane.

Stipendiatbudsjett blir foreslått budsjettert under 'Institusjonskostnadar' og fordelt vidare til fakulteta derifrå. Nokre tiltak som blir organisert under fakultet vil i 2018 budsjetterast utanfor fakultetsramma. Dette vil også gjelde særskilte studietilbod som ikkje får finansiering gjennom 'Resultat' og 'Basis', slik som dykkarutdanninga og Nasjonalt senter for mat og helse. Phd-utdanningane vil gradvis begynne å generere inntekter. Inntil vidare lyt desse finansierast gjennom strategisk modul fram til dei sjølve genererer inntekter gjennom resultatbasert finansiering.

2.4.2.9. Vidareføre prinsipp for fordeling vidare i organisasjonen - høyringssvar

Dei fleste høyringssvara ynskjer stor autonomi for fakulteta, og då er det naturleg at fakulteta sjølve avgjer korleis tildelinga skal fordelast vidare. Dess meir resultatorientert modellen er, dess viktigare er det for fakulteta å kunne jamne ut endringar i resultat mellom utdanningar. Samtidig er det viktig at institutta får betalt for innsats. Ein mellomløyseing kan vere å vidareføre inntektene for fou-resultat til dei fagmiljøa som har oppnådd resultat, medan det ikkje er slik automatikk for inntekter som

gjeld studiepoengproduksjon og kandidatproduksjon. Då kan fakultetet fordele ressursar mellom utdanningar slik at endringane frå eine året til det andre ikkje blir for stor.

2.4.2.10. Vidareføre prinsipp for fordeling vidare i organisasjonen - korleis innspela er tekne omsyn til i forslag til ny budsjettfordelingsmodell

Det er i utgangspunktet ikkje ein del av mandatet til dette utvalet å foreslå modellar for korleis fakulteta skal fordele sine budsjett. Samtidig er det viktig at fakulteta har gode prosessar på dette, og dette arbeidet bør kome i gang kort tid etter at den overordna budsjettfordelingsmodellen er vedteken. Og då vil innspela som høyringsinstansane har gitt i denne runden vere eit godt utgangspunkt for det arbeidet.

2.4.2.11. Samanheng mellom BOA-resultat og budsjettfordeling av KD-inntekter - høyringssvar

Høyringssvara meiner det er viktig at fakulteta får behalde ein stor del av dei overskota dei måtte få på BOA-aktivitet. Inntekter frå denne aktiviteten kan vere med å jamne ut svingingar i KD-tildeling som følgje av endringar i uttelling på dei resultatindikatorane som ligg der.

Samtidig er det slik at fakulteta har ulike føresetnadar til å auke inntening via eksterne oppdrag, då betalingsvilje og –evne vil vere ulik frå sektor til sektor. Det vil difor kunne føre til store skilnadar mellom fakultet når det gjeld økonomisk handlingsrom. Ei prosentvis fordeling mellom fakultet og styre bør difor utgreiast nærare.

2.4.2.12. Samanheng mellom BOA-resultat og budsjettfordeling av KD-inntekter - korleis innspela er tekne omsyn til i forslag til ny budsjettfordelingsmodell

Utvalet meiner det er eit godt prinsipp at fakulteta får behalde det resultatet som dei oppnår på slik aktivitet. Det kan vere ressurskrevjande å få tak i BOA-midlar og viss fakulteta veit at dei får behalde eit eventuelt overskot vil det vere i deira interesse å drive denne aktiviteten på ein god måte. Overskot på slik aktivitet er det som er att av midlar etter at alle både direkte og indirekte kostnader er dekkja.

2.4.2.13. Meir- og mindreforbruk av budsjett - høyringssvar

På samle måte som med resultat på BOA, så ynskjer høyringsinstansane at fakulteta skal stå ansvarlege for meir- og mindreforbruk av budsjettet. Det kan vere ulike årsaker til at ein har mindre- eller meirforbruk eitt år. Det kan til dømes handle om at planlagde prosjekt knytt til utdanningar eller forskning ikkje er sett i gang. Det kan difor få negative konsekvensar om ein har eit år for år-perspektiv. Om nokre budsjetteiningar får store meir- eller mindreforbruk over tid, og som det ikkje finst konkrete planar for, må styret saman med fakultetet finne tiltak for å handtere det.

Det er også slik at modellen må evaluerast viss det er slik at eitt fakultet alltid har mindreforbruk medan dei andre har meirforbruk. Då må ein vurdere om ressursane blir fordelt på rett måte. Det må vere samanheng mellom kostnadsnivået og dei aktivitetane fakultetet skal levere.

Mange institutt har liten erfaring med god budsjettering og styring fordi dei har fått tildelingar gjennom komplekse ressursmodellar som har øyremerka midlar til ulike føremål. Det er difor viktig med god kompetanse på økonomistyring i dei ulike einingane for å unngå meirforbruk av budsjetttramme.

2.4.2.14. Meir- og mindreforbruk av budsjett - korleis innspela er tekne omsyn til i forslag til ny budsjettfordelingsmodell

Utvalet går inn for eit prinsipp der fakulteta i utgangspunktet får behalde mindreforbruk og må ta ansvar for overforbruk. Dette gir fakulteta høve til å vere langsiktige og det gjer fakulteta ansvarlege.

Styret vil alltid kunne gjere eigne vurderingar kring dette i samband med fastsetjing av årsrekneskap og disponering av resultat. Men for at det skal vere føreseieleg for fakulteta er det nyttig å ha eit hovudprinsipp for korleis dette blir handtert. Viss det viser seg at nokre fakultet akkumulerer stort mindre- eller meirforbruk utan at det er ein plan på det, så må styret, saman med fakultetet, vurdere om det skal setjast i verk tiltak eller om avsetjingar skal disponerast på anna vis for å nytte ressursane på beste måte for HVL samla sett.

3. Forslag til ny budsjettfordelingsmodell for HVL

Forslag til ny budsjettfordelingsmodell er delt inn i følgjande budsjettmodular

<u>Budsjettmodul</u>	<u>Kriterier for fordeling</u>
Strategi	Fagleg og strategisk prioritering gjort av styret
Resultat	Studiepoengproduksjon i dei ulike finansieringskategoriane Kandidatproduksjon i dei ulike finansieringskategoriane Uttekslingsstudentar Doktorgradskandidatar Inntekter frå EU Inntekter frå NFR og RFF Inntekter frå BOA Vitskapleg publisering
Basis	Tildelte studieplassar frå KD i dei ulike finansieringskategoriane
Fagleg og administrativ støtte	I hovudsak realbudsjettering, men med ein mindre resultatkomponent.
Institusjonskostnadar	Realbudsjettering

3.1. Strategi

I strategisk modul ligg midlar som styret kan gjere prioriteringar med. Midlane skal nyttast til tiltak som er definert i strategiplanen til HVL og i utviklingsavtale mellom HVL og KD. Aktuelle tiltak vil vere satsingar innan fou, kompetanseheving, omstilling og investeringar. Desse tiltaka er ikkje definert p.t. og det er difor vanskeleg å definere storleiken på modulen. Fleire av tildelingane vil vere delfinansiering av strategiske tiltak hjå fakulteta. Det som ligg inne av strategiske tiltak i utrekningane lenger nede er dei tiltaka som ligg inne i budsjetta for 2017.

3.2. Resultat

Modulen fordeler midlar til fakulteta basert på resultatindikatorane som blir nytta i finansieringssystemet til KD.

Fakulteta får tildelt 80% av oppnådde resultatinntekter på følgjande resultatindikatorar:

- Studiepoengproduksjon
- Kandidatproduksjon

Det at fakulteta får 80% av desse satsane, og ikkje 100%, treng ikkje bety at dei får ein mindre tildeling samla sett, men ein større del vil kome frå basis. Toppene og botnane i resultatbasert finansiering blir på denne måten jamna ut.

Fakulteta får 100% av oppnådde resultatinntekter på følgjande resultatindikatorar:

- Uttekslingsstudentar
- Doktorgradskandidatar
- Inntekter frå EU
- Inntekter frå NFR og RFF

- Inntekter frå BOA
- Vitskapleg publisering

Døme som viser korleis resultatmodulen blir rekna ut:

Tabell 2

Resultatsatsar i KD sitt finansieringssystem			
Kategori	Studiepoeng	Bachelor	Master
A	126 000	95 000	190 000
B	96 000	72 000	144 000
C	64 000	48 000	96 000
D	47 000	36 000	72 000
E	38 000	29 000	58 000
F	32 000	24 000	48 000
Utan kategori			
Indikator	Sats		
Utteksling	10 000		
Utteksling Erasmus	15 000		
Doktorgradskandidatar	367 000		
Publiseringspoeng	25 550		
Inntekter frå EU	1,374		
Inntekter frå NFR og RFF	0,120		
Inntekter frå BOA	0,102		

I vår interne modell blir satsane for studiepoengproduksjon og kandidatproduksjon justert ned til 80% medan dei andre satsane er uforandra. Satsane i den interne modellen ser då slik ut:

Tabell 3

Resultatsatsar i budsjettfordelingsmodellen			
Kategori	Studiepoeng	Bachelor	Master
A	100 800	76 000	152 000
B	76 800	57 600	115 200
C	51 200	38 400	76 800
D	37 600	28 800	57 600
E	30 400	23 200	46 400
F	25 600	19 200	38 400
Utan kategori			
Indikator	Sats		
Utteksling	10 000		
Utteksling Erasmus	15 000		
Doktorgradskandidatar	367 000		
Publiseringspoeng	25 550		
Inntekter frå EU	1,374		
Inntekter frå NFR og RFF	0,120		
Inntekter frå BOA	0,102		

For å vise korleis resultattildelinga blir berekna er det nedanfor vist berekninga for FLKI. Dei oppnådde følgjande resultat på resultatindikatorane i 2015 (merk: når budsjettet for 2018 skal fordelast, så er det resultata for 2016 som blir grunnlaget:

Tabell 4

FLKI	Grunnlagsdata									
Kategori	St.poeng	Bachelor	Master	Pub.poeng	EU-inntekter	NFR- og RFF	BOA-inntekter	Disputasar	Utvexling	Utvexling ERASMUS
C	30	12	0							
D	2 039	532	67							
E	1 518	477	0							
F	45	18	0							
Utan kategori				145	395 137	13 825 067	40 289 483	0,6	70	43
Sum	3 632	1 039	67	145	395 137	13 825 067	40 289 483	0,6	70	43

Desse resultatata blir multiplisert med HVL sine satsar og gir følgjande utteljing i budsjettfordelingsmodellen:

Tabell 5

FLKI	Utteljing resultat										
Kategori	Studiepoeng	Bachelor	Master	Pub.poeng	EU-inntekter	NFR- og RFF	BOA-inntekter	Disputasar	Utvexling	Utvexling ERASMUS	Sum
C	1 536 000	460 800	0								
D	76 649 480	15 321 600	3 859 200								
E	46 139 904	11 066 400	0								
F	1 157 376	345 600	0								
Utan kategori				3 694 530	542 918	1 659 008	4 109 527	220 200	700 000	645 000	
Sum	125 482 760	27 194 400	3 859 200	3 694 530	542 918	1 659 008	4 109 527	220 200	700 000	645 000	168 107 544
Totalt	168 107 544										

3.3. Basis

Basis til fakulteta blir fordelt på grunnlag av tildelte studieplassar frå KD. Deler av studieplassane er øyremerka ulike utdanningar medan deler av studieplassane er frie, slik at styret kan fordele dei mellom fakulteta. Studieplassane skal fordelast slik at det er godt samsvar mellom basisfinansiering og den studieportefølja som blir vedteken av styret.

Døme som viser korleis basis blir rekna ut:

Den delen av KD-løyvinga som ikkje blir nytta til 'Strategi', 'Resultat' 'Fagleg og administrativ støtte' og 'Institusjonskostnadar' er budsjettert blir fordelt mellom fakulteta som 'Basis'. Det er denne modulen som syter for at det er samsvar mellom tildeling frå KD og det som blir fordelt i den interne budsjettfordelingsmodellen. Nedanfor er ein tabell som viser basis-satsane til KD:

Tabell 6

Satsar for basis i finansieringssystemet	
Kategori	Basis
A	230 000
B	173 000
C	118 000
D	83 000
E	71 000
F	59 000

For at budsjettet skal balansere må desse satsane justerast ned. Kva faktor dei må justerast ned med vil variere noko frå år til år alt etter kor stor del av KD-tildelinga dei andre budsjettmodulane utgjer. Slik simuleringane er p.t. er desse satsane multiplisert med 43,0%. Satsane i modellen blir då slik:

Tabell 7

Satsar i budsjettfordelingsmodellen	
Kategori	Basis
A	98 789
B	74 307
C	50 683
D	35 650
E	30 496
F	25 342

Desse justerte satsane blir så multiplisert med dei studieplassane som kvart fakultet har.

I simuleringane ser dette slik ut for FLKI:

Tabell 8

Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett	Studieplassar	Utteljing basis
Kategori	Sum	Sum
C	30	1 520 494
D	2 509	89 445 868
E	1 484	45 255 752
F	10	253 416
Sum	4 033	136 475 530

Studieplassane i tabellen må kvalitetssikrast før dei blir nytta til å fordele 2018-tildelinga.

Resultat + Basis = 168 107 544 + 136 475 530 = **304 583 074**

3.4. Fagleg og administrativ støtte

Modulen blir i hovudsak realbudsjetttert og inneheld midlar til alle administrativt tilsette, både på institusjonsnivå og fakultetsnivå.

Ved budsjettering av modulen må det takast omsyn til at 20% av resultatinntektene frå studiepoengproduksjon og kandidatproduksjon vil påverke nivået på tildelinga.

Det som ligg inne i modellen no er det kostnadsnivået som er budsjetttert for 2017.

3.5. Institusjonskostnadar

Institusjonskostnadar som rektorat, høgskulestyre, råd/utval, infrastrukturkostnadar og IT blir realbudsjetttert. Her kan det vurderast å innføra internfakturering av husleige og andre kostnadar som kan eigne seg til dette. Modulen inneheld også stipendiatbudsjett og midlar til senter.

Det som ligg inne i modellen no er det kostnadsnivået som er budsjetttert for 2017.

3.6. Budsjettfordeling slik modellen no er utforma

Tabell 9

Budsjettmodul	Beløp
1. Strategi	44 376 000
2. Resultat	450 676 031
3. Basis	366 244 552
4. Fagleg og administrative støtte	335 230 000
Institusjonskostnadar	598 908 417
	1 795 435 000

Tabell 10

Samanlikning ny og opphøvelege modellar	Ny modell	Opphøvelege modellar	Differanse
Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett	304 583 074	306 982 879	-2 399 805
Fakultet for helse og sosialfag	244 922 206	240 169 311	4 752 895
Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap	188 222 740	190 378 508	-2 155 768
Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap	79 192 564	79 389 885	-197 321
Strategi	44 376 000	44 376 000	0
Fagleg og administrativ støtte	335 230 000	335 230 000	0
Institusjonskostnader	598 908 417	598 908 417	0
	1 795 435 000	1 795 435 000	-0

Vegen vidare

Budsjettfordelingsmodellen som er foreslått i denne rapporten er tenkt å nyttast på eit overordna nivå. Fakulteta får store rammetildelingar og stort mynde til å fordele vidare til institutt- og utdanningsnivå. Det er likevel viktig å prøve å samkøyre prinsipp for fordeling i fakulteta.

Det vil også vera viktig å kople plan og rapporteringssystem som krav til aktivitet og resultat innanfor ramma.

Det vil også vera svært viktig å etablere felles system og prinsipp for arbeidsplanar for fagtilsette. Det er viktig at dette blir tilpassa tilgjengelege økonomisk ressursar. Det er gjennom arbeidsplanane at mykje av økonomistyringa skjer.



Høgskulen på Vestlandet

Arkivsak-dok. 17/09721-1
Saksbehandler Anja Olsen Moberg

Arkivkode.

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
27.09.2017

69/17

GODKJENNING AV SYSTEM FOR KVALITETSSIKRING OG RETNINGSLINJER FOR PH.D.-UTDANNING VED HVL

Forslag til vedtak:

1. Kvalitetssikringssystem for ph.d.-utdanning ved Høgskulen på Vestlandet godkjennes
2. Retningslinjer for behandling av søknad om opptak til ph.d.-studier ved Høgskulen på Vestlandet godkjennes
3. Retningslinjer for opptaksperiode på et ph.d.-studium ved Høgskulen på Vestlandet godkjennes
4. Retningslinjer for stipendiaters pliktarbeid ved Høgskulen på Vestlandet godkjennes
5. Rektor gis fullmakt til å justere ordlyd i kvalitetssikringssystem og ph.d.-regelverk i tråd med administrativ organisering og fastsettelse av nytt kvalitetssystem ved HVL

Sammendrag

For å imøtekomme NOKUTs krav til ph.d.-studier må institusjonen kunne vise til at den har på plass ph.d.-forskrift, ph.d.-reglement og retningslinjer for det aktuelle ph.d.-studium, samt et system for kvalitetssikring av ph.d.-utdanning. Interimsstyret vedtok i desember 2016 ph.d.-forskrift for HVL og sammensetning og mandat for sentralt ph.d.-utvalg og programutvalg for de enkelte ph.d.-utdanninger. Denne saken omhandler godkjenning av nytt system for kvalitetssikring av ph.d.-utdanning ved Høgskulen på Vestlandet og nye retningslinjer for ph.d.-utdanning ved HVL.

Vedlegg:

- Vedlegg 1: Kvalitetssikringssystem for ph.d.-utdanning ved Høgskulen på Vestlandet
Vedlegg 2: Retningslinjer for behandling av søknad om opptak til ph.d.-studier ved Høgskulen på Vestlandet
Vedlegg 3: Retningslinjer for opptaksperiode på et ph.d.-studium ved Høgskulen på Vestlandet
Vedlegg 4: Retningslinjer for stipendiaters pliktarbeid ved Høgskulen på Vestlandet

Saksframstilling:

Bakgrunn for saken:

I forbindelse med arbeidet med sikker drift ble det etablert en arbeidsgruppe for ph.d.-regelverk og stipendiatadministrasjon under Forskning, utvikling og innovasjon. Høsten 2016 utarbeidet gruppen forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Høgskulen på Vestlandet, samt mandat og sammensetning av sentralt ph.d.-utvalg og programutvalg for ph.d.-utdanningene ved Høgskulen på Vestlandet. Disse dokumentene ble sendt på høring i organisasjonen i oktober 2016, og videre vedtatt av interimsstyret i desember 2016.

Arbeidsgruppen for ph.d.-regelverk og stipendiatadministrasjon har blitt videreført i OU-programmet. I tråd med mail fra OU-programmet av 15. mai 2017 har gruppen fått tilmeldt nye medlemmer fra fakultet som enten har inngått i arbeidsgruppen eller blitt brukt som ressurspersoner.

I denne saken legges nytt kvalitetssikringssystem for ph.d.-utdanning ved HVL og retningslinjer for ph.d.-utdanning frem for styret for godkjenning.

Vurdering:

Utarbeidelse av nytt system for kvalitetssikring og nye retningslinjer vedrørende behandling av søknad om opptak til ph.d.-utdanning, opptaksperiode for ph.d.-studium, og stipendiaters pliktarbeid er utarbeidet med utgangspunkt i det system og de retningslinjer Høgskolen i Bergen fikk godkjent av NOKUT i 2014 i forbindelse med akkreditering av ph.d.-studiet Studier av danning og didaktiske praksiser.

Vedlagte forslag til kvalitetssikringssystem og retningslinjer for ph.d.-utdanning er utarbeidet av arbeidsgruppen for ph.d.-regelverk og stipendiatadministrasjon under OU-programmet. Forslaget har vært sendt på høring til fagansvarlig og programutvalgsledere for HVL sine egne ph.d.-utdanninger, samt andre som ble meldt inn som ressurspersoner fra fakultet. Arbeidsgruppen har etter forespørsel fått innspill på forslag til kvalitetssikringssystem fra utdanningsadministrasjonen for å sikre overenstemmelse mellom kvalitetssikringssystem for ph.d.-utdanning og det arbeid som skal gjøres med utvikling av nytt system for kvalitetssikring ved HVL.

System for kvalitetssikring av ph.d.-utdanning og retningslinjer er utarbeidet i tråd med forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Høgskulen på Vestlandet. Kvalitetssikringssystemet inneholder blant annet beskrivelse av mandat og sammensetning av sentralt ph.d.-utvalg og programutvalg for ph.d.-utdanningene, vedtatt av interimsstyret i sak 048/16. I tråd med note 684 i Jan Fridtjof Bernts lovkommentar til UH-loven har styret delegert ansvar i enkeltsaker til sentralt ph.d.-utvalg og til programutvalg for ph.d.-utdanning: «: «Institusjonens styre kan imidlertid også opprette utvalg eller styre som rapporterer direkte til dette. Det kan her være tale om [...] et fast utvalg eller styre med saksområdemessig avgrenset besluttende myndighet på styrets vegne, f.eks. et forskerutdannings- eller forskningsutvalg».

Sentralt ph.d.-utvalg har delegert ansvar fra styret i følgende saker med hjemmel i forskrift om graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Høgskulen på Vestlandet:

- Opprette komiteer for bedømmelse av avhandling og disputas etter innstilling fra programutvalget (§ 14)
- Behandle klager (§§ 23-1 og 23-3)

Styret har videre delegert myndighet til sentralt ph.d.-utvalg i følgende enkeltsaker:

- Fastsette søknadsskjema for opptak til ph.d.-utdanningen
- Fastsette krav om residensplikt
- Revisjon av kvalitetssikringssystemet (punkt 2.3-10) i tråd med høgskolens ph.d.-forskrift
- Oppnevner administrativ og faglig leder for ph.d.-utdanningene (fagansvarlig) etter innstilling fra dekan.
- Behandler spørsmål om policy.

Programutvalg for den enkelte ph.d.-utdanning har delegert ansvar fra styret i følgende saker med hjemmel i forskrift om graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Høgskulen på Vestlandet:

- Vedta hvilke mastergrader som kan godkjennes som grunnlag for opptak til den aktuelle ph.d.-utdanning (§ 5-1)
- Godkjenne opptak til ph.d.-utdanning (§ 5-1, §5-3)
- Godkjenne veiledere, prosjektbeskrivelse og framdriftsplan (§ 5-1, 5-3)
- Følge opp framdrift for ph.d.-kandidater som er tatt opp på studiet (§ 9-1)
- Oppnevne evalueringsgruppe for midtveisevaluering (§ 9-2)
- Motta og behandle søknad om å få avhandlingen bedømt (§ 13-2)
- Innstille medlemmer til bedømmelseskomite overfor sentralt ph.d.-utvalg (§14)

Styret har videre delegert myndighet til programutvalg i følgende enkeltsaker:

- Godkjenne studieplan og emnebeskrivelser
- Fastsette kriterier for rangering mellom kvalifiserte søkere når antall søkere overstiger opptakskapasitet
- Initiere tiltak for å kvalitetssikre ph.d.-utdanningen
- Godkjenne opplæringsdel
- Avgjøre saker som angår den enkelte ph.d.-kandidat

Etter innspillsrunden foreslår rektor følgende endring i programutvalgets mandat: Punkt om å godkjenne studieplan og emnebeskrivelser, endres til *godkjenne endringer i studieplan innenfor rammen av akkreditering*, og 2) godkjenne opplæringsdel endres til *godkjenne opplæringsdel for den enkelte kandidat*.

Både kvalitetssikringssystem og retningslinjer for ph.d.-utdanning er underordnet ph.d.-forskriften, og hvis det finnes diskrepans er det forskriften som gjelder.

Ordbruk i kvalitetssikringssystem og retningslinjer er preget av at organisasjonen fremdeles er i en etableringsfase. Noen eksempler på dette:

- 1) Studieadministrasjonen har meldt inn at det sannsynligvis vil bli gjort endringer i begrepsbruk med hensyn til utdanningsledelse når institusjonen får nytt kvalitetssystem for HVL for å imøtekomme krav i Studietilsynsforskriften. I dag brukes begrepet fagansvarlig for ph.d.-studier, men dette bør justeres i tråd med nytt kvalitetssystem når dette kommer på plass.

- 2) I kvalitetssikringssystemets beskrivelse av programutvalgets sammensetning er dekan, eller den dekan bemyndiger ført opp som utvalgsleder. Hvis institusjonen vedtar at man skal ha prodekan for forskning ved hvert fakultet anbefaler rektor at programutvalgsleder endres til prodekan for forskning i tråd med gjeldende praksis i sektoren for denne type utvalg.
- 3) I vedlagte forslag til kvalitetssikringssystem og retningslinjer vises det til *forskningsadministrasjon* uten å spesifisere om dette omhandler en administrativ fellestjeneste eller administrasjon på fakultetsnivå. Ettersom dette er dokumenter som må legges ved nye søknader om akkreditering av ph.d.-utdanning ved Høgskulen på Vestlandet foreslår rektor at vedlagte kvalitetssikringssystem og retningslinjer behandles selv om administrativ organisering ikke er på plass. Dette innebærer at ordlyd i regelverket bør justeres når administrativ organisering er på plass for å tydeliggjøre om det omhandler forskningsadministrasjon i fellestjenesten eller forskningsadministrasjon på fakultet.

Rektor sin vurdering:

Etter en helhetlig vurdering i tråd med Universitets- og høyskoleloven og forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Høgskulen på Vestlandet anbefaler rektor at vedlagte kvalitetssikringssystem for ph.d.-utdanning og retningslinjer for ph.d.-utdanning godkjennes av styret.



Kvalitetssikringssystem

for ph.d.-utdanning ved Høgskulen på Vestlandet

vedtatt av høgskolestyret xx.xx.xx,

Innhold

1. Innledning	3
2. Organisering.....	3
2.1 Det sentrale ph.d.-utvalget	3
2.2 Programutvalg	4
2.3 Fagansvarlig for ph.d.-studiet.....	5
2.4 Administrasjon	6
3. Tilsetting i stipendiatstillinger.....	6
4. Opptak.....	7
4.1 Ph.d.-avtalen.....	8
5. Opplæringsdelen	8
6. Veiledning	9
7. Evaluering av studiene	10
8. Midtveisevaluering	10
9. Rapportering	11
10. Avhandlingen	11
10.1 Innlevering.....	11
10.2 Oppnevning av bedømmelseskomiteen.....	12
10.3 Innstilling fra bedømmelseskomiteen	12
10.4 Offentliggjøring av avhandlingen	13
10.5 Prøveforelesning	13
10.6 Disputas	14
11. Godkjenning av doktorgradsprøven.....	14

1. Innledning

I desember 2016 vedtok høgskolen forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Høgskulen på Vestlandet.

Forskriften er sendt til Norsk Lovtidende og gjort gjeldende fra 1. januar 2017.

Høgskolen arbeider kontinuerlig med å utvikle kvaliteten i utdanningene. Arbeidet er basert på de formelle kravene fra myndighetene og høgskolen sine egne målsettinger for kvalitet i utdanningene.

Kvalitetssikringssystem for ph.d.-utdanning er en del av det helhetlige kvalitetssikringssystemet ved Høgskulen på Vestlandet.

NOKUT godkjente systemet for kvalitetssikring av utdanningsvirksomheten ved Høgskolen i Bergen i juni 2011, ved Høgskolen Sogn og Fjordane i mai 2015 og ved Høgskolen Stord/Haugesund i juni 2015

2. Organisering

Høgskolestyret har det overordnede ansvaret for ph.d.-utdanningen ved HVL.

Dekan ved vertsfakultetet har det faglige og administrative ansvaret knyttet til gjennomføring av ph.d.-utdanning. Dekan har ansvar for at utdanningen er på et høyt faglig nivå og i samsvar med internasjonal standard. Det oppnevnes et programutvalg for det enkelte ph.d.-studium på fakultetsnivå som ledes av dekan eller den vedkommende bemyndiger. Programutvalget bistår dekan i arbeid med kvalitetssikring av studiet gjennom sin rådgivende rolle og sine oppgaver delegert fra høgskolestyret som vist i pkt. 2.2. Programutvalgets medlemmer oppnevnes av dekan.

Det oppnevnes en fagansvarlig for hvert enkelt ph.d.-studium. Fagansvarlig oppnevnes av sentralt ph.d.-utvalg for en periode på inntil 4 år om gangen. Dekan fremmer forslag til kandidat, etter intern utlysning. Saken fremmes for sentralt ph.d.-utvalg. Fagansvarlig for ph.d.-studiet er sekretær for programutvalget, og har ansvar for daglig drift av studiet som beskrevet i pkt 2.3. Fagansvarlig rapporterer til dekan, og legger ellers frem saker til behandling i programutvalget.

Det oppnevnes et sentralt ph.d.-utvalg som er rådgivende overfor institusjonsledelsen. Høgskolestyret oppnevner utvalget og har delegert utvalget myndighet i enkeltsaker som vist i pkt 2.1

2.1 Det sentrale ph.d.-utvalget

Det sentrale ph.d.-utvalget er oppnevnt av høgskolestyret. Ph.d.-utvalget har følgende mandat:

- Utvalget skal utarbeide og forvalte felles retningslinjer og rutiner i henhold til forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Høgskulen på Vestlandet.

- Utvalget skal være strategisk, samordnende og rådgivende organ for styret og institusjonens ledelse når det gjelder forskerutdanning.
- Utvalget har delegert myndighet fra styret i disse enkeltsakene:
 - Fastsette søknadsskjema for opptak til ph.d.-utdanningen
 - Fastsette krav om residensplikt
 - Revisjon av kvalitetssikringssystemet for ph.d.-utdanning ved Høgskulen på Vestlandet (punkt 2.3-10) i tråd med høgskolens ph.d.-forskrift
 - Oppnevner administrativ og faglig leder for ph.d.-utdanningene (fagansvarlig) etter innstilling fra dekan
 - Opprette komitéer for bedømmelse av avhandling og disputas etter innstilling fra programutvalget
 - Godkjenne endelig doktorgradsprøve
 - Behandle spørsmål om policy og klager

Ph.d.-utvalget har følgende sammensetning:

- rektor, eller prorektor for forskning er leder for utvalget
- dekan fra hvert fakultet eller den dekan har gitt myndighet
- en professor fra hvert ph.d.-studium
- to stipendiater, fra ulike ph.d.-studium
- en ekstern professor fra annet ph.d.-miljø

Utvalgets sammensetning skal være i henhold til likestillingsloven § 13 om representasjon av begge kjønn i utvalg.

Det bør tilstrebes at alle nærregioner er representert i utvalget.

Forskningsadministrasjonen er sekretær for utvalget.

Utvalget oppnevnes for en periode på fire år, unntatt stipendiatrepresentant som oppnevnes for to år.

Studenttinget kan peke ut en masterstudent som observatør i utvalget.

2.2 Programutvalg

Det opprettes et programutvalg for hver akkrediterte ph.d.-utdanning. Dekan oppnevner medlemmene i utvalget i tråd med den sammensetning høgskolestyret har bestemt. Utvalgets sammensetning bør reflektere studiets faglige bredde.

Programutvalget har følgende mandat:

- Drøfte og gi dekan anbefalinger i saker hvor dekan søker råd fra utvalget.
- Delegert myndighet fra styret i disse enkeltsakene:

- Godkjenne endringer i studieplan innenfor rammen av akkreditering
- Vedta hvilke mastergrader som kan godkjennes som grunnlag for opptak til den aktuelle ph.d.-utdanning
- Godkjenne opptak til ph.d.-utdanning
- Godkjenne veiledere, prosjektbeskrivelse og framdriftsplan
- Fastsette kriterier for rangering mellom kvalifiserte søkere når antall søkere overstiger opptakskapasitet
- Følge opp framdrift for ph.d.-kandidater som er tatt opp på studiet
- Oppnevne evalueringsgruppe for midtveisevaluering
- Initiere tiltak for å kvalitetssikre ph.d.-utdanningen
- Godkjenne opplæringsdel til den enkelte kandidat
- Motta og behandle søknad om å få avhandlingen bedømt
- Innstille medlemmer til bedømmelseskomite overfor sentralt ph.d.-utvalg
- Avgjøre saker som angår den enkelte ph.d.-kandidat

Programutvalget har følgende sammensetning:

- Dekan eller den vedkommende bemyndiger, er leder for utvalget
- Tre vitenskapelig ansatte knyttet til undervisning, veiledning eller forskning rettet mot ph.d.-studiet
- En stipendiat

Totalt skal minst tre av medlemmene i utvalget ha professorkompetanse.

Fagansvarlig for ph.d.-utdanningen er sekretær for utvalget.

Utvalget oppnevnes for fire år om gangen, unntatt stipendiatrepresentanten, som oppnevnes for to år. Et av utvalgets medlemmer utnevnes som vararepresentant for leder. Det oppnevnes minst to vararepresentanter for de vitenskapelig tilsatte og minst en vararepresentant for stipendiatene.

Sammensetning av utvalget skal følge reglene i Likestillingslovens § 13 om representasjon av begge kjønn i utvalg.

2.3 Fagansvarlig for ph.d.-studiet

Fagansvarlig er administrativ og faglig leder for ph.d.-studiet og har sammen med programutvalget ansvar for kvalitetssikring og –utvikling av studiet. Fagansvarlig er sekretær for programutvalget og setter sammen med programutvalgsleder dagsorden for utvalgsmøtene. Fagansvarlig setter programutvalget i stand til å initiere tiltak for kvalitetssikring blant annet ved å holde utvalget orientert om evaluering av ph.d.-studiet (se pkt 7), om tilbakemelding fra midtveisevaluering (se pkt 8) og om kandidatenes framdrift (se pkt 9).

Fagansvarlig har ansvar for tilrettelegging og daglig drift av studiet. Sentrale oppgaver er å holde oppstartsmøter med ph.d.-kandidater, organisere og utvikle kurstilbudet i opplæringsdelen, årlige oppfølgingsmøter med veiledere og studenter inkludert midtveisevaluering.

Den fagansvarlige vil samarbeide tett med forskningsadministrasjonen, og rapportere til dekan ved studiets vertsfakultet. Den fagansvarlige for en ph.d.-utdanning skal ha professorkompetanse. Vervet som fagansvarlig har et omfang på minst 50 % av full stilling.

2.4 Administrasjon

Forskningsadministrasjonen har det forvaltningsmessige ansvaret for ph.d.-utdanningen, og har sekretariatsansvar for sentralt ph.d.-utvalg og programutvalgene.

Forskningsadministrasjonen legger til rette for at ph.d.-kandidatene får tilbud om og gis optimal støtte, i samarbeid med de øvrige seksjonene i administrasjonen.

Studieadministrasjonen har det overordnede ansvaret for administrasjon av eksamen for ph.d.-emnene ved blant annet godkjenning av utenlandsk utdanning ved tilsetting/opptak, registrering av kandidater, oppmelding til eksamen og utskrivning av diplom, vitnemål og diploma supplement (DS).

Økonomiadministrasjonen legger til rette for prosjektkonto med egne driftsmidler for hver ph.d.-kandidat tilsatt i stipendiatstilling ved høghskolen.

Personaladministrasjonen har ansvaret for utlysning av og tilsetting i stipendiatstillinger.

Høghskolen har utarbeidet skjema for søknad om opptak og avtale ved opptak til ph.d.-utdanningen.

3. Tilsetting i stipendiatstillinger

Tilsetting i stipendiatstillinger skjer etter forskrift om ansettelsesvilkår for stillinger som postdoktor, stipendiat, vitenskapelig assistent og spesialistkandidat, og høghskolens egne rutiner for tilsetting i vitenskapelige stillinger.

Personaladministrasjonen har ansvar for prosessen med utlysning av og tilsetting i stipendiatstillinger.

Høghskolens rutiner vil være samlet i rekrutteringshåndbok for HVL og i de generelle retningslinjer og rutiner for tilsetting, opptak og oppfølging av stipendiater som søker ph.d. studium ved HVL.

Høgskolen har egne retningslinjer for stipendiaters pliktarbeid ved HVL, og retningslinjer for innvilgelse av permisjon og utvidelse av stipendiatperioden.

Forskningsadministrasjonen har ansvaret for koordinering av tilsettings- og opptaksprosess.

4. Opptak

Opptak til ph.d.-utdanningen skjer etter forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved HVL, opptakskriterier gitt i studieplanen for det aktuelle ph.d.-studium, og opptakskrav angitt i egne retningslinjer for det enkelte ph.d.-studium.

Studiets programutvalg har ansvar for opptak til ph.d.-utdanningen. Det kan fastsette krav til dokumentasjon utover det skjema for søknad om opptak krever. Kravene skal være i tråd med kriterier som er åpent tilgjengelig og i samsvar med HVL sin rekrutteringspolitikk og faglige profil.

Kandidaten sender sin søknad om opptak til programmets fakultet ved HVL. Normalt skal kandidaten søke opptak innen tre måneder etter oppstarten av det forskningsprosjektet som skal lede frem til ph.d.-graden.

Programutvalget vedtar opptak utfra en samlet vurdering av søknaden. Prosjektbeskrivelse av det forskningsprosjekt som skal lede frem til ph.d.-graden ligger til grunn for opptak.

I vedtaket skal programutvalget:

- oppnevne minst én veileder, fortrinnsvis hovedveileder
- plassere ansvaret for å håndtere andre behov som er skissert i søknaden
- fastsette avtaleperiode med start- og sluttdato. Startdato er lik startdato for finansiering. Eventuell forlengelse av avtaleperioden skal følge forskriften for graden philosophiae doctor ved Høgskulen på Vestlandet og vedtatte retningslinjer som følger av den

Programutvalget skal avslå opptak dersom:

- avtaler med ekstern tredjepart hindrer offentliggjøring og offentlig forsvar av avhandlingen
- de immaterialrettslige avtaler som er inngått, er så urimelige at Høgskulen på Vestlandet ikke bør medvirke i prosjektet
- søkeren ikke kan oppfylle kravet om at minimum ett år av prosjektet skal gjennomføres etter at vedkommende er tatt opp til ph.d.-utdanningen, jf. ph.d.-forskrift § 5-1

Søker kan klage på avslag på søknad om opptak etter forvaltningsloven § 28.

Det sentrale ph.d.-utvalget kan oppheve eller endre vedtaket. Hvis vedtaket ikke blir endret, sendes klagen til Klagenemnda ved HVL.

4.1 Ph.d.-avtalen

Opptaket er formelt når avtale ved opptak til ph.d.-utdanningen ved Høgskulen på Vestlandet er fylt ut og signert

Det sentrale ph.d.-utvalget fastsetter avtale om opptak til ph.d.-utdanning. Avtalen regulerer partenes rettigheter og plikter i opptaksperioden. Den skal sikre at kandidaten deltar regelmessig i et aktivt forskermiljø og legge til rette for at kandidaten kan gjennomføre ph.d.-utdanningen til avtalt tid.

Ph.d.-kandidaten har ansvar for at egen opptaksavtale til enhver tid er oppdatert og signert. Ferdig utfylt og signert avtale sendes arkiv.

Ph.d.-kandidater med finansiering fra, tilsetning hos eller andre bidrag fra en ekstern part skal inngå egen avtale med institusjonen og den eksterne part, jf. *fastsatte retningslinjer*.

Dekanen føreslår ein modell med 3 profesjonsorganiserte institutt. Institutta er store og kvart av dei har ein eller to monofaglege masterutdanningar. I tillegg har fakultetet fleire tverrfaglege vidare- og masterutdanningar som går på tvers av institutta. Det har bekymra tilsette at det største instituttet får 210 tilsette og at det blir nesten like stort som det nest minste og dobbelt så stort som det minste fakultetet i HVL. Dekanen vil kompensere for dette ved å sikre gode leiarstrukturar på nivå 4 og ved å tilsette ein viseinstituttleder som kan delta i dekanen si leiargruppe. Eit institutt (nr. 2) har berre tilsette i Bergen, men det har praksisplassar på alle campus og kan på sikt bli meir campusovergripande.



Fakultet for ingeniør- og naturvitskap (FIN)

Dekanen føreslår ein modell med 7 profesjonsorganiserte institutt. Det inneber at fagmiljø på tvers av campus som har same utdanningar er slått saman, mens fagmiljø som ikkje har naturleg samarbeid gjennom felles utdanningar ikkje er slått saman. Alle institutta har eigen master eller eit mastertilbod i samarbeid med andre institusjonar. Fleire av institutta har relativt få tilsette og tre institutt (nr. 3,4 og 5) er ikkje campusovergripande. Dekanen viser til institusjonar som HVL kan samanlikne seg med og peiker på at ulike fakultet for ingeniørfag typisk blir organisert i mindre institutt samanlikna med andre fakultet- nettopp fordi utdanningane er mange og ulike. Det blir vist til potensiell synergi mellom fleire fagmiljø og eit ynske om å bruka strategiprosessen til å vurdere kva fagmiljø som bør vera i same institutt.




På oppfordring frå rektor har dekanen føreslått ein modell med 5 institutt. Her er to og to fagmiljø, som har potensiale for synergjar, slått saman til eit institutt. Alternativet har færre små institutt og berre eit institutt som ikkje er campusovergripande.



Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap (FØS)

Dekanen foreslår ein modell med 3 institutt. To av institutta har relativt få tilsette og er ikkje campusovergripande, men dei har masterutdanning. Dekanen meiner dei to fagmiljøa er strategisk viktige og har potensiale for utvikling kvar for seg. Det tredje instituttet er relativt stort og gir utdanning på tre campus.



Dekanen har for å støtta synspunkt som kjem fram i høyringane foreslått modell 2 som eit mogeleg alternativ. Den er lik modell 1 når det gjeld det denne saka handlar om; tal institutt og fagmiljø i kvart institutt. Forskjellen gjelde namn, leiarmodell og faglege understrukturar. Med andre ord høve som skal utgreiast nærare etter at sjølve instituttstrukturen er på plass.

Rektor si vurdering:


I ei samla vurdering har rektor forsøkt å følgje eit prinsipp om å lytta til høyringsinnspel og dekanane sine ynskjer. Vurderinga er at dekanane sine forslag til instituttstruktur for dei to største fakulteta, Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI) og Fakultet for helse- og sosialfag (FHS) har brei støtte i fagmiljøa og har gode fagargument for dei få unntaka der prinsippa for instituttstrukturen ikkje vert tatt til følgje. Rektor støttar difor dekanane sine framlegg om fire institutt i FLKI og tre institutt i FHS. Organisasjonane støttar også desse modellane.

Vurderinga av Fakultet for Ingeniør- og naturvitskap (FIN) har vore vanskelegare fordi dette fakultetet er betydeleg mindre enn dei to største fakulteta, samstundes som dekanen ynskjer ein modell med sju institutt. Det vil sei like mange institutt som dei to store fakulteta har til saman. Rektor utfordra difor dekanen til å sjå nærare på moglege synergjar mellom fagmiljøa og føreslå ein modell med fem institutt. Dekanen viser i sitt notat til eigen og tilsette sin oppfatning av at fleire fagmiljø har potensial for synergi på tvers av dei føreslåtte 7 institutta, men peiker på eit ynskje frå tilsette om å utsetje til strategiprosessen med å vurdere kva miljø som høver best saman i felles institutt. Når dekanen må velje ein modell med fem institutt føreslår han at data/realfag vert slått saman med elektrofag og bio/kjemi saman med brann/HMS. Rektor har merka seg at både dekan og tillitsvalde ser potensiale for fagsamarbeid på tvers av fleire fagmiljø og meiner at prosessen må starte i samband med val av instituttstruktur – og ikkje utsetjast til strategiprosessen. Forhandlingsmøtet med organisasjonane viste at fire av seks organisasjonar støttar modellen med fem institutt.

For «Økonomi og samfunnsvitskap» er det faglege vurderingar som ligg til grunn for å velje 3 institutt. Dei to minste institutt har begge sine særpreg som ligg til grunn for at rektor støttar dekanen sitt alternativ 1. Rektor ser ikkje ein struktur med 5 institutt som hensiktsmessig med tanke på oppsplitting av fagmiljø innan økonomi og administrasjon. Rektor meiner alternativ 2 organisert rundt «school» ligg utanfor det styret skal vedta i denne saken.

Modellen under illustrerer korleis instituttstrukturen i HVL blir dersom rektor si vurdering blir tatt til følgje.

Høgskulen på Vestlandet



Rektor har merka seg uro blant dei tilsette for ulik storleik mellom institutta, særleg at nokre institutt vert så store at det gir lang avstand mellom tilsette og instituttleiar. *Det blir tatt med i vidare prosess med å få på plass gode understrukturar for leiing og samarbeid inkludert personalleiing på nivå fire, fagleg koordinering, samarbeid på tvers av institutt og campus, og strukturar for studentmedverknad.* Rektor har og merka seg at strategiprosessen kan få fram potensial for fleire faglege synergjar på tvers av institutt. Ei evaluering av instituttstrukturen i HVL bør difor gjennomførast i god tid før tilsetting for neste åremålsperiode. Dette for å avdekka kva del av instituttstrukturen som har fungert bra og kva som kan gi betre løysingar på lengre sikt.

Styresak om instituttstruktur

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

I. Prosess

Dekanane ved dei tre lærarutdanningsavdelingane i Sogndal, Bergen og på Stord sette våren 2017 i gong ein prosess for å sikre størst mogleg medverknad frå dei tilsette ved dei tre studiestadane om korleis organisere det nye fakultetet. Det vart derfor arrangert ei samling på Solstrand 23.-24. mai, der fire modellar vart skisserte. Arbeidet resulterte i ei høyring i juni med tre forslag som ei rekke høyringsinstansar fekk kome med tilbakemeldingar på. Den eine modellen var disiplinorientert, den andre var profesjonsorientert og den tredje var ein hybridmodell.

Tilbakemeldingane frå høyringsinstansane viste at det store fleirtalet av høyringsinstansane ønskjer ein disiplinmodell. Profesjonsmodellen fekk støtte frå eit mindretal, medan ingen hadde hybridmodellen som førsteprioritet.

Dekanen for Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett sendte 18.08.17 ut eit forslag til organisering med fire institutt. Forslaget var utarbeida i samarbeid med dekanane ved dei tre lærarutdanningsavdelingane. Det vart så arrangert til saman 12 høyringsmøte på dei tre studiestadane. På enkelte av høyringsmøta var det innspel til endring av institutt 2. Innspela er vurderte, men dekanen har ikkje foreslått endring i instituttstrukturen etter høyringsmøta. Fleire av innspela i høyringsmøta handla om andre tilhøve enn instituttstrukturen. Desse innspela vil bli følgt opp i andre prosessar.

II. Ønsket modell

Det blir etablert fire institutt i fakultetet. Fagmiljø som konstituerer dei fire institutta vil vere:

Institutt 1 (105 tilsette + leiging)	Institutt 2 (183 tilsette + leiging)
Idrett	Pedagogikk GLU
Kroppsøving	Pedagogikk BLU
Mat og helse	PPU Y/A
Naturfag	IKT i læring
Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet	Samfunnsfag
	KRLE
Leiargruppe:	Leiargruppe:
Instituttleiar + 3 assisterande instituttleiarar	Instituttleiar + 5 assisterande instituttleiarar

Tilsette	Sogndal	Stord	Bergen	Tilsette	Sogndal	Stord	Bergen
Fast stilling	25	9	40	Fast stilling*	31	37	67
Stipendiatar	7	0	5	Stipendiatar	4	2	10
Professor II	2	0	3	Professor II	1	3	2
Vikar/engasj.	5	1	8	Førsteam. II	2	0	0
Totalt: 105	39	10	56	Vikar/engasj.	3	3	18
				Totalt: 183	41	45	97
Institutt 3 (135 tilsette + leiing)				Institutt 4 (69 tilsette + leiing)			
Norsk Engelsk Matematikk Teiknspråk				Kunst og handverk Musikk Drama			
Leiargruppe: Instituttleiar + 4 assisterande instituttleiarar				Leiargruppe: Instituttleiar + 2 assisterande instituttleiarar			
Tilsette	Sogndal	Stord	Bergen	Tilsette	Sogndal	Stord	Bergen
Fast stilling	16	8	65	Fast stilling*	4	14	34
Stipendiatar	4	4	8	Stipendiatar	0	3	3
Post.doc.	0	0	2	Professor II	0	0	1
Professor II	1	1	1	Vikar/engasj.	0	3	7
Vikar/engasj.	6	5	15	Totalt: 69	4	20	45
Totalt: 135	27	17	91				

*I institutt 2 og 4 er det også rekna inn tre professorar frå sentra CASE og SEKKK. Om desse vil bli inkludert i institutta blir først klart når det er tatt stilling til om fakultetet skal ha senter.

Merknad: I tillegg til dei 402 faste tilsette/stipendiatar/post.doc. er det til saman 17 professor II/førsteamanuensis II og 1 vitskapleg assistent og 73 vikarar/engasjement fordelt på dei fire institutta. Tilsette i åremålsstillingar som instituttleiarar og liknande er ikkje inkludert i talet på dei fast tilsette. Det er heller ikkje tilsette i avdelingsadministrasjonane.

Kvart institutt blir leia av ein instituttleiar. I tillegg vil assisterande instituttleiarar vere ein del av leiargruppa på instituttet. Det skal sikrast at instituttet har leiarar i kvar nærregion. Eit potensielt unntak er institutt 4 som ikkje skal ha assisterande instituttleiar i Sogndal.

Institutt 1

I institutt 1 inngår fagmiljøa idrett, kroppsøving, mat og helse, naturfag og Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet. Fagmiljøa har kopling til friluftsliv og helse. Ved å legge det nasjonale senteret til instituttet vil ein kunne oppnå sterke faglege synergjar og styrke det nasjonale oppdraget

til senteret. Instituttet vil ha naturlege fagområde/forskningsområde inn mot ph.d.-programmet Danning og didaktiske praksisar.

Instituttet dekker ei rekke utdanningar. Av utdanningsprogram kan ein nemne:

Bachelorprogram

- Faglærer i kroppsøving og idrettsfag
- Friluftsliv
- Idrett og kroppsøving
- Idrett, fysisk aktivitet og helse
- Folkehelsearbeid
- Barnehagelærerutdanning/Kunnskapsområdet natur, helse og rørsle(NHR)
- 4-årig grunnskulelærerutdanning (1-7 og 5-10)/Kroppsøving, mat og helse og naturfag

Masterprogram

- Idrettsvitenskap
- Fysisk aktivitet og kosthald i eit skulemiljø
- 5-årig grunnskulelærerutdanning (1-7 og 5-10)/Kroppsøving, mat og helse og naturfag
- Barnehagekunnskap
- Læring og undervisning

Institutt 1 (105 tilsette + leiing)			
Idrett og kroppsøving			
Mat og helse			
Naturfag			
Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet			
Leiargruppe:			
Instituttleiar + 3 assisterande instituttleiarar			
Tilsette	Sogndal	Stord	Bergen
Fast stilling	25	9	40
Stipendiatar	7	0	5
Professor II	2	0	3
Vikar/engasj.	5	1	8
Totalt: 105	39	10	56

Institutt 2

I institutt 2 er dei pedagogiske fagmiljøa i GLU, BLU, PPU og IKT i læring sett saman med samfunnsfag og KRLE. Fagmiljøa vil alle kunne legge hevd på å ha kompetanse i ein del sentrale tematikkar som går igjen i utdanning og forskning, slik som dannelsesperspektiv, fleirkulturalitet, barnehage og skule som organisasjon, utdanningsleiing, demokratiforståing, osv. Instituttet vil ha naturlege fagområde/forskningsområde inn mot ph.d.-programmet Danning og didaktiske praksisar.

Instituttet dekker ei rekke utdanningar. Av utdanningsprogram kan ein nemne:

Praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag og allmennfag

Bachelorprogram

- Barnehagelærer/Pedagogikk – alle kunnskapsområde. Samfunnsfag og KRLE – kunnskapsområdet samfunn, religion, livssyn og etikk (SRLE)
- 4-årig grunnskulelærerutdanning (1-7 og 5-10)/Pedagogikk og elevkunnskap, KRLE og samfunnsfag

Masterprogram

- Utdanningsleiing i Organisasjon og leiing
- Barnehagekunnskap
- Samfunnsfagdidaktikk
- Læring og undervisning
- Spesialpedagogikk
- Undervisningsvitenskap
- IKT i læring
- 5-årig grunnskulelærerutdanning (1-7 og 5-10)/Pedagogikk og elevkunnskap, profesjonsretta pedagogikk, spesialpedagogikk, samfunnsfag og KRLE

Institutt 2 (183 tilsette + leiing)			
Pedagogikk GLU			
Pedagogikk BLU			
PPU Y/A			
IKT i læring			
Samfunnsfag			
KRLE			
Leiargruppe:			
Instituttleder + 5 assisterende instituttledarar			
Tilsette	Sogndal	Stord	Bergen
Fast stilling*	31	37	67
Stipendiatar	4	2	10

Professor II	1	3	2
Førsteam. II	2	0	0
Vikar/engasj.	3	3	18
Totalt: 183	41	45	97

*I institutt 2 er det også rekna inn ein professor frå senteret CASE.

Institutt 3

I institutt 3 er språk- og litteraturfaga norsk og engelsk, kopla med språkfaget teiknspråk og med matematikk. Fleire har kome med innspel om at det er viktig å legge språk- og litteraturfaga i eitt institutt. Samtidig så vil særleg norsk og matematikk ha ein del til felles ved å vere fag som alle studentar skal ha i t.d. grunnskulelærerutdanning 1-7. Ved å samle desse fagmiljøa kan ein lettare kunne samordne løysingar på utfordringar knytt til det å ha store kull. Instituttet vil ha naturlege fagområde/forskningsområde inn mot ph.d.-programmet Danning og didaktiske praksisar.

Instituttet dekker ei rekke utdanningar. Av utdanningsprogram kan ein nemne:

Bachelorprogram

- Barnehagelærer/Kunnskapsområdet språk, tekst og matematikk (STM)
- 4-årig grunnskulelærerutdanning (1-7 og 5-10)/Norsk, matematikk og engelsk
- Teiknspråk og tolking

Masterprogram

- Barnehagekunnskap
- 5-årig grunnskulelærerutdanning (1-7 og 5-10)/Norsk, matematikk og engelsk
- Kreative fag og læreprosessar
- Barne- og ungdomslitteratur
- Undervisningsvitenskap
- Læring og undervisning

Institutt 3 (136 tilsette + leiing)			
Norsk			
Engelsk			
Matematikk			
Teiknspråk			
Leiargruppe:			
Instituttleiariar + 4 assisterande instituttleiariar			
Tilsette	Sogndal	Stord	Bergen
Fast stilling	16	8	65

Stipendiatar	4	4	8
Post.doc.	0	0	2
Professor II	1	1	1
Vikar/engasj.	6	5	15
Totalt: 135	27	17	91

Institutt 4

I institutt 4 er sett saman av det som ofte blir omtala som estetiske fag eller kunstfag, litt avhengig av perspektiv. Instituttet vil ha naturlege fagområde/forskningsområde inn mot ph.d.-programmet Danning og didaktiske praksisar.

Instituttet dekker ei rekke utdanningar. Av utdanningsprogram kan ein nemne:

Bachelorprogram

- Community music
- Drama og anvendt teater
- Faglærer i musikk
- Barnehagelærerutdanning/Kunnskapsområdet kunst, kultur og kreativitet (KKK)
- 4-årig grunnskulelærerutdanning (1-7 og 5-10)/Musikk og kunst og handverk

Masterprogram

- Kreative fag og læreprosessar
- Musikkpedagogikk
- Drama og anvendt teater
- 5-årig grunnskulelærerutdanning/Musikk og kunst og handverk


Institutt 4 (69 tilsette + leiing)			
Kunst og handverk			
Musikk			
Drama			
Leiargruppe:			
Instituttleiar + 2 assisterande instituttleiarar			
Tilsette	Sogndal	Stord	Bergen
Fast stilling*	4	14	34
Stipendiatar	0	3	3
Professor II	0	0	1

Vikar/engasj.	0	3	7
Totalt: 69	4	20	45

*I institutt 4 er det også rekna inn to professorar frå sentra CASE og SEKKK.

Mange av studieprogramma vil hente undervisning frå fleire institutt. Det vil derfor bli etablert stillingar som studieprogramansvarlege som ligg utanfor institutta. Desse vil inngå i prodekan for utdanningskvalitet sin eining. Tilsvarende vil det bli etablert 3-5 forskingsprogram/forskningsstrategiske satsingar/forskingssenter på tvers av institutta. Desse vil bli leia av forskningsleiarar, og vil inngå i prodekan for forskning sin eining saman med leiar av ph.d.-programmet. Det er også gjort framlegg om prodekan for strategiske satsingar og leiar for personal og økonomi.

Samla vil fakultetet kunne bli organisert slik (tal på leiarar i de ulike einingane er under vurdering, og titlar er førebelse. Organisering av administrasjonen bli fastsett i eigen prosess ved høgskulen.



III. Alternativ modell

Tilsette, studentråda og dei tillitsvalde ved dei tre studiestadane fekk høve til å uttale seg ut frå modellar skissert på eit seminar på Solstrand. Høyringa hadde tre ulike modellar ein kunne velje og rangere i mellom og det store fleirtalet ønskte ein disiplinbasert modell. Det blir derfor ikkje lagt fram nokon alternativ modell.

IV. Vurdering og begrunnelse

Vurder hvordan modellen svarer på prinsipp fra styret om institutt som er:

a) Store

Dei ulike institutta er bestemt ut frå eit prinsipp om kva fagmiljø som kan gi gode synergieffektar når ein ser til forskning og utdanning. Med fire institutt for nærare 500 fagleg tilsette, vil alle vere relativt store.

b) Campusovergripende

Dei ulike institutta er tenkt campusovergripande og har, med få unntak, solide fagmiljø på kvar studiestad. Grunnskulelærerutdanningane 1-7 og 5-10 vart akkreditert som campusovergripande utdanningar med dei same programplanane for dei tre studiestadane. Arbeidet med å gjere det same for barnehagelærerutdanninga vil starte opp i 2018, og med

felles barnehagelærerutdanning frå kullet som starter hausten 2019. Alle institutta er sentrale i desse utdanningane.

c) Faglig sterke nok til å kunne bære eller utvikle master

Dei fire institutta vil alle ha fleire masterar dei enten har aleine på instituttet eller saman med andre institutt. Fakultetet for lærarutdanning, kultur og idrett har store utdanningar på masternivå der alle institutta med sine fagdisiplinar gir sitt bidrag for å kunne gi studentane eit breitt tilbod innanfor dei nasjonale rammene utdanningane er lagt under. Til dømes har dei nye femårige masterutdanningane i grunnskulelærerutdanning akkreditert 14 masterfag i 1-7 og 14 ulike masterfag i 5-10. Dei fire institutta er alle sterkt involverte i desse utdanningane.

I tillegg til å vere sterke nok til å stette eksisterande og utvikle nye masterprogram, har alle institutta eit fagmiljø som vil gå inn i arbeidet med ph.d.-programmet Danning og didaktiske praksisar. Alle institutta har stipendiatar.

d) Organisert etter utdanningar/studentenes behov

Forslaget til instituttorganisering som vart sendt ut på høyring til dei tilsette, studentråda og dei tillitsvalde var grunna i fagdisiplinane på fakultetet og ikkje etter utdanningar/profesjon. Dei to hovudvariantane av organisering av lærarutdanningar, disiplin og profesjon, har sine kjente sterke og svake sider, og interessant nok er mange av dei sterke sidene til den eine tilnærminga dei svake sidene til den andre. I modellen som blir foreslått for fakultetet er det tatt grep for å styrke programleiing (jf. Kvalitetsmeldinga) knytt til både utdanning og forskning på fakultetsnivået. Institutt som er inne med emne i utdanningar har ansvar for kvaliteten på emna og for studentane som tar dei. Slik sikrar ein ei tilknytting mellom tilsette og studentar. Dette er tiltak som sikrar ei heilskapleg tilnærming til utdanningane og som samtidig har ei klar ansvarslinje i fakultetet.

Gi faglige begrunnelser for eventuelle avvik fra prinsippene

Vurder hvordan valgt organisering kan bidra til å oppnå visjoner/mål andre føringer. Beskriv eventuell forutsetninger og/eller vurder svakheter ved modellen(e) og beskriv tiltak som kan kompensere for disse

Eit uttalt mål for Høgskulen på Vestlandet gjennom fusjonsplattforma er å arbeide for universitetsstatus innan 2023. Gjennom den føreslåtte instituttorganiseringa blir fagmiljø samla, noko som både gir kontinuitet og større breidde og tyngde enn tidlegare. Styrka programleiing, både innan utdanning og forskning, vil kunne bidra til å integrere forskning og utdanning i større grad enn tidlegare. Instituttorganiseringa vil vidare sørgje for at den enkelte studiestad har sterke fagmiljø knytt til det enkelte institutt.

V. Konklusjon

*Gi en kort oppsummerende konklusjon om hvilken modell som foretrekkes og hvorfor
Angi eventuelt hvilke alternativ som kan være aktuelle, i prioritert rekkefølge.*

Notat til styresak om instituttstruktur

Fakultet for helse- og sosialfag, HVL

Prosess

Dei fire dekanane ved dei helse- og sosialfaglege avdelingane og institutta i høgskulen¹ starta arbeidet med å utarbeide forslag til instituttstruktur i mars 2017. Den 28.mars gjennomførte vi ei utvida leiarsamling i samarbeid med representantar frå OU-teamet (heretter OU). Her deltok instituttleiarar, studieleiingar, kontorsjef og nokre utdanningsleiingar frå dei ulike campus, og målet for samlinga var å utarbeide prosessplan fram mot styresaka i september og å sikre god involvering av tilsette og studentar i prosessen. Prosessplanen vart forankra i eit dekanmøte med OU i byrjinga av april. Dei første utkasta til modellar vart utarbeida i samarbeid med OU, og som ein del av forarbeidet vart det gjennomført ei kartlegging av modellar ved andre utdanningsinstitusjonar som har helse- og sosialfaglege fakultet, som HSN og UiS. Det vart etter kvart utarbeida fem ulike modellar på overordna nivå, og i eit møte 18.april vart dekanane einige om å presentere desse fem modellane som utgangspunkt for drøfting i dei ulike avdelingane/institutta.

I perioden 26.april til 10.mai vart det gjennomført møter med dei tilsette ved alle avdelingar og institutt. Tillitsvalde for studentar og tilsette var også særskilt inviterte til møta. Møta vart gjennomført med støtte frå OU, der vi gjennom drøfting i grupper og plenum fekk innspel om fordelar og ulemper og ulemper med dei ulike modellane. Noko anna vi tilstreba på desse møta var at tilsette og leiarar skulle delta på tvers av ulike avdelingar og institutt. Dette gav ein fin muligheit til å få med andre sine erfaringar, både faglege og organisatoriske, i drøftingar kring ulike modellar. I perioden med gjennomføring av personalmøter på dei ulike campus og avdelingar/institutt og fram mot 22.mai, så vart også modellane drøfta i interne leiarmøter, ID-møter og møter med studenttillitsvalde.

Dei fem modellane som vart drøfta på dette stadiet i prosessen var i korte trekk fylgjande:

1. To om lag like store institutt der dagens avdelingar med sjukepleiefag utgjer eitt institutt og dei andre institutta med helse- og sosialfag (sosialt arbeid, vernepleie, barnevern, fysioterapi, ergoterapi og radiografi) utgjer eitt institutt.
2. Eit alternativ til ei todeling av fakultetet med school of nursing og institutt for helse- og sosialfag.
3. Tre institutt der sjukepleiefaga framleis utgjer eitt institutt medan sosialt arbeid, barnevern og vernepleie vert samla i eitt institutt, og ergoterapi, fysioterapi og radiografi i eitt tredje institutt.
4. Fire institutt der forslaget er å samle alle master- og vidareutdanningar i eitt institutt medan dei andre tre institutta er basert på bachelorutdanningar.
5. Matriseorganisering der organiseringa tek utgangspunkt i fagområder og fagmiljø knytt til utdanning og dermed går på tvers av ulike campus.

¹ Monica Wammen Nortvedt/Mildrid Haugland (frå 1.aug), dekan ved avdeling for helse- og sosialfag ved campus Bergen, Georg Førland, dekan ved avdeling for helsefag ved campus Stord og Haugesund, dekan Anne-Grethe Naustdal ved avdeling for samfunnsfag (der institutt for barnevern, sosialt arbeid og vernepleie inngår) ved campus Sogndal og Randi Skår, dekan ved avdeling for helsefag campus Førde/fakultetsdekan frå 1.aug.

Den 22.mai hadde dekangruppa eit nytt arbeidsseminar med OU der vi med utgangspunkt i drøftingar og innspel gjorde ein seleksjon av modellar. Prinsippa som var lagt til grunn i fusjonsplattforma var bakgrunn for vurdering av dei ulike modellane, og vi kom fram til at vi ville gå vidare med tre av modellane i redigert utgåve. Dei to modellane vi forkasta på dette stadiet var modellen med schools og matrisemodellen. Vi hadde også på dette tidspunktet fått inn nokre nye forslag til instituttstruktur som tok utgangspunkt i deling av det store sjukepleie-instituttet, men desse forslaga vart etter ei vurdering i dekangruppa ikkje tekne med vidare.

I slutten av mai og byrjinga av juni vart modellane drøfta i respektive avdelingsmøter, instituttmøter og ID-møter på dei ulike campus, og i arbeidet fram mot høyring arrangerte vi i samarbeid med OU ei utvida leiarsamling med tillitsvalde den 14.juni. I denne samlinga vart det også lagt opp til ei drøfting kring korleis dei ulike modellane legg føringar for organisering på nivå fire, og med det kva ansvar og mynde som kan leggst til leiing på dette nivået. Dette var særleg eit spørsmål som var knytt til modellen der eitt av institutta vil bli betydeleg større enn dei andre to. Det utvida leiarmøtet la grunnlag for høyringsbrevet som vart sendt til alle tilsette ved fakultet for helse- og sosialfag 30.juni 2017. I høyringsbrevet presenterte vi tre modellar med ei utdjuping av fordelar og ulemper både knytt til institutt-struktur og innhald, og leiing. Desse tre modellane var ei vidareføring av tre av dei opprinnelege fem modellane:

- Modell 1: To om lag like store institutt der eitt institutt tek utgangspunkt i bachelorutdanning i sjukepleie (om lag 210 tilsette) som spenner over fire campus, og eitt institutt samlar alle dei andre helse- og sosialfaglege profesjonar ved HVL (om lag 150 tilsette); Vernepleie, Sosialfag, Barnevern, Radiografi, Fysioterapi og Ergoterapi.
- Modell 2: Tre institutt der institutt for sjukepleie blir det same som i modell 1 medan dei to andre er institutt for sosialt arbeid, barnevern og vernepleie (om lag 90 tilsette) og institutt og ergoterapi, fysioterapi og radiografi (om lag 60 tilsette).
- Modell 3: Fire institutt som fylgjer same prinsipp for inndeling som i modell 2, men der institutt for sjukepleie blir delt i to ut frå tilhøyre til campus. Eitt institutt rundt aktiviteten i Førde, Stord og Haugesund med bachelorutdanning og tverrfaglege vidareutdanningar og masterutdanningar, og eitt institutt i Bergen med bachelorutdanning og monofaglege vidareutdanningar og masterutdanningar, inkludert jordmorfag.

I perioden 9.-24.august vart det gjennomført høyringsmøter ved alle helse- og sosialfaglege institutt og avdelingar. Avgjerd om å gjennomføre høyringsmøter på alle institutt/avdelingar og ikkje skriftlege høyringsinnspel vart teke i møte med utvida leiargruppe og tillitsvalde 14.juni. Møta vart leia av ny dekan for fakultetet, Randi Skår (heretter fakultetsdekan). Dekan Georg Førland leia møtet i Haugesund då det også var møte på institutt for sjukepleiefag i Bergen denne dagen. Referata er formidla på OU sine sider på Vestibyen.

Gjennom heile våren og gjennom høyringsprosessen har ein invitert fagmiljøa til å kome med innspel og idear til nye modellar eller forslag til forbetring av dei forslaga som har vore utarbeida. Siste frist for innspel vart sett i forkant av eit oppsummerande leiarseminar den 28.august. Det har kome få innspel utanom dei organiserte møta.

28.august var utvida leiargruppe (dekanar, instituttleiarar/studieleiarar, kontorsjef og utdanningsleiingar frå Bergen) samla til eit siste møte før utarbeiding av styresak. Dette møtet starta med at fakultetsdekan la fram ei samanfating av høyringsmøta, med ei beskriving av inntrykk frå diskusjonane og kva argument som var vektlagt samla sett. Med utgangspunkt i høyringane vart modell 3 med fire institutt forkasta, og fakultetsdekan presenterte vidare to forslag til modellar basert på modell 1 (to institutt) og modell 2 (tre institutt) som grunnlag for diskusjon. Målet med

samlinga var å kome fram til ein modell som kunne utdjupast som den valde modellen for fakultetet i styresaka. Dette målet oppnådde vi, og leiargruppa fylgde fakultetsdekan si tilråding om å gå inn for modell 2 med tre institutt.

Modell for instituttstruktur

Fakultet for helse- og sosialfag legg med dette fram ein organisasjonsmodell med **tre institutt**.

Grunnlaget for modellen er at ein organiserer institutta med utgangspunkt i bachelorutdanningane. Vidare har ein forsøkt å imøtekomme fusjonsplattforma sine ambisjonar om å utvikle store og campusovergripande institutt med kraft til å kunne bere masterutdanningar. Samstundes med at profesjonsperspektivet er framtrudande i instituttstrukturen, så har det vore svært viktig å ta omsyn til at helse- og sosialfaglege utdanningar skal ivareta eit tverrfagleg perspektiv. Dette ser vi både i forslag til nye nasjonale styringssystem for helse- og sosialfaglege grunnutdanningar, og i ulike føringar for helse- og sosialtenester med til dømes krav om meir heilskaplege tenester og tverrprofesjonelt samarbeid. Dette dilemmaet mellom det profesjonsfaglege/monofaglege og tverrfaglege har vore tilbakevendande i diskusjonen kring dei ulike modellane som har lagt føre. Når ein likevel landar på forslag til ein modell som tek utgangspunkt i bachelorutdanningane, så har det nær samanheng med konsentrasjonen av tilsette og studentar kring utdanningane på dei ulike campus, i tillegg til det samfunnsmandatet som ligg til den breidden av utdanningstilbod som bachelorutdanningane representerer. HVL tilbyr alle dei kortare profesjonutdanningane innan helse- og sosialfag, og skal med det svare på behovet for tenestene ein utdannar til både lokalt, regionalt og nasjonalt. Samstundes skal vi som utdanningsinstitusjon vere i forkant av utviklinga og utvikle utdanningstilbod og forskingsbasert kunnskap som bidreg til endring og forbetring av helse- og sosialtenestene.

Helse- og sosialfaglege utdanningar er nær kopla til behov for kompetanse i yrkeslivet og er dermed ein faktor i seg sjølv som framtvingar samarbeid om utdanning og forskning på tvers av institutta. Det er difor viktig å påpeike at instituttstrukturen ikkje er valt for å konservere profesjonsutdanningane, men at ein med utgangspunkt i profesjonsutdanningane si nære kobling til yrkeslivet kan bidra til både å vidareutvikle og utvide utdanningstilbodet innan helse- og sosialfag. Dette kan bety at fusjonen opnar for nye regionale marknader for utdanningar og at ein i større grad kan samkøyre utdanningar også på vidareutdannings- og masternivå. På same tid må ein halde oppe at dagens nasjonale utdanningsbilete kan verte endra, og at det kan vere ei fare for at organisering kring eksisterande utdanningar er organisering for gårdsdagen. Det er difor eit viktig premiss at strukturen legg til rette for at det både kan utviklast nye utdanningar og nye forskingsprosjekt på tvers av institutt, samstundes som den regionale tilknytninga vert oppretthalden.

I prosessen har det også vore jobba med korleis ein kan sikre leiing med tilstrekkeleg mynde i ulike organisasjonsmodellar. Det har difor særleg vore ynskjeleg å synleggjere både generelle prinsipp for leiing og leiing på fleire nivå sidan modellen inneber store institutt og ulik storleik på institutt. Desse prinsippa er difor teke med både i utforming av og i argumentasjonen kring modellen.

I det fylgjande vil dei tre institutta bli presentert med utdanningar og tal på studentar og tilsette gjeldande for våren 2017. Fakultetet har fleire masterutdanningar og vidareutdanningar som ikkje er lagt til einskilte institutt. Dette er grunna utdanningane si tverrfaglege innretning og dermed muligheita til å plassere ansvaret i ulike institutt. Dette gjeld til dømes Master i samhandling innan helse- og sosialtenester, Master i klinisk helse- og omsorgsvitenskap, og Master i kunnskapsbasert praksis i helsefag. I tillegg har fakultetet tre forskingssenter som skal leggst til fakultetets- eller

instituttnivået; Senter for Helseforskning, Senter for kunnskapsbasert praksis og Senter for omsorgsforskning vest.

Institutt 1

Utdanningar		Studenttal	
Bachelor i sjukepleie		1651	
Master i jordmorfag		76	
Master i klinisk sjukepleie		295	
Tverrfaglege master, vidareutdanningar og EVU		--	
Leiargruppe: Instituttleiar + viseinstituttleiar 7 leiarar med ansvar for personale ² , utdanning og FoU			
Tilsette	Førde	Bergen	Stord og Haugesund
ca.210 tilsette	49	94	67

Institutt 2

Utdanningar	Studenttal
Bachelor i Fysioterapi	232
Bachelor i Ergoterapi	116
Bachelor i Radiografi	121
Master i klinisk fysioterapi	22
Tverrfaglege master, vidareutdanningar og EVU	--
Leiargruppe: Instituttleiar 2 leiarar med ansvar for personale, utdanning og fou	
Tilsette	Bergen
Ca. 60 tilsette	60

Institutt 3

Utdanningar	Studenttal	
Bachelor i Sosialt arbeid	322	
Bachelor i Vernepleie	388	
Bachelor i Barnevern	120	
Master i psykisk helse og rus (ny hausten 2017)	--	
Master i samfunnsarbeid	16	
Andre tverrfaglege master og EVU	--	
Leiargruppe: Instituttleiar 3 leiarar med ansvar for personale, utdanning og fou		
Tilsette	Sogndal	Bergen
Ca. 92	35	57

² Antal leiarar med personalansvar er basert på prinsippet om at ein skal ha ansvar for max 30 tilsette. Funksjonen til denne leiar-kategorien blir nærmare utdjupe nedanfor.

Leiging av fakultetet

Dekan

Har ansvar for den samla faglege og administrative aktiviteten ved fakultetet.

Prodekanar

I modellen er det foreslege to prodekanar som har eit felles ansvar inn mot dei tre institutta og skal sørge for synergier på tvers både når det gjeld utdanningar, fag- og forskingsmiljø. Prodekanane vil med dette ha eit særleg ansvar for den strategiske utviklinga av fakultetet, og det vil vere naturleg å dele deira ansvarsområde mellom utdanning og FoUI. Fakultetet har til dømes viktige strategiske utfordringar knytt til samkøying av bachelorutdanningar og vidareutvikling av dei tverrfaglege masterutdanningane. I tillegg vil fakultetet ha behov for å utvikle solide forskingsgrupper og auke andelen eksternt finansierte forskingsprosjekt for å mellom anna sikre god rekruttering til ei framtidig ph.d.-utdanning. Ein av prodekanane skal i tillegg fungere som dekan sin stadfortreder.

Fakultetsadministrasjon

I påvente av utgreiingane knytt til administrativ organisering er det ikkje lagt opp til drøftingar om fakultetsadministrasjonen og leiging av denne. Det er motteke innspel kring dette i møter og høyringsnotat, som vi vil ta med inn i det vidare arbeidet med administrativ organisering.

Instituttleiarar

Modellen foreslår at fakultetet skal ha fire instituttleiarar. Instituttleiarane fylgjer dekanansvaret i linje og har dermed i tråd med einskapleg leiging både det faglege og administrative ansvaret i sitt institutt. Instituttleiarane har også personalansvar for leiarane på nivå 4. Det største instituttet har to instituttleiarar* (sjå modell nedst i notatet) som begge skal sitte i dekan si leiargruppe, men der den eine har eit overordna ansvar for instituttet. Dermed bør dei to titulerast som instituttleiar og viseinstituttleiar. Det kan vere aktuelt å dele det faglege ansvaret mellom desse to instituttleiarane, og der den eine får ansvar for bachelorutdanninga i sjukepleie og til dømes pedagogisk forskning og utvikling, medan den andre får ansvar for masterutdanningane, EVU-aktivitet og forskingsgrupper. Ut frå storleiken på dagens fagmiljø og utdanningar vil det på dei to mindre institutta vere tilstrekkeleg med ein instituttleiar som har det totale ansvaret for aktiviteten i instituttet.

Leiarar med ansvar for personale, utdanning og fou

Det har gjennom prosessen vore særleg viktig både for eksisterande leiging og tilsette at ein synleggjer ansvar og mynde knytt til det leiarnivået som er nærast grunnverksemda, undervisnings- og forskingsaktiviteten. Dette er også i tråd med føringane i Kvalitetsmeldinga der både utdanningsleiging og forskingsleiging vert trekt fram som viktige funksjonar for å oppretthalde kvalitet i dei ulike utdanningsnivåa. Det er fleire årsaker til at dette leiarnivået bør synleggjerast. Fakultet for helse- og sosialfag er det einaste fakultetet som spenner over alle dei fem campus i HVL, og med drift av store utdanningsprogram på kvart campus er det behov for nærleik til stadleg leiging. Dette betyr at dette leiarnivået kan ivareta det geografiske spennet, medan instituttleiarnivået ikkje kan ha krav om geografisk forankring. Det same kan gjelde for prodekanar, då det vil vere tilfeldig kva geografisk tilknytning fakultetsdekan vil ha. Gjennom prosessen har det også ved fleire høve vore trekt fram negative erfaringar med dagens leiingsmodellar i store institutt, og at vi må sørge for å skape ei forbetring heller enn forverring av dagens situasjon. Dei negative erfaringane er mest knytt til at ein har hatt for få leiarar med personalansvar, for mange leiarar som har mykje ansvar og lite myndigheit. Med bakgrunn i fusjonsavtalen som seier at ein leiar skal ha ansvar for 20-30 tilsette, samt den faglege innretninga og dagens leiarstruktur, så har ein kome fram til eit antal leiarar på nivå 4 i kvart av institutta. Når det gjeld tittelen på desse leiarane så må dei samsvare med tilsvarande

stillingar i dei andre fakulteta. I tillegg krevjast ei vidare utgreiing av funksjons- og ansvarsområde for desse stillingane, samt eit tydeleg delegasjonsreglement.

Vurdering og grunngjeving for vald modell

Den tredelte instituttstrukturen vidarefører organisasjonsmodellen ved tidlegare Høgskulen i Bergen. Tilbakemeldingane i høyringane er at den tredelte strukturen er noko konservativ, men at ein samstundes ser behovet for stabilitet og gjenkjenning både for studentar og tilsette i denne første omorganiseringa etter fusjonen. I tillegg fangar modellen dei momenta som har vore trekt fram i drøftingane som særleg viktig å ta omsyn til. Dette gjeld til dømes at organiseringa må legge til rette for fagleg identitet og tilhøyre, samstundes som der må vere føresetnader for strategisk utvikling og synergjar på tvers av fagområde. Det har og vore løfta fram at den regionale tilknyttinga må haldast oppe og at organiseringa ikkje skal endre kjennemerka kring noverande verksemd på dei ulike campus. Særleg har dette vore knytt til diskusjonen kring faren for monofaglegheit i det største instituttet og at helsefag har ei breiare betyding enn sjukepleie. Den ulike storleiken på institutta har også vore gjenstand for mykje diskusjon, og i den forbindelse kva ansvar og mynde som er lagt til leiarsfunksjonane (sjå ovanfor om leiing av fakultetet).

Storleik på institutt

Den ulike storleiken på institutta har vore sterkt framme i drøftingane, og ein er særleg skeptiske til at «sjukepleieinstituttet» kan bli seg sjølv nok og at det kan vere utfordrande for samarbeid på tvers. Samstundes er det trekt fram at det er behov for samkøying av sjukepleieutdanninga og styrking av sjukepleiefaget i og med at sjukepleiemiljøet tradisjonelt har hatt ei meir tverrfagleg innretning. Dette talar for å samle sjukepleie, tilhøyrande spesialiseringar og jordmorfag i eitt institutt. På same måte er det meir naturleg å skilje ut dei andre helsefagutdanningane i eitt institutt og sosialarbeider, vernepleie og barnevern i eitt institutt. Ut frå dette blir grunngjevinga at alle institutta har ein fagleg profil og identitet, og at storleiken er ulik grunna omfanget av dagens utdanningstilbod. På same tid er det viktig å trekkje fram at aktiviteten kring tverrfaglege vidareutdanningar og masterutdanningar som har sitt utspring i sjukepleiemiljøet også er ein viktig del av det største instituttet, og at dette har ein særleg samanheng med det regionale behovet for kompetanse. Dette er beskrive nærare i neste punkt.

Campusovergripande institutt

Ein vesentleg faktor knytt til den campusovergripande aktiviteten er at eitt institutt åleine ikkje kan løyse det regionale behovet for kompetanse innan helse- og sosialfag.

Sidan to av institutta spanner over to eller fleire institutt og dermed fylgjer det vedtekne prinsippet i fusjonsplattforma, så er det naturleg å først kommentere kvifor ein her har valt ein struktur der eitt av institutta er lagt berre til eitt campus. Dette instituttet med fagmiljø innan ergoterapi, fysioterapi og radiografi ligg i Bergen, medan praksisfeltet for desse utdanningane spanner over heile vestlandsregionen. Særleg fysioterapi og radiografi har liten konkurranse frå tilsvarende utdanningar i andre høgskular og universitet i vestlandsregionen. I praksisfeltet har instituttet difor campusovergripande aktivitet per i dag, og dette betyr at utdanningane også har potensiale for vidareutvikling på andre campus. Fagmiljøet kan til dømes bidra med viktig kompetanse knytt til rehabilitering, som er eit felt der det er behov for eit utvida utdanningstilbod.

I motsetnad til fysioterapi og radiografi, så har instituttet som er bygd kring bachelorutdanningane i sosialt arbeid, barnevern og vernepleie meir konkurranse frå omkring liggande utdanningsinstitusjonar. Ein vil difor gjennom samarbeid internt i fakultetet stå sterkare i forhold til konkurransen med utdanningstilbod som vert tilbydd i regionen. Instituttet spanner over to campus, men også her er det potensiale for vidare utvikling og samarbeid på tvers av alle campus. I dag ser

ein særleg potensiale for samarbeid kring det nyleg oppretta tverrfaglege masterstudiet i psykisk helse og rus, då fleire vidareutdanningstilbod i det sjukepleiefaglege miljøet ved dei ulike campus er retta mot psykisk helsearbeid, psykososialt arbeid med barn og unge, rusproblematikk etc. I tillegg planlegg fagmiljøet kring master i klinisk fysioterapi ei tredje studieretning som er retta mot psykosomatisk fysioterapi.

Fagleg styrke til å kunne bere og/eller utvikle masterutdanningar

Når det gjeld vidareutdanningar og masterutdanningar, så har helse- og sosialfag ved HVL allereie samla sett ei stor breidde i ulike tverrfaglege utdanningstilbod, og organiseringa tek omsyn til at nokre utdanningar naturleg høyrer heime som ei spesialisering i eitt institutt medan andre utdanningar går på tvers av fagmiljøa i ulike institutt. Alle institutta har i dag masterutdanningar med forholdsvis god kandidatproduksjon. Som det allereie er gitt eksempel på ovanfor så kan nokre av dei eksisterande masterutdanningane vidareutviklast eller samkøyrast, og eit samla fagmiljø vil også stå sterkare rusta til å kunne gjennomgå ei slik utvikling. Ein ser eit stort potensiale i instituttovergripande og campusovergripande satsingar og fleksible løysingar for dette utdanningsnivået. I tillegg er det viktig å bygge strukturar for at fag – og forskingsmiljøet kan fungere på tvers gjennom felles forskingsgrupper. Alle institutta vil ha same utfordringane når det gjeld å bygge det vidare fagmiljøet, og særleg når det gjeld kompetanseheving mot førstenivå og professor. Ein har gjennom arbeidet med søknad om akkredittering av ph.d.-utdanning starta prosessen med å samkøyre forskingsgrupper på tvers, og det er viktig at organiseringa av fakultetet legg grunnlaget for at det skal vere mogleg å utnytte kompetansen på tvers og til å drive og utvikle ei eventuell framtidig ph.d.-utdanning.

Organisering etter utdanningar/studentane sine behov


Dette har vore eit sentralt prinsipp i utarbeiding av organisasjonsmodellen. Fakultet for helse- og sosialfag er det nest største fakultetet og spenner over fem campus og tre nærregionar. Fakultetet har sju forholdsvis store bachelorutdanningar som vert tilbydd på eitt eller fleire campus. For nokon av campusa utgjør helse- og sosialfag storparten av studentmassen. Dette genererer også mange fagtilsette i tillegg til administrative tenester. Dette er noko studentane ynskjer å beholde. Modellen tek utgangspunkt i at bachelorutdanningane, og det yrkesfeltet dei orienterer seg mot er grunnlaget for utvikling av vidareutdanningstilbod og masterutdanningar. På dette utdanningsnivået er det spesialiseringar innan sjukepleie, jordmor og fysioterapi, medan storparten av utdanningstilboda har ei tverrfagleg innretning. Det kan gjentakast at denne dikotomien mellom det faglege og det tverrfaglege har vore sentralt i drøftingane gjennom heile prosessen. Det ligg i profesjonsutdanningane sitt mandat å skulle utvikle eige fagfelt. Det blir ofte trekt fram at ein må kjenne sin eigen profesjon, og å ivareta ein tydeleg fagleg identitet, for å kunne samarbeide på tvers av profesjonar. Samstundes har det vore fleire satsingar og initiativ knytt til å utvikle tverrfaglege vidareutdanningstilbod. Dette kan også tilleggast særleg eit ruralt perspektiv i og med at ein har vore avhengig av å kunne nå ut til ei breiare målgruppe for å oppretthalde studentrekruttering til studia. I tillegg har kanskje også etterspørselen i regionane vore retta mot fleksibel arbeidskraft. Ein ser og tendensar til oppgåvegliding mellom ulike yrkesgrupper, som til dømes vernepleier og sjukepleiar. Helse- og sosialfaga vil alltid vere avhengig av eit tett samarbeid på tvers, og ei organisering som tek utgangspunkt i bachelor utdanningane eller profesjonsfaga vil ikkje vere til hinder for dette.

Konklusjon

Fakultet for helse- og sosialfag går inn for ein modell med tre institutt. Ein modell med to institutt har også vore halde fram som eit reelt alternativ. Det mest framtrèande argumentet for denne

modellen var knytt til at ein då ville fått to jambyrdige institutt med om lag same tal tilsette og studentar, og der det eine instituttet ville ha et betydeleg meir tverrfagleg preg enn det andre instituttet. Med utgangspunkt i argumenta om fagleg identitet og nærleik til leiing, så kan eit fakultet med tre institutt stå sterkare. I tillegg har det vore halde fram at storleik på instituttet ikkje berre handlar om tal hovud, men også om fagleg mangfald, og eit institutt kan også bli så faglig breitt at det hindrar behovet for nødvendig spissing og profilering.

Modellen med tre institutt er her visualisert:



Vidare prosess

I punktet ovanfor som omhandlar leiing av fakultetet vert behovet for vidare utarbeiding av nivå fire framheva. På dette nivået er det skissert eit omfang av leiarar ut frå prinsippet om antalet tilsette ein skal ha personalansvar for. Men innhaldet i og ansvarsområdet knytt til desse stillingane må vidare utgreiast. Vidare bør instituttleiarane delta i denne utgreinga etter at dei er tilsett. Ein tek difor sikte på å legge ein tidsplan og nedsette arbeidsgrupper som er klar til å ta fatt på dette arbeidet etter at instituttleiar er tilsett. Det bør også leggjast ein tittel til desse stillingane som kan samanliknast med tilsvarande stillingar på dei andre fakulteta i høgskulen og i sektoren for øvrig. I tillegg skal rettigheter som fylgjer stillingane klargjerast.

Det skal også settast i verk ein eigen prosess for namnsetjing av institutta så snart instituttstrukturen er fastlagt.

Førde 5.september 2017

Randi Skår

Dekan, fakultet for helse- og sosialfag

Instituttstruktur for HVL Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap (FIN)

Notat 15.09.2017

Prosess vedrørende faglig organisering av FIN

Proessen i forkant av høringen

Høringen var et resultat av en prosess som startet i mai 2016 med mange samlinger mellom de involverte avdelingene i de gamle høgskolene, og mellom sammenlignbare fagmiljø. I tillegg har fusjonen vært tema på ledermøter, instituttmøter, rådsmøter, ID-møter og møter med studentrådene. De aktuelle dekanene har også hatt hyppige Skype-møter.

De vedtatte føringene og prinsippene for faglig organisering ved HVL (Tillegg 1) ble drøftet og sammen med sedvanlig organisering av ingeniør- og naturfag i sektoren ble det vurdert at 5 institutt ville være resultere i passe størrelse med et snitt på rundt 50 faste faglig ansatte og 700 studenter. Det vil gi en relativt flat struktur med kort vei fra fag til ledelse. Fakultet for teknologi, naturvitenskap og maritime fag ved Høgskolen i Sørøst-Norge har til sammenligning like mange ansatte og studenter som FIN, og er organisert med 6 institutt. Men det ble tidlig klart at det var ulik oppfatning om hva et stort institutt er innad på HVL. Ulikt de to største fakultetene kan FIN karakteriseres med relativt mange studieprogram, som hver har relativt få studenter.

Det ble tidlig i denne prosessen klart at sammenslåing av miljøene med tilnærmet like studieprogram innen ingeniørdisiplinene, var uproblematisk. Disse er vist i tabellen under. Men det vil likevel være et betydelig arbeid å samordne disse studieprogrammene.


Sted	Elektro	Maskin	Bygg	Data
Førde	x	x ¹	x	x ³
Bergen	x	x	x	x
Haugesund	x ²	x ²		

1: Inkludert Florø og Kristiansund, 2: Inkludert Stord, 3: Fra 2018

Det ble en vesentlig større utfordring å vurdere ytterligere sammenslåinger der mulighetene er oppsummert i figuren til høyre. Her er Brann og Kvalitet & HMS-miljøene i Haugesund samlet i én enhet

Her er det ingen opplagte koplinger i form av felles studieprogram eller annet. Det er derimot en rekke muligheter der de ulike miljøene har faglige koplinger og komplementerer hverandre. Trass i mange fagsamlinger er det ikke opplagt hvilke sammenslåinger som ville

være mest hensiktsmessige med hensyn på nye faglige muligheter. Det ble derfor konkludert at det ville være gunstig å begynne med 7 institutter og bruke strategiprosessen til å utrede disse mulighetene bedre for så å havne på 5 institutt. Det er eksempler på andre fusjoner i sektoren som




Mohnsenteret for innovasjon og regional utvikling

har anvendt en slik flertrinnsprosess. Figuren viser også Mohn-senteret siden det er et gjensidig ønske fra senteret og ledelsen ved FIN om at senteret skal være knyttet til FIN. Det er her et tett samarbeid innen forskning og utdanning. Vi vil vektlegge dette når senterstrukturen skal bli vurderes nå fremover.

Høringsforslaget

Høringen som ble sendt ut i slutten av juni med svarfrist i slutten av august, hadde basert på dette to hovedmodeller for instituttstruktur: En med 7 institutt og en annen med flere alternativer med 5 institutt der to og to fagmiljø/ eksisterende institutter, slås sammen. Disse mulige sammenslåingene har kommet frem etter en krevende dialog mellom aktuelle fagmiljø som altså har relativt lite kjennskap til hverandre.

Modell 1: 7 institutt:



* Omtrent halvparten av de ansatte på IDR underviser studenter på andre institutt. Tallet på studenter som undervises av instituttet er derfor reelt sett høyere.

Modell 2: 6 alternativer som resulterer i 5 institutt:

- 2.1. Institutt for bygg og miljøvitenskap, Institutt for maskin og elektro
- 2.2. Institutt for bygg og miljøvitenskap, Institutt for data og elektro
- 2.3. Institutt for maskin og sikkerheit, Institutt for data og elektro
- 2.4. Institutt for maskin og sikkerheit, Institutt for bygg og miljøvitenskap
- 2.5. Institutt for bio/ kjemi og sikkerheit, Institutt for maskin og elektro
- 2.6. Institutt for bio/ kjemi og sikkerheit, Institutt for data og elektro

Resultat fra høringen

Det var i alt 16 av 25 høringsinstanser som svarte på høringen. Tilbakemeldingen fra høringsinstansene var klar. Alle, kanskje med unntak av studentrådene, var tydelige på at man ønsket å starte med modellen med 7 institutt. Når det gjelder tilbakemeldingen på alternativene på 5 institutt var det tydelig at det ikke var noen klar enighet om hvilke fagmiljø som burde slå seg sammen i en modell med 5 institutt. Det som gikk igjen i tilbakemeldingene fagmiljøene var forslag på at andre fagmiljø enn dem selv burde slå seg sammen. Et utdrag av høringssvarene er samlet i Tillegg 2.

Innstillingen fra dekanen om faglig organisering i FIN

Utfordringen med så mange muligheter med både profesjons- og disiplinlag, er at det krever tid til å identifisere de mest gunstige koblingene. Samtidig er faglig organisering et av de viktigste redskapene i strategisk utvikling av fakultetet. Det vil være viktig for FIN sin ambisjon om å styrke kvalitet i forskning, utvikling, utdanning og innovasjon. Det vil i sin tur påvirke den evnen fakultet har til å bidra i å fylle universitetsambisjonen og ha høy kvalitet i forskingsarbeidet. Samtidig vil det kunne ha mye å si for å kunne utvikle miljø med fremragende undervisning, som i sin tur er viktig for å vinne fram i konkurransen om (gode) studenter.

FIN er sammenlignbar med Fakultet for teknologi, naturvitenskap og maritime fag ved Høgskolen i Sør-Øst Norge (HSN), både når det gjelder faglig profil og størrelse. Med ca. 250 årsverk og 2700 studenter er de organisert i 6 institutt over 4 camp, mens FIN har ca. 250 årsverk og 3700 studenter over 4 camp. Begge er også et resultat av fusjon mellom 3 høyskoler.

På HVL er det forskjeller mellom fag og ikke minst i tallet på ansatte og studenter på de tilknyttede utdanningene. På utdanningene for lærer og helse er det få program, men noen med svært store studentvolum. Innen ingeniør og naturvitenskap er det mange program, men med relativt mindre studentvolum på hvert program. Det samme bildet ser man for øvrig i resten av sektoren, og der er det løst med at fakultetene med ingeniørfag og naturfag/vitenskap normalt sett har flere institutter enn fakultet med lærerfag og helsefag.

FIN skal gi støtte til en stor bredde av samfunnslivet, som for eksempel offentlig sektor, næring og helse foretakene. En ser derfor at det er en fordel at en instituttleder leder et institutt med faglig bredde som ikke er større enn at instituttlederen kjenner denne godt. Med en for stor faglig bredde i samme institutt er det utfordrende med god representasjon for en instituttleder i ekstern samhandling, og internt i ledergruppen på fakultetet.

Konklusjon

Gjennom høringen, og ellers grundige diskusjoner, har det kommet fram et sterk ønske om å bruke den kommende strategiprosessen som starter i høst til å se på hva som er beste instituttstrukturen for FIN. Da vil det være bedre tid til å vurdere de ulike faglige koblingene, og da spesielt mulighetene ved å dele eksisterende miljø og etablere heilt nye konstellasjoner. En slik prosess i to skritt vil være gunstig for å hente ut potensialet i det nye fakultetet. Strategiprosessen vil innebære en rekke samlinger av fagmiljø som gjør de tryggere på hverandre, og dermed gjør det lettere å finne de optimale koblingene. I tillegg til de faglige vurderingene, blir kostnadene med denne prosessen på sikt neppe høyere enn ei mer usikker sammenslåing av institutt/miljø fra dag en. Ikke minst fordi det med denne løsningen høyst trolig vil gå raskere å få instituttledere på plass. Det vil da heller ikke være nødvendig med et kompliserende nivå under instituttlederne. Med en slik flat struktur sikrer man en kort vei mellom fagpersoner og ledelsen, og en ledelse som kjenner studieprogram/forskningsretninger godt.

Dekanens sitt primære valg er derfor at FIN starter opp med 7 institutter, og så bruker en strategiprosess for avdekke de beste faglige sammenslåingene. Målet er da å sette sammen en ny instituttstruktur i løpet av første åremålsperioden. Hvis fakultetet må starte opp en modell med 5 institutt fra dag en - vil dekanen foretrekke å ta utgangspunkt i modellen med 7 institutt, og å slå sammen følgende fagmiljø (modell 2.6):

1. Data/Realfag/Elektro (til Institutt for Data og Elektro, 78 ansatte, 18 stipendiater og 905 studenter)
2. Bio/Kjemi/Brann/HMS (til Institutt for Bio/Kjemi og Sikkerhet, 47 ansatte, 6 stipendiater og 434 studenter)

Merk at det i så fall er nødvendig med mer til endelig navnssetting.

Slik det ser ut nå, er det ønskelig med 3 prodekaner ved FIN: Utdanning, FoU og Innovasjon

Tillegg 1 Føringer og prinsipper for instituttstruktur ved HVL

Fusjonsplattformen

Fusjonsplattformen¹ sier noe om faglig organisering, spesielt på fakultetsnivået, men som også innvirker på instituttnivået.

- *Dei største profesjonsutdanningane skal bli tilbydd i dei tre nærregionane. Andre sterke fag og utdanningar skal ha gode utviklingsmoglegheiter i Høgskulen på Vestlandet*
- *Høgskulen på Vestlandet skal ha få og store einingar på nivå 2 i samband med utgreiinga av den faglege organiseringa skal det særskilt vurderast korleis disiplinmiljøa best kan vidareutviklast og styrkje den faglege profilen til Høgskulen på Vestlandet*
- *Høgskulen på Vestlandet skal ha felles utdanningsløp med rom for å utvikle faglege profilar etter eigenart og lokale behov*
- *Det skal vere utdanning på masternivå på alle studiestadane*
- *Master- og doktorgradsutdanningane skal gje meirverdi for nærregionane*
- *Ph.d.-programma skal støtte og byggje på profilen og satsingsområda til Høgskulen på Vestlandet*
- *Høgskulen på Vestlandet skal ha ei organisering som òg styrkjer forskingsposisjonen regionalt, nasjonalt og internasjonalt*
- *Det skal vere representantar frå nærregionane i råd og utval*

Fusjonsplattformen nevner også noen punkt under faglig ledelse som har betydning for instituttnivået.

.....

- *Tilsette skal ha nærleik til fagleg leiing og personalleiing.*
- *Som hovudregel skal leiarar i den nye institusjonen ha personalansvar for ikkje fleire enn 20-30 tilsette*

Prinsipper for nivå fra prosjektgruppen

Prosjektgruppen som jobbet med delprosjektet ledelse og faglig organisering arbeidet i hovedsak med modeller for fakultetsnivået, men de satte også opp hva som bør være grunnleggende prinsipper for organisering på instituttnivået. Disse prinsippene sluttet styret seg til i februar 2017.

1. Campusovergripande

Einingar på nivå 3 skal i utgangspunktet vere campusovergripande. Dette er sjølvve essensen i fusjonen, og grunnlaget for å auke kunnskap og kompetanse gjennom deling. Med campusovergripande meiner vi at alle einingar på nivå tre minst skal femne om to nærregionar.

2. Store institutt

Alle tilsette i vitenskapelig stilling skal vere tilsett på eit institutt eller andre formelle einingar på nivå tre. Det vert tilrådd store institutt for å sikre samanhengar mellom breidda i bachelorprogram, grunnlaget for masterprogram og høvet til å sikre god kopling mellom forskingsaktivitet og undervisning.

3. Alle institutt skal ha kapasitet til masterprogram

Studentar ved HVL skal ha høve til å studere på alle syklusnivå. Prosjektgruppa ser det difor som viktig at alle institutt har minst eitt mastertilbod med god rekruttering og med forskingsmiljø, fagleg kvalitet og innretning som gir grunnlag for opptak til ph.d. – utdanning²⁹.

4. Studenten i sentrum – utdanning er primærverksemd

¹ Avtale om gjennomføring av fusjon mellom Høgskolen i Bergen (HiB), Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) og Høgskolen Stord/Haugesund (HSH)

Etableringa av institutt tek utgangspunkt i utdanningsprogram/studieprogram med naturlege samanhengar, gitt den profilen fakultetet har. Det er studentane sine faglege behov og kandidatproduksjon som er den primære rettesnora.

Prosjektgruppen drøftet også i tillegg om det bør være noe frihet i forhold til valg av organiseringsform og om studentnære administrative funksjoner skulle være tilstede på instituttnivået.

Tillegg 2: Innspill fra høringen

«Denne modellen foretrekkes av instituttet. Den er profesjonsbasert og gir Institutt for elektrofag en rimelig størrelse både når det gjelder ansatte og studenter. Modellen vil vedlikeholde den gode kvaliteten i undervisning samt være den som kan gi rom for forskningsvekst innen elektrofag..... Denne modellen gir oss arbeidsro og mulighet for å lykkes med vår undervisning og forskning samt samordning med HiSF og HSH.»

«Fagleg organisering bør vere basert på fagleg fellesskap innan utdanning og forskning. 7-instituttmodellen er den modellen som best nyttar fagleg fellesskap som grunnlag for instituttorganisering.»

«Sju institutt vil gi bedre mulighet til å sette studenten i fokus, siden de ulike studieretningene fortsatt vil ha lokal ledelse som kjenner studieporteføljen og kan legge til rette for optimale læringsforhold. Nærhet er et av punktene som er nedfelt i fusjonsplattformen.»

«Flat struktur sikrer kort vei mellom fagpersoner og ledelse, og en ledelse som kjenner studieprogram/forskningsretninger godt.»

«Alle sju institutt har en fornuftig størrelse med 20-46 ansatte (maks differens 26 ansatte mellom det største og det minste instituttet)»

«Flere fakultet innenfor ingeniør- og naturvitenskap/MatNat fagene på andre høyskoler/universiteter består av seks til ni institutt (NTNU: <https://www.ntnu.no/fakulteter>, UiB: <http://www.uib.no/om/73841/fakulteter-og-institutter>, UiO: <http://www.uio.no/om/organisasjon/#vrtx-main-content-2>, HSN: <https://www.usn.no/om-hsn/organisering/fakultetene/fakultet-for-teknologi-naturvitenskap-og-maritime-fag/>). Sju institutt vil være en størrelse som tilsvarende fakultet med denne faglige bredden har ved andre institusjoner som HVL kan sammenlikne seg med.»

«Høgskulen i Sørøst-Norge (HSN), som HVL har brukt som modellhøgskule for fusjonen, har valgt å ha relativt mange institutt per fakultet, men tilpassa mangfoldet innanfor fakulteta (helse og sosial har der 3 og teknologi og naturvitenskap har 6). HVL bør kunne vera like fleksible og tilpassingsdyktige som HSN.»

«Å i hvert fall starte opp med denne modellen gir fakultetet større frihet og bedre tid til å jobbe videre med å identifisere gode mulige sammenslåinger basert på faglig innhold og ønskene fra fagmiljøene, og muliggjør en ekte strategiprosess basert på faglig argumentasjon, som er nødvendig for å opprettholde og styrke kvaliteten i både undervisning og forskning»

«FIN har mange utdanningsprogram, og det er naturleg at ein endar opp med fleire institutt på dette fakultetet enn på dei andre fakulteta på HVL.»

«7 institutt... vil også gje ein anna tyngde til fakultet og avdelingsleiing som då vert den reelle overordna strategiske og økonomiske eininga, enn ved færre institutt då institutta gjerne framstår som minifakultet.»

I høringen ble det også omtalt at stegvise prosesser for å bestemme instituttstrukturen er vanlig i vår sektor.

«I en rekke andre fusjonsprosesser (NMBU, UiT, NTNU) har man gjort stegvise endringer og latt eksisterende fagmiljø få «sette seg» i ny organisasjon før man i neste omgang vurderer videre fusjoner. Dette prioriterer faglige framfor rene organisatoriske hensyn og møter premisset om at organiseringen av nivå tre skal foregå «bottom-up» og ikke «top-down». Det er en sterk forventning om dette i fagmiljøene.»

Andre peker på at denne modellen gir lite «støy» av omorganisering, mindre behov for understruktur, bedre muligheter og fokus for å samordne studieprogrammene, lønnsbudsjett på fakultetet, institutter med omtrent lik størrelse og struktur, gjenkjennbarhet for industrien og samfunnet rundt og størst økonomisk forutsigbarhet.

Høringsinstansene pekte på en del problemstillinger med en modell på 5 institutter.

«Modellene med fem institutt fører til større geografisk spredning og større faglig bredde innenfor instituttene. Dette vil gi større utfordringer på ledelsesnivå 3 (og 4?).»

«En bør prøve å oppnå en struktur som har omtrentlig like mange studenter og ansatte. Det er viktig å beholde en struktur som ivaretar de klassiske studiene. Denne modellen kan bli uhåndterlig uten en god understruktur.»

«Dei ulike fagområda vil verte mindre synlege i eit stort institutt enn i eit lite institutt.»

«Sikkerhet (brannsikkerhet og KHMS) bør ikke knyttes opp mot et spesifikt fagområde. Sikkerhet vil være relevant innen mange forskjellige fagområder. Det uttrykkes bekymring for at sikkerhet vil «drukne» som satsingsområde ved sammensmelting med et annet stort institutt.»

«Fagmiljøet ved AIN-Sogndal er her (mrk. alternativ 4) samanslått med fagmiljø ved byggmiljøet i Bergen. Det finst noko komplementære fagmiljø innan arealforvaltning og planlegging, men utifrå vår kunnskap gjeld dette om lag 5 % av dei tilsette ved desse to fagmiljøa samla og difor neppe nok som fagleg argument for at dette bør bli eit eige institutt. Å flytte arealplanleggingsmiljøet i Bergen til Institutt for miljøvitskap kan vera ein mulegheit på sikt, men desse sørvar to heilt ulike formål så dette må vera ein ønskja prosess frå det fagmiljøet for å kunne gje ein fagleg gevinst. Skilnadane innanfor det føreslåtte instituttet vil bli så store at vi vanskeleg kan sjå at ein kan drive god og effektiv fagleg leiing som instituttleiar.»

«Deler av Institutt for elektrofag (spesielt elkraft) ligg fagleg svært langt frå data- og realfag. Samarbeid mellom dei to instiutta er viktig, men vi meiner at vi kan få dette til på tvers av instituttgrenser.»

«Argument for sammenslåing er at det forventes at det automatisk skal gi tverrfaglig aktivitet, økt kvalitet og effektivitet, men det er vanskelig å se at dette er mulig ved en sammenslåing av Elektro og Data/realfag. Det er en reell risiko for at dersom en prøver å slå sammen institutter kan det gå ut over den daglige driften og arbeidet som gjøres med å samordne elektrotilbudene fra hele HVL.»

«I alle forslagene som er presentert ser vi kulturelle utfordringer i sammenslåing av fagmiljøer som er inhomogene og har ulike historisk bakgrunn.»

«Her er det mange ulike modellar der ein har prøvd å kombinere noverande institutt og fagmiljø til færre institutt. Dette er ein utfordrande oppgåve då institutta gjerne er bygd opp rundt eksisterande studieprogram og det difor berre er logisk å slå saman fagmiljø med felles eller tilgrensande studieprogram og fagmiljø og/eller fou-aktivitet slik som føreslått i 7-institutt modellen. I alle modellane med fem institutt vil ein ha einingar med svært varierende storleik. Dette kan gje utfordringar i den interne dynamikken i leiargruppa ved fakultetet og er ikkje alltid gunstig. Vi meiner likevel ikkje at dette er det viktigaste då akademiske institusjonar i århundrer har vore van med å ha ulike storleik på einingar på same nivå (fakultet og institutt).»

«Forskerforbundet vil presisere at å ha syv institutt både på kort og også på sikt er det faglig mest fornuftige. Det er den faglige utviklingen i hvert enkelt fag/fagområde som ev. må ligge til grunn for eventuelle faglige sammenslåinger dersom det skal vurderes på sikt, ikke usikre økonomiske, administrative- eller størrelsesmessige forhold.»

«Bygg, maskin og elektro er vesentlige for å bygge og drifte vårt samfunn. Selv om alle tre er vesentlige for eksempel ved bygging av skip, er det tette skott mellom disiplinene, en maskiningeniør vil ikke kunne utføre oppgavene til en skipsingeniør, eller en elkraftingeniør. Det er nærmest ingen mobilitet mellom de forskjellige ingeniørfagene verken ved førstegangs ansettelse i yrkeslivet og eller seinere i karrieren. Dette er reflektert i arbeidslivet og AIØs gjeldende strategi.»

Det blir også stilt spørsmål om det vil bli færre ledere med 5 institutt, og at det er uklart om det er en mer økonomisk løsning. Men enkelte av høringsinstansene viser til at det kan bli mer tverrfaglighet og effektivitet ved færre institutt. Det ble også hevdet at med 5 institutt vil instituttene kunne få en større faglig bredde, i motsetning til 7 institutt der hvert institutt vil bli mer eller mindre monofaglig.

Styresak om instituttstruktur – Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap ved dekan Anne Robbestad

Prosess

I prosessen er det søkt å sikre ei brei involvering. Sidan nyttår er det gjennomført fleire samlingar og møter på dei ulike campusane og på tvers av fagmiljø og studiestader. Instituttleiar for økonomi og administrasjon, Bergen, Tom Skauge (delegert frå dekan), dekan Anne Grethe Naustdal, Sogndal, og dekan Anne Robbestad, Haugesund, har hatt jamlege møte om prosess og utvikling av dei ulike modellane. På Vestibyen ligg prosessplanen som syner alle møta som har vore gjennomført.

Fagmiljøa har vore aktivt med i utforminga av dei modellane som låg føre til høyringa.

Det har vore utarbeidd fleire modellar basert på to hovudperspektiv; disiplin/fagbasert og utdanning/profesjonsbasert. Modellar knytt til disiplinorganisering mangla støtte i fagmiljøa og vart difor ikkje utvikla vidare. Dette har samband med konsentrasjon av tilsette og studentar kring utdanningane på dei ulike studiestadane. Det blei i tillegg påpeika at nautikkutdanninga ikkje ser det hensiktsmessig å organisere seg disiplin/fagbasert og dei ynskja heller ikkje å vere i eit felles institutt med samfunnsfagmiljøet i Sogndal. Fagmiljøet har ein spesiell posisjon i norsk samband, og det å synleggjere dette som eige institutt meiner nautikkmiljøet kan bidra til posisjonering av miljøet nasjonalt og internasjonalt. Dette er i tråd med HVL si rapport om fagleg plattform, profil og strategi som stadfestar at utdanninga kan hevde seg nasjonalt og internasjonalt innan profilen teknologi, berekraft og samfunn.

Høyringsperioden på dei tre utvalde modellforslaga var 16.-30. august 2017. Desse ligg vedlagt saka (uttrykt vedlegg). Høyringsinstansane har innhenta innspel frå sine tilsette, medlemmar og kollegaer. Det er i tillegg gjennomført høyringsmøte på alle campus, der fag- og administrativ tilsette, tillitsvalde og studentar var invitert. Innspel frå høyringsmøta inngår i høyringssvara frå instituttleiarane/studieleiarane.

Modellane i høyringsbrevet hadde ein del likskap. Det var i alle tre modellane brei semje om at nautikk og samfunnsvitskap bør organiserast i eigne institutt.

I samband med ny organisering i UHR, utalte Nasjonalt råd for økonomisk-administrative utdanning (NRØA) at dei ikkje så det som hensiktsmessig å definere øk-adm.-utdanninga saman med samfunnsvitskaplege fag. I forslaget til ny organisering er samfunnsvitskap og øk.adm organisert som to fagstrategiske einingar. Nautikk sorterer under ein tredje. I tillegg er grunnutdanningane og dei tilsette sin fagleg bakgrunn ulik.

Nautikkutdanninga har ein spesiell posisjon i norsk samband, og det å synleggjere dette som eige institutt kan bidra til ytterlegare posisjonering av miljøet nasjonalt og internasjonalt. Utdanninga har også behov for ein instituttleiar med maritim operativ bakgrunn – for å sikre legitimitet både internt og eksternt og ein fagkunnskap og regelverksforståing som er essensiell for kvalitetsmessig god drift og utvikling. Sjøfartsdirektoratet stiller krav til kvalitetssystemet som ligg til grunn for godkjenninga som maritim opplæringsinstitusjon. Av denne grunn har nautikk eit eige kvalitetssystem og eit sett med regelverk som er unikt i institusjonen. Samarbeidet med institusjonane som driv maritim sertifikatopplæring, både gjennom M2020 og andre samband og spesielt i top-down prosjekt, synleggjer behovet for stor autonomi og kort vei til fakultetsleiinga.

Med eit eige institutt vil det samfunnsvitskaplege miljøet på sikt kunne vere vertskap for dei andre samfunnsfaglege miljøa innan HVL, t.d. dersom den føreståande strategiprosessen skulle vise seg at dette kan vere ei fornuftig løysing.

I styrehandsaminga av kva fakultet HVL skulle ha, blei det vektlagt at Fakultet for økonomi- og samfunnsvitskap (FØS) nettopp skulle ta i vare dei faglege tilboda som har stor relevans for regionen og som ikkje har naturleg eller omfattande kopling til dei meir profesjonsretta utdanningane. Det vart difor føreslege tre avgrensa institutt/school som synleggjer særprega til dei enkelte utdanningane- noko som igjen var utgangspunktet for oppretting av «det fjerde fakultetet».

Det har vore ein føresetnad i alle modellforslaga å behalde og vidareutvikle samarbeid mellom institutt/school i FØS, samt samarbeidet med andre fakultet og eksterne partnerar.

Det er vidare semje om at samarbeid på tvers av institutta må ivaretakast av tverrgåande faggrupper. Institutt/School skal ha både forskning- og utdanningsansvar. Samarbeid på tvers av og internt i institutta vil takast i vare av tverrgåande disiplin-/faggrupper. Det same gjeld for forskingsgrupper på tvers. I tillegg må ein sjå vidare på understrukturar for studieprogramkoordinering for å sikre ei god utdanningsleiing.

Dei tre modellane har mykje likskap. Modell 1 har ein organisering med 3 institutt, alle leia av ein instituttleiari og er organisert etter grunnutdanningane som hovudprisnipp. Modell 2 skil seg med at det største miljøet er organisert som ein school, med tre likeverdige leiarar (kollektivt leiarskap) i tillegg til 2 mindre institutt med kvar sin instituttleiari (3 einingar på nivå 3, med 5 leiarar). School er organisert med faggrupper etter disiplin i staden for utdanningsprogram. I modell 3 er det 5 instituttleiarar, der 3 instituttleiarar ved øk.adm-miljøet er campusorganisert under ei School-organisering.

Høyringsvara viser at fagmiljøa ikkje er samde om kva for ein modell som vil vere mest gunstig organisering av instituttstrukturen i Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap. Alle tre modellane blir av ulike høyringsinstansar og med ulike grunngjevingar fremja som den mest hensiktsmessige. Frå fagmiljøa (høyringsinnspel frå studie-/instituttleiinga) i dagens struktur finn vi at alle dei tre øk/adm.-miljøa fremjar ulike modellar, medan nautikk- og samfunnsvitskap begge fremjar modell 1. Øk/adm-miljøet i Haugesund fremjar berre modell 1 som sitt alternativ. Øk.adm.miljøet i Sogndal fremjar modell 2, med modell 3 som alternativ. Fagmiljøet i Bergen fremjar modell 3, med modell 2 som sitt alternativ. Blant fagforeiningane svara Akademikarane modell 1, medan Forskarforbundet føretrakk modell 2.

Argumenter knytt til val av modell 3 har vært at dei 5 institutta i FØS er vel fungerande einingar i dag. Organisasjonen på nivå 3 skal ha ansvar for omfattande fagleg innovasjon med samordning av undervisning - emne, og program og samarbeid om FOU og formidling i åra som kjem. Høyringsinstansar meiner difor at ny organisasjonen må sikre stabil fagleg organisering for å realisere dei viktige måla med fagleg samarbeid i fusjonen. Høyringsinstansane som ikkje ynskjer modell 3 meiner at den er for lik noverande løysing og at den sementerer dagens struktur. Samstundes kan den opplevast som ei svært lukka eining, med geografisk avgrensa institutt innanfor same fagområde. Å byggje samarbeid på tvers av geografi og på tvers av fag kan bli ressurskrevjande i denne modellen i ein oppbyggingsfase av HVL som ein ny institusjon. Også internt i School'en kan det bli ein ressursdiskusjon som vil kunne krevje mykje merksemd i ein oppstartsfase, og det måtte i tilfelle leggjast til rette for ein overgangsstruktur.

Fakultetsdekan støtter ikkje modell 3, da den bryt med fleire grunnleggande prinsipp for fusjon; å slå saman like fagmiljø til campusovergripande og store einingar.

I høyringsfråsegna er det enkelte innspel knytt til namn på både institutta og School (der det er omtala). Namn på einingane er ikkje avklart no. Prosess på endelege namn skjer i etterkant av at strukturen er avklart. Utover dette visast det til høyringsbrev og høyringsssvar.

I det vidare beskriv og grunngir fakultetsdekan ynskja modell.

Ynskja modell (modell 1)

Modellane kan ved fyrste augekast virke svært like, og det kan vere vanskeleg å sjå ein tydelig forskjell mellom dei ulike modellane. Modell 1 skisserar tre institutt med noko ujamn størrelse. Størrelse på dei to minste institutta er i dag på om lag 20 personar kvar (nautiske fag og samfunnsvitskap), medan det største instituttet (øk.adm) har om lag 80 tilsette og eit spenn over tre campus. Institutt for samfunnsvitskap går over to campus no som Master i organisasjon og leiing også går i Haugesund. Ved å leggje til rette for at leiar av det største instituttet har assisterande leiarar (her kalla viseinstituttleiar) med stadleg ansvar i dei to andre nær regionane, vil ein kunne ivareta prinsipp om leiarspenn og behov for stadleg leiar/kort veg til nærmaste leiar. Instituttleiarane vil kunne ha både strategisk og operativt ansvar for utdanningsportefølje og forskning på dei ulike utdanningsnivåa og på tvers av campus og nærregionar. Leiararar sine funksjons- og ansvarsområde vil bli nokolunde like i dei tre institutta, men det vil vere behov for å delegere/fordele til viseinstituttleiarar med stadleg ansvar i nær regionane i det største instituttet (øk.adm.). Høyringsinnspel visar til at det største instituttet vil måtte opne opp for eit nivå 4 med viseinstituttleiarar. Om viseinstituttleiarar skal liggje på same nivå som instituttleiar eller eit nivå under, er ikkje avklart på noverande tidspunkt.

Bakgrunn for at det i modell 1 er *ein* leiar på øk.adm. (og ikkje 3) er behovet for å synleggjere oppbygging av eit felles øk.adm.-miljø med felles praksis og mest mogleg gjennomgåande studieprogram. Erfaringar i noverande struktur har vist at det ikkje er like enkelt med delt leiding når det er naudsynt med endringar.

Det er i modell 1 ikkje teke stilling til om øk.adm.-instituttet skal heite institutt, eller om namnet av marknadsomsyn bør organiserast som ein 'School'. Strategiarbeidet vil avklare kva nemning som er mest hensiktsmessig. Det særeigne med modell 1 er at fagmiljøet for øk.adm.-utdanningane har ein felles leiar og ei leiargruppe med to viseinstituttleiarar som sikrar stadleg leiding på campus og som gir eit leiarspenn som ikkje er større enn 20-30 tilsette.

Linene er klåre og det er tre institutt som utgjer den faglege aktiviteten med instituttleiarar på kvar av institutta. Med omsyn til fagleg samordning og fagutvikling føreset denne modellen (som dei andre) at ein ser nytten og gevinsten i slike tiltak, spesielt vert dette sentralt på øk.adm.-instituttet som må ha viseinstituttleiarar for å tilfredstille fusjonsplattforma sitt krav om stadleg leiding og at styringsspennet skal ligge på under 30 tilsette pr. leiar.

Vurdering og grunngiving

Sett frå fakultetsdekanen si side er modell 1 ein ryddig modell med klåre linjer. Hovudprinsippa er at organiseringa byggjer på utdanningsområda og at institutta er campusovergripande der det er hensiktsmessig. Eit stort institutt (øk.adm.) vil kunne gje større synergjar gjennom å samle fagmiljøa på tvers av campus og med einsarta leiding, medan ein framleis varetek stadleg leiding.

Det prinsippet som har vore særleg framståande i diskusjonar kring val av modell, har nettopp vore føringa om einskapleg leiding og at tilsette skal ha nærleik til både fagleg leiding og til personalleiing. Fakultetsdekan meiner at modell 1 varetek dette gjennom ei utforming som er oversiktleg for interne og eksterne, samt er lett å implementere.

Avgjerdslinjer er tydelege i modellen, og det opplevast som ein fordel at det er ein leiar per institutt. Modellen legg vidare opp til felles studieprogram og kan på denne måten ta i vare det enkelte campus utan at den same utdanninga ved dei ulike campus må «kjempe mot kvarandre». Tilsette og studentar kan oppleve å vere ein del av ein felles eining, noko som forhåpentlegvis kan bidra til meir

samarbeid innanfor instituttet og på tvers av campus. I tillegg vil institutta sin innflytelse i fakultetsleiinga vere lik, gitt at kvart institutt har ein instituttleiar. Det er ikkje størrelse på institutt som er avgjørende. Koplinga mellom samfunnsvitskap og organisasjonsfaga blir svært viktig. Instituttleiarane vil få ei viktig oppgåve med å styrke kompetansen gjennom samarbeid på tvers av geografi og institutt.

Det er blitt problematisert at ein ikkje kan klare å ta i vare dei geografiske sær eigenheita som har utvikla seg i øk/adm ved å samle utdanningane i eit institutt med ein instituttleiar. Fakultetsdekan er derimot av den oppfatning at modell 1 er den mest tydelege og vil gi rom for vidareutvikling av alle campus gjennom tett samarbeid med studentar på campus og instituttleiinga gjennom nettopp stadleg leiing. Instituttleiar, saman med viseinstituttleiarane, vil kunne avgjere kva som er generisk og dermed kosteffektivt å drive på tvers, og kva som er spesialisering/profil (særeige) på kvar campus. Slik kan ein framleis gje eit breitt valtilbod til studentane, samstundes som ein frigjer ressursar ved å drive effektiv i ei større eining .

Høyringsinstansar har problematisert at det kan bli ei litt lengre linje opp til fakultetsleiinga for tilsette i det største instituttet . Ein er bekymra for at dette kan føre til ulik handsaming av dei tilsette ved fakultetet. I tillegg er det det nemnt at handlekrafta kan bli redusert i den daglege drifta og at strukturen kan føre til meir byråkratisering. Auka byråkratisering og behov for meir detaljerte prosedyrar er også brukt som argument for ikkje å velje modell 2 og 3. Om den kollektive leiinga i modell 2 ikkje fungerer optimalt, vil det kunne føre til utfordringar med likehandsaming og utløyse behov for standardiserte prosedyrar. I modell 3 vil tre likestilte institutt kunne føre til ein 'overadministrering' for å sikre likehandsaming. Fakultetsdekan vurderer difor at modell 1 har den mest tydelege og lett forstålege strukturen. Det er likevel avgjerande at instituttleiar i øk/adm.-instituttet etablerer eit tett og godt team med viseinstituttleiarane og slik sikrar likehandsaming og einskaplege tilbakemeldingar i sin kommunikasjon.

Vurder korleis modellen svarar på prinsipp frå styret:

I prosessen med utarbeiding av ulike modellar for instituttstruktur, har dei ulike føringane frå fusjonsplattform, prinsipp for organisering av nivå 3 frå fusjonsprogrammet og føringar og innspel frå fagmiljøa vore eit utgangspunkt og diskusjonsgrunnlag. Det er viktig å merke seg utfordringa med å leggje prinsipp og føringar til grunn, samstundes som ein må finne *den mest hensiktsmessige* organiseringa for vidare utvikling av fakultetet. Nokre av prinsippa som ligg til grunn kan til tider opplevast å stå i konflikt til kvarandre.

Modell 1 svarer godt på dei prinsippa og føringane som føreligg, har ein tydeleg struktur og er lett å kjenne seg att i for tilsette og studentar. Satsingsområda i fakultetet blir godt synleggjort.

Modellen er gunstig med tanke på framtidige akkrediteringar, med omsyn til storleik på fagmiljø.

For den enkelte tilsette i øk.adm.-instituttet, vil det kunne bli noko lengre veg til toppleiinga. Det kan også sjåast på som ei ulempe at modellen har to små og eit stort institutt. Men erfaringar frå ATØM (HSH) og ASF (HiSF) med ulike størrelsar syner at dette ikkje er problematisk dersom organiseringa er hensiktsmessig. Utvikling vert ikkje stoppa av størrelse (det er potensialet som tel) og kan opne for fleksibilitet. Under følger ei kort vurdering/oppsummering av dei enkelte punkta/prinsippa frå styret:

a) Store institutt

Tatt i betraktning av Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap består av vel 120 tilsette, så svarar modellvalet på bestilling om robuste fagmiljø og få institutt. Størrelse på dei to minste institutta er i dag på om lag 20 personar kvar (nautiske fag og samfunnsvitskap), medan det største instituttet (øk.adm) har om lag 80 tilsette og eit spenn over tre campus. Instituttet for de nautiske faga har i

dag ca. 200 studentar, instituttet for samfunnsvitskaplege fag har ca. 300 og øk.-adm-faga har om lag 1600 studentar (registrerte studentar V-2017).

b) Campusovergripande

Øk-adm. er per definisjon campusovergripande slik det er føreslege i modell 1. Institutt for samfunnsvitskap går over to campus no som Master i organisasjon og leiing også går i Haugesund. Det ligg eit stort potensiale for campusovergripande aktivitetar både knytt til vidareutdanningar og masterutdanningar, men og i forhold til profilval/spesialisering i dei enkelte grunnutdanningane. Dette vil kople dei tre institutta/school saman.

c) Fagleg sterke nok til å kunne bære eller utvikle master

Institutta bærer eigne masterprogram i den føreslegne modellen. Det maritime/nautiske bærer i tillegg ein delt phd.

d) Organisert etter utdanningar/studentane sine behov

Strukturen er lett å kjenne seg att i for tilsette og studentar. Det er enkelt for potensielle studentar å vite kvar ein skal vende seg. Organiseringa tek utgangspunkt i utdanningsprogram /studieprogram med naturlege samanhengar, gitt den profilen fakultetet har. Dei tre satsingsområda i fakultetet blir godt synleggjort.

Modellen er godt eigna og tilrettelagt for samhandling internt innan eit samla øk-adm. fagmiljø og har ein enkel leiingsmodell som er tydeleg og lett forståeleg. Den er enkel å kommunisere både internt og eksternt.

Gi faglige begrunnelser for eventuelle avvik frå prinsippa

Dei to minste institutta er ikkje i same grad campusovergripande i dag, men dette er allereie omtala og grunngjeve innleiingsvis.

Vurder korleis valt organisering kan bidra til å oppnå visjonar/mål andre føringar.

Modellen legg til grunn at aktivitet i form av både utdanning, forskning og samhandling vil skje på tvers av institutt og er godt eigna til å ta strategiske avgjersler. Modellen gir dekan god muligheit til å byggje ei vel fungerande og strategisk god leiargruppe. Den legg også til rette for muligheit til stor grad av autonomi (delegasjon).

Beskriv eventuell forutsetningar og/eller vurder svakheiter ved modellane(e) og beskriv tiltak som kan kompensere for desse

Dette er vurdert under omtale av modellen(-ane).

Alternativ modell (modell 2)

Fakultetsdekan er tydeleg på at det er modell 1 som er ynska. Som eit mogleg alternativ, vurderer fakultetsdekanen modell 2. Dei største ulikskapen mellom modell 1 og 2 er knytt til namn på eining (innføring av School-omgrep). I tillegg vil modell 2 ha 5 leiarar på nivå 3 fordelt på 3 einingar. Fakultetsdekan ser at denne modellen har ein del støtte frå aktuelt fagmiljø og at fleire ser på det som eit kompromiss. Av den grunn skisserast modell 2 som eit alternativ.

Dei økonomisk-administrative fagmiljøa vert i denne modellen foreslått organisert som ein Business School. Business School vil som i modell 1 (øk.adm.-institutt) telle om lag 80 tilsette.

Bakgrunnen for å foreslå dei økonomisk administrative studia organisert i ein School er at dei er samansett av ein del disiplinær. NRØA deler fagområda inn i 5 + 1, men i denne samanhengen er det

truleg meir rett å snakke om 8 disiplinar (samfunnsøkonomi, bedriftsøkonomi/rekneskap, finans, marknadsføring, organisasjon/leiing, metode/matematikk/statistikk, etikk og jus). Øk.adm.-tradisjonen er, og har vore, disiplinorientert, i motsetning til det som har vore tradisjon i mange profesjonsutdanningar. Det er mellom fagfolk på dette nivået utvikling av emne, emneplanar og didaktikk går føre seg. På grunnlag av dette er det derfor viktig at det blir så få sperrer, nivå og korte tenestevegar som råd for at dette «fagutviklingsnivået» skal få best handlingsrom. Leiarnivået kan i denne modellen vere på eit nivå (nivå 3) og disiplinkoordineringa vil kunne vere tverrgående (matrise) under nivå tre saman med studiekoordinatorar/-leiarar eller liknande.

School-omgrepet er føreslege for å i større grad tilpasse seg marknadssituasjonen. Det er eit kjent omgrep i internasjonal samanheng og i akkrediteringsrundar opplevast det difor betre. I tillegg sel det truleg betre i rekrutteringssamanheng - både mot tilsette og studentar.

Nivå 3 er eit reindyrka kollektiv leiarskap- kor tre leiarar (i nær regionane) har like stillingsbeskrivingar og ansvar som dei to andre instituttleiarane. Dette er ikkje ein tradisjonell leiarmodell, men det kan vere oppsider i å gjere noko annleis enn det som er vanleg i sektoren.

Vurdering/ grunngiving

Eit kollektivt leiarskap gjev rom for å tenke heilskapleg, og leiarstrukturen er utviklingsorientert ved at den legg opp til meir kritisk refleksjon, læring og utvikling. Leiarnivået er i denne modellen på nivå tre og sikrar likestilt stadleg leiing og nærleik til leiing. Ein uttalt fordel ved modell 2 er at den balanserer to sentrale omsyn; 1) den utnyttar fordelane ved fusjonen ved å legge til rette for ei gradvis utvikling gjennom i første omgang danninga av ei felles, økonomifagleg overbygning på tvers av campusane Haugesund, Bergen og Sogndal og 2) den tek vare på eksisterande, lokale og godt fungerande fag- og arbeidsmiljø. Det reknast og som ein styrke at alle fagtilsette på FØS har ein instituttleiar og nivåforskjellen med viseinstituttleiarar omtalt i modell 1 er såleis ikkje til stades. Vidare syner Modell 2 korleis ein kan organisere eit noko mindre fakultet som har fagleg aktivitet på 3 campus og med ulike fagkombinasjonar på dei ulike campus, utan å måtte byggje eit høgge hierarki.

Kollektiv leiing kan opplevast uryddig og uoversiktleg for dei tilsette, dei tre instituttleiarane og den resterande institusjonen, samt eksterne parter. Det blir og påpeika at tre «school-leiarare» i fakultetsleiinga kan bli for mange samanlikna med dei to andre instituttleiarane, særleg ved usemje i saker på fakultetsnivå. Denne kritikken gjeld og modell 3 som føreslår 3 instituttleiarar innan School'en.

Fakultetsdekan deler oppfatning om at modellen representerer ein spennande tanke, men ser også ein tidkrevjande modell som kan vere vanskeleg å handtere med tanke på krav til effektivitet og ein lang veg å gå for å skape tydelege og klare ansvarsfordeling mellom dei tre leiarane. Som fakultetsdekan kan det bli utfordrande og krevjande å samordne dei tre campusleiarane dersom det ikkje er semje i leiarteamet.

Modellen har eit fornyande element i form av kollektivt leiarskap, men det er avgjerande at konkretisering og arbeidsdeling mellom leiarane på dette nivået fyrst må avklarast. Spesielt i ein oppstartsfase kan dette utfordre samarbeid og synergjar innan og på tvers av institutt. Det er for usikkert om denne modellen er tydeleg nok for studentar, tilsette, institusjon og samarbeidspartar. Det faktum at øk.adm.-miljøet er det største innanfor fakultetet med sine nesten 80 tilsette, gjer at dette poenget ikkje må undervurderast i val av modell.

Om leiarstruktur (inkl. behov for administrativ støtte)

Prodekanar

I modellen er det føreslege to prodekanar med eit felles ansvar inn mot dei tre institutta og skal identifisere og skape synergier på tvers av institutt og fakultet. Dei to prodekan-stillingane skal spegle strukturen på HVL-nivå (prorektorane) med unntak av samhandling. Samhandlingsoppgåver vil liggje under dekan, i tett samarbeid med prorektor for samhandling og med instituttleiarar og viseinstituttleiarar som har nær regionansvar for øk-adm.) Det er ynskeleg at ein prodekan er i Bergen og ein i Sogndal- så framtid dekanen sitt i Haugesund. På denne måten er det til ein kvar tid ein stadleg leiar på fakultetsnivå på alle campus. Ein av prodekanane vil vere dekan sin stadfortreder. Om prodekanar skal ha heile stillingar knytt til sin funksjon, eller om den skal delast med andre funksjonsområde, er på noverande tidspunkt ikkje avklart.

Ein av dei viktigaste oppgåvene for prodekan for FoU vil vere å jobbe mot dei etablerte forskingsgruppene i fakultetet. I dag er organiseringa av dei fleste forskingsgruppene basert på institutt/studieretning-tilhøyrse, sjølv om gruppene inkluderer fagtilsette frå andre institutt eller fakultet. Pro dekanen vil arbeide med å kartlegge tematikk og kompetanse i gruppene, samt etablere samarbeidsarenaer innan og utan fakultet for å utvikle nye forskingsprosjekt, samt utarbeide felles søknadar.

Samarbeidsarenaer kan inkludere workshop for EU-søknadar og for stipendiatar og kollegaer, FoU-dagar, konferansar, senter søknadar, bokprosjekt med meir. Andre oppgåver knytt til pro dekanen vil spegle prorektor for FoU sine oppgåver, slik som operasjonalisering og oppfølging av HVL og fakultetet si overordna FoU-strategi. Pro dekanen vil difor jobbe systematisk med utvikling av FoU-samarbeid med dei andre pro dekanane og prorektor for FOU.

Prodekan for utdanning og digitalisering vil jobbe i tett samarbeid med instituttleiarar og viseinstituttleiarar vedr. kartlegginga og etablering av fag/disiplingrupper på tvers av institutta. I samarbeid med instituttleiar og viseinstituttleiarar vil prodekanen arbeide med gjennomgåande studieløp innan øk-adm. og profilering av kvar campus basert på kompetanse og særpreg. Arbeidet må utførast i tråd med gode faglege standardar og endringsbehov i samfunn og næring (bl.a. berekraft og digitalisering/automatisering). Prodekanen vil også ha ein overordna rolle når det gjeld EVU-tilbod da denne fordrar samarbeid mellom institutta og på tvers av fakultet for å kunne svare på endringar i samfunnsbehov. Andre oppgåver knytt til prodekanen vil spegle prorektor for utdanning sitt ansvarsområde.

Instituttleiarar

Instituttleiarane (3) vil ha delegert personalansvar for fagtilsette i institutta. Viseinstituttleiarane vil ha delegert personalansvar for tilsette ved dei to andre campusane. Til saman vil det være to leiarar per campus i Sogndal og i Haugesund og ein i Bergen. Avhengig av tal på fagtilsette vil ein instituttleiar/ viseinstituttleiar sitt personalansvar kunne delegerast vidare (fagkoordinator eller liknande) dersom det er nødvendig og hensiktsmessig.

Hovudgrunn for at instituttleiar i øk-adm. har to viseinstituttleiarar, er omsynet til å ikkje pulverisere ansvaret for instituttet - spesielt i ein oppbyggingsfase kor instituttet består av 3 campus og tre tidlegare høgskular. Instituttleiarar vil jobbe for at HVL sitt øk-adm.-miljø oppfattast som *eit* miljø sjølv om ein har 3 campusar og forskjellige studietilbod. I tillegg er det tydelege avgjerds- og ansvarslinjer med *ein* leiar. Dette vil gjere det enklare for dekanen og dei andre instituttleiarane. Når

det gjeld campusansvar for øk-adm. (både for fagtilsette og studentar) er dette delegert til viseinstituttleiarar på den campus dei sitt. Ein av viseinstituttleiarane vil vere avløyssar for instituttleiarane.

Dekan, prodekanar, instituttleiarar og kontorsjef vil vere medlem av fakultet sitt leiarteam. Viseinstituttleiarar vil kunne delta på møte etter behov. Sjølv om det er forskjell mellom størrelsen på institutta vil dette ikkje vere problematisk, da institutta har bestemte rammer dei jobbar innanfor og representera ulike studiar. Størrelsen på tal fagtilsette eller studentar er ikkje eit kriterium for om ein kan bidra i leiarteamet.

Administrativ støtte

Utgreiingar om administrative funksjonar og støtteapparat føregår i Prosjekt administrativ organisering. Det har derfor ikkje blitt lagt opp til større drøftingar om administrativ støtte og leiging i denne fasa. Alle innspel som har kome fram i høyringssvar og møter, vil bringast inn i det vidare arbeidet.

Dette er også eit område der det må til eit krafttak for å oppfylle intensjonane i den nye GLU-utdanninga. HVL har spelt inn premisser til ei satsing frå Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU), der det blir lyst ut prosjektmidlar, truleg med søknadsfrist i november. GLU-leiinga har også eit ansvar for å utvikla dette arbeidet. I første omgang må det kartleggjast kva samarbeidsavtalar me har med utanlandske institusjonar, og korleis desse avtalane korresponderer med krava til utanlandsopphald som ligg i rammeplanane. Ut frå vurderingane i denne kartlegginga må det arbeidast fram relevante avtalar med eit sett institusjonar. Dekan for fakultetet har presisert at det blir viktig for dei ulike faga som ønskjer masterutdanning, at dei har akseptable ordningar for internasjonalisering.

Vestlandsklasse

Omgrepet vestlandsklasse er brukt om fag/utdanningar der me gir tilbod som dekkjer minst to, eventuelt alle tre campusane. Formålet er mellom anna at det skal kunna tilbydast ein breiare fagportefølje på Stord og i Sogndal enn desse campusane greier åleine, at studentar frå Stord og Sogndal kan fylla opp ledige studieplassar i Bergen, og at det blir utvikla ein utprøvd og solid didaktikk for digitale læringsformer i heile HVL. I eit dekanvedtak i 2016 var målsetjing å setja i gang slike vestlandsklassar frå år 3 (hausten 2019), men planlegginga må starta i dette studieåret og leggjast inn i digitaliseringssøknadar som skal utformast.

Systematisert oppsummering og vurdering av Glup-modellen

Det blir lagt opp til ei eigenevaluering og ei ekstern evaluering av arbeidet med Glup. Det spesielle her er mellom anna at programleiarar og studieleiarar ikkje har hatt personalansvar, og dermed har kunna konsentrera seg fullt ut om dei faglege og organisatoriske utfordringane med dei nye utdanningane. Ulempa er at det til tider kan blir doble og kanskje uklåre styringslinjer. Dette vil Glup-leiinga levera ei oppsummering og ei vurdering av.

Vurdering

Ut frå framstillinga ovanfor vil programleiar for GLU peika på følgjande punkt som avgjerande for å nå måla for dei nye grunnskulelærarutdanningane:

1. At det blir utvikla eit heilskapleg og samordna system for GLU i heile HVL, der det også blir gjeve systematisk plass for dei ulike campusane sine sterke sider.
2. At det blir gjeve rom og ressursar til å utvikla systema med mellom anna profesjonsrettleiarar, slik at rapportar frå Studiebarometeret og andre undersøkingar viser betre evaluering når det gjeld hopehavet mellom studentar, praksisskular og HVL-tilsette.
3. At det, uavhengig av prosjektmidlar, blir lagt opp til ei auka satsing på digitalisering.
4. At internasjonaliseringsarbeidet får eit styrkt fokus i samsvar med rammeplanane.
5. At arbeidet med å gje HVL styrkt omdømme på studiebarometer og på andre måtar får ein viktig plass i den strategiske satsinga ved fakultetet. HVL har til mål å auka søknaden til ny GLU



Høgskulen på Vestlandet

Arkivsak-dok.
Saksbehandler

17/09250-5
Even Oleson Sørland

Arkivkode.

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
27.09.2017

76/17

LOKALE LØNNSFORHANDLINGAR 2017

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret tek vurderingane i saka til orientering.
2. Styret ber om å bli orientert om resultatet av dei lokale lønnsforhandlingane i 2017 til styremøtet i desember.

Samandrag

Saka gjeld ordinære lokale lønnsforhandlingar etter Hovudtariffavtalen i staten (HTA) pkt. 2.5.1. Det blir gitt ei kort, generell orientering om dei pågåande endringane i lønssystemet i staten og om rammene for dei lokale forhandlingane i 2017. Rektor gir ei kort vurdering av viktige omsyn ved årets forhandlingar, og omtaler dialogen som har vore mellom partane lokalt og arbeidstakarorganisasjonane sitt brev til styret med ønske om tilskot til forhandlingspotten. Rektor anbefaler ikkje styret å gje slikt tilskot i år.

Vedlegg:

Brev frå organisasjonane om tilskot til potten

Saksframstilling:

1 Lønnsoppgjeret 2017 – kort om utfallet

1.1 Endringer i lønssystemet i staten

Årets lønnsoppgjer er eit mellomoppgjer som byggjer på hovudtariffavtalane som blei inngått i fjor. Hovudoppgjeret i staten våren 2016 enda med at staten inngjekk to ulike hovudtariffavtalar – ein med hovudsamanslutninga Akademikerne, og ein med dei tre andre hovudsamanslutningane LO, Unio og YS. De to hovudtariffavtalane er like på mange område, men mellom anna har avtalene ulike reglar og fristar knytt til lokale forhandlinger. Alle uorganiserte arbeidstakarar følger den største avtalen (LO/Unio/YS).

Også i dette oppgjeret var sjølve lønssystemet i staten eit tema i forhandlinga mellom partane sentralt, og staten sette fram krav om relativt omfattande endringer. Utfallet blei likevel at hovudtrekka i systemet er vidareført, men arbeidet med endringer vil halde fram i partssamansette utval fram mot neste års hovudoppgjer.

Det ligg til grunn at lokalt handlingsrom skal vere eit viktig element i det nye systemet, og ein må forvente at store avsetningar til lokale forhandlinger er ein trend som vil halde fram. Som følge av dette vil statlege verksemdar måtte bygge ut den lokale lønnspolitikken for å ta høgde for at partane lokalt får eit langt større ansvar enn tidlegare.

1.2 Avsetningar til lokale forhandlinger hausten 2017

For 2017 er det satt av pengar til lokale lønnsforhandlinger etter begge hovudtariffavtalane. Overordna har begge avtalene same årslønnsvekst, men utfallet/fordelinga er ulik. Dette skuldast dels tekniske berekningar (overheng/glidning), dels ulik profil på de sentrale oppgjera per 1. mai.

Tilsette som følger avtalen med LO, Unio og YS fekk eit flatt prosenttillegg på 0,33 % på lønnstabellen med verknad per 1. mai, og det blir lokale lønnsforhandlinger med pottar tilsvarande 0,8 % av lønnsmassen i den einskilde verksemda med verknad per 1. juli.

Tilsette som følger avtalen med Akademikerne fekk ingen sentrale tillegg i vår, og heile forhandlingspotten er sett av til lokale lønnsforhandlinger. Dette utgjer 0,85 % av lønnsmassen med verknad per 1. oktober.

Forhandlingane etter dei to avtalene har altså ulike verknadstidspunkt, men skal gjennomførast innan same frist – 31. oktober.

2 Ordinære lokale forhandlinger (HTA 2.5.1) ved HVL

2.1 Formelle rammer

Lønnsoppgjøret 2017 er den første ordinære lokale lønnsforhandlinga som blir gjennomført ved Høgskulen på Vestlandet. Det er HVL som institusjon som er forhandlingsstad, og forhandlingane vil ikkje bli delegert vidare ned i organisasjonen i årets oppgjør. Rektor har sjølv teke del i dei førebunde møta, men legg opp til at det er organisasjonsdirektør som skal forhandle på vegner av høgskulen, med støtte frå personalfunksjonane i de tre nærregionane.

2.2 Lokale pottar for HVL

Fastsetjing av lokale forhandlingspottar skjer etter ein fastsett mal frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, basert på funksjonen av eit berekna lønnsgjennomsnitt for dei

tilsette knytt til dei to avtalene, avtalt prosenttillegg etter HTA og talet på heile årsverk per 1. mai 2017. For HVL blir forhandlingspottane slik:

- LO/Unio/YS: 6 144 715 kr
- Akademikerne: 1 112 981 kr

Desse kronebeløpa angir heilårsverknaden for tillegg. På grunn av verknadstidspunkta (1.7. og 1.10.) vil full effekt først komme på 2018-budsjettet.

I tillegg til denne sentrale avsetninga har HVL som arbeidsgjevar etter avtaleverket (HTA 2.5.1 første ledd bokstav b) høve til å sette av økonomiske middel lokalt. HVL har ikkje planlagt med slikt tilskot, og rektor vil kommentere dette nærare i pkt. 3.3 under.

2.3 Lokal lønnspolitikk

Lønssystemet i staten føreset at partane i kvar einskild statleg verksemd skal utforme ein omforent lokal lønnspolitikk. Dette skal vere eit felles grunnlag for bruken av lønssystemet lokalt for å nå måla til verksemda.

Partane ved HVL har sett ned eit utval som har jobba med ein førebels lønnspolitikk. Arbeidet er ikkje slutført, men det utvalet foreslår medfører ikkje store endringar. Ein har konsentrert seg om å gje partane eit felles grunnlag for å bruke lønssystemet i staten i overgangsåret 2017/-18 ved å regulere samarbeidet og verkemiddelbruken og avklare prosedyrar for prosessar etter HTA. Ved sida av praktiske tilpassingar av tidlegare praksis tek partane også sikte på å gje nokre presiseringar om verkemiddelbruk knytt til fusjon/omstilling. Den førebelse lønnspolitikken vil etter planen bli fastsett i september.

Partane i fellesskap legg opp til å kome fram til ein heilskapleg omforent lønnspolitikk for HVL innan hovudoppgjeret 2018. Lønnspolitikken må spegle den nye organisasjonen, og skal utformast på grunnlag av endelege bemanningsplanar og ny strategisk plan.

2.3.1 Profil for det lokale oppgjeret – avklaringar i førebuande møte

HVL har gjennomført førebuande møter med forhandlingsdelegasjonane etter dei to hovudtariffavtalane. I begge møta hadde partane same syn på korleis forhandlingane burde leggjast opp, og kom fram til følgjande felles formulering:

Partene hadde to felles signaler i diskusjonen om profil for forhandlingene: Det er en prioritering å sikre rimelig lønnsutvikling for alle, og det vil ikke fremmes krav/føres forhandlinger på individnivå i årets lokale lønnsforhandlinger ved HVL. Forhandlingene vil dermed dreie seg om innretning på gruppevis/generelle tillegg, og kravene som utveksles i forkant vil ta utgangspunkt i dette.

Denne avklaringa inneber at HVL-tilsette ikkje skal skrive individuelle søknadar i dei lokale forhandlingane i år. Det er lagt ut melding til dei tilsette på Vestibyen (intranett) med omtale av dette.

3 Rektor sine vurderingar

3.1 Om endringane i lønssystemet – lokalt handlingsrom og ansvar

Lokale lønnsforhandlingar har lenge vore eit viktig høve til å få gjort justeringar i lønnsstrukturen på både individ- og gruppenivå. Tidlegare har dei lokale forhandlingane likevel berre vore mindre justeringar på toppen av sentrale oppgjer som har sikra ei jamn lønnsutvikling for alle. Når lønssystemet no blir endra slik at størstedelen av lønnsoppgjera framover vil skje lokalt, må HVL som andre verksemdar i staten førebu seg på å måtte ta eit langt større ansvar for heilskapen i oppgjeret og den samla lønnsutviklinga til dei tilsette.

Rektor er opptatt av at HVL må sikre ein bruk av lønssystemet som kombinerer ei god ivaretaking av dette ansvaret med målretta verkemiddelbruk for å nå HVL sine strategiske

mål. Samarbeidet med tenestemannsorganisasjonane gjennom dei lokale forhandlingane vil vere svært viktig i arbeidet fram mot universitetsambisjonen. Kjørereglar for dette samarbeidet vil avklarast mellom partane i den lokale lønnspolitikken.

3.2 Overordna føringar ved de lokale forhandlingane

Som omtalt i punkt 2.1.4 over har partane ved HVL i år kome fram til å legge opp ein forenkla prosess for dei lokale lønnsforhandlingane. Arbeidsgjevar har i si vurdering lagt avgjerande vekt på at 2017 er eit unntaksår på mange vis. Særleg er det to element som bidreg til dette: At det er partane lokalt som no må å ivareta heilskapen i oppgjeret, og at dette er eit heilt spesielt år for HVL. To tilleggsmoment er at dei siste tariffoppgjera for første gong på fleire tiår ikkje har halde tritt med prisveksten i samfunnet, og at pottane som er avsett til lokale forhandlingar relativt sett er såpass små at fleirtalet truleg ikkje ville fått utteljing i ei tradisjonell forhandling på individuelt grunnlag.

2017 er HVL sitt første år som samla institusjon. Ikkje berre ville det vere krevjande å skulle prioritere mellom dei mange som har gjort ein ekstra innsats knytt til funksjonen – det ville også vere ei stor praktisk utfordring å etablere felles kriterium og gjere rimelege vurderingar på tvers av tre nærregionar som framleis er organisert etter mønsteret frå dei tidlegare høgskulane. Rektor ser det slik at løysinga partane lokalt kom fram til i dei innleiande møta gir grunnlag for ein føreseieleg og forståeleg prosess for dette mellomoppgjeret.

3.3 Økonomisk ramme/tilskot til forhandlingspotten

Dei hovudtillitsvalde frå Akademikerne, YS, LO og dei tre Unio-forbunda Forskerforbundet, Utdanningsforbundet og Norsk Sykepleierforbund har sendt brev der dei ber styret skyte inn 2 000 000 kr til forhandlingspotten (vedlegg). Organisasjonane viser mellom anna til stor belastning for tilsette i fusjonen, til nedgang i kjøpekraft i det totale oppgjeret, og til behov for å «vise at kompetanse lønner seg» med tanke på å rekruttere og behalde gode medarbeidarar.

Rektor har forståing for fleire av argumenta, men kjem likevel til motsett konklusjon når det gjeld tilskot til forhandlingspotten i 2017.

Mange tilsette har gjort ein ekstra innsats i arbeidet med fusjonen og bygginga av ny HVL – og endå fleire vil bli involverte i tida som kjem. Rektor har også lagt vekt på dette, jf. pkt. 3.2 over, men ser ikkje at ekstra middel i potten kan gjere dette meir treffsikkert. Når det gjeld det som er sagt om manglande avklaring på midler til frikjøp for deltaking i ulike grupper/utval knytt til fusjonen er det rektor sitt syn at dette er deltaking på linje med andre utval, og at slikt frikjøp uansett ikkje er noko som høyrer heime i lønnsoppgjeret.

Når det gjeld fagforeiningane si vektlegging av å sikre kjøpekraft, er rektor einig i at ei rimeleg lønnsutvikling for alle er eit viktig omsyn i dei lokale forhandlingane. Men det at lønnsoppgjeret totalt sett ikkje held følge med prisveksten kan vanskeleg nyttast som argument for å skyte inn ekstra pengar frå høgskulen sitt ordinære budsjett. Ei statleg verksemd kan ikkje forsvare ei slik disponering. I lys av situasjonen i arbeidsmarknaden og samfunnet elles blir det ekstra viktig at bruk av statlege budsjettmidlar til eventuelle tilskot skjer i særlege omstende og med formål som kan grunnngjevast ut frå samfunnsoppdraget.

Rektor vil slutte seg til organisasjonane si vektlegging av at det er avgjerande å behalde og rekruttere høg kompetanse, og at rekruttering knytt til generasjonsskiftet som kjem vil vere viktig. Men heller ikkje dette er slik rektor vurderer det særskilte omstende som gjer det naturleg å tilrå å skyte inn ekstra pengar i forhandlingspotten. Rektor er likevel glad for desse signala frå organisasjonane knytt til universitetsambisjonen, og ser fram til viktig dialog om slik verkemiddelbruk i det vidare samarbeidet mellom partane ved HVL.

3.4 Kort om oppgjeret i 2018

I forlenginga av diskusjonen om tilskot til potten i pkt. 3.3 er det nyttig å også ha eit blikk fram mot neste års lønnsoppgjer.

Lønnsoppgjeret i 2018 er eit hovudoppgjer der det på førehand er varsla store endringar i lønnssystemet i staten, og der dei statlege verksemdene er bedne om å bu seg på å få større ansvar – ikkje berre for å fordele pengesummar etter individuelle kriterium, men for å etablere system og strukturar for lønnsutviklinga lokalt. For HVL fell desse endringane saman med bygginga av ein ny organisasjon, slik at det vil vere mogleg å ta høgde for dette i etableringa av nye system og samarbeidsstrukturar lokalt. I 2018 vil HVL altså vere betre rusta til å gjere både meir strukturelle grep og prioriteringar mellom individ og grupper.

Rektor ser det som viktig å nytte verkemidla i lønnssystemet på ein planmesseg og god måte for å støtte opp om dei grepa som blir tatt i omorganiseringa og i arbeidet fram mot universitetsstatus, og opplever også stor grad av støtte for dette i dialogen med dei tilsette sine organisasjonar. I forlenginga av dette er ugrunna forskjellar i lønnsnivå mellom dei fusjonerande høgskulane eit tema mange har vore opptekne av. I arbeidet med ny lønnspolitik har det vore høgskulen si haldning at ein ikkje har grunnlag for å vurdere om det oppstår slike ugrunna lønnsforskjellar som følgje av fusjonen før innplasseringa er gjennomført i den nye organisasjonen.

Den nye HVL-organisasjonen vil vere på plass før dei lokale lønnsforhandlingane tar til neste år, og truleg vil lønnspolitikken legge opp ein plan for å kome attende til spørsmålet om vurdering av eventuelle ugrunna lønnsforskjellar våren 2018. Rektor er ikkje avvisande til å vurdere eit tilskot til forhandlingspotten neste år for å gi rom for ei meir heilskapleg tilnærming til omorganiseringa og universitetsambisjonen, men vil streke under at dette må skje ut frå ei konkret vurdering og med klare føringar for kva eit eventuelt tilskot er meint å bidra til.

SØKNAD OM LOKALE MIDLER TIL LØNNSFORHANDLINGENE 2017

Vi viser til pkt. 2.5.1 i hovedtariffavtalen der det heter at det skal føres lokale lønnsforhandlinger hvis det sentralt er avsatt midler fra den sentrale rammen. I år er det satt av 0,85 % for Akademikerne og 0,8% for øvrige organisasjoner. Videre heter det at arbeidsgiveren kan skyte inn midler/inntekter fra virksomheten. Vi ber om at arbeidsgiveren bidrar med kr. 2 000 000 til de lokale lønnsforhandlingene etter pkt. 2.5.1 i høst.

Grunnen til at vi ber om at styret skyter inn ekstra midler under året 2.5.1 forhandlinger er blant annet at det i år har vært en stor belastning for ansatte i år. Det vil også i året som kommer vil bli en stor belastning for de tilsatte grunnet fusjon mellom tre tidligere institusjonene HiB, HSH og HiSF = HVL. Ikke bare de administrative må sette alle kluter til, men det gjelder også de faglige for at de tre avdelingene skal omorganiseres parallelt med at kollegiet skal gi en kvalitativ god utdanning. En godtgjøring for denne «slitasjen» for alle involverte synes vi er en rimelig påskjønnelse da det ikke er signalisert at man per dags dato har fått avklaring på om det vil bli satt av midler til frikjøp for å sitte i arbeidsgrupper, referansegrupper, styringsgrupper osv.

Resultatet totalt sett ved årets forhandling viser at det er en reell nedgang i kjøpekraft. Videre er det et faktum at ansatte som ikke får uttelling i de lokale forhandlingene vil ha en betydelig større nedgang i kjøpekraft. I de krevende tider vi nå er i gang med i forbindelse med fusjonsprosessen vil dette vil være lite motiverende for ansatte.

Skal høgskulen beholde og rekruttere de beste til forskning, undervisning og administrasjon må høgskolen ha vilje til å vise at kompetanse lønner seg. For å nå universitetsambisjoner i 2023 er målet en økning av førerstillinger fra 40% til 70% og professorer fra 11% til 20%. Da er det viktig at vi beholder den kompetanse vi per i dag har i kollegiet.

Offentlige tall viser også at vi i løpet av kort tid vil ha et generasjonsskifte i akademien. For å kunne være attraktive vil lønnsnivået være en viktig faktor for å rekruttere den kompetansen vi ønsker frem mot universitetsstatus.

Bergen, Stord, Sogndal 24.08.2017

Pål-Albert Olsen
Akademikerne
(sign)

May Britt Sandstå
Parat/YS
(sign)

Reidun Stavland
NSF
(sign)

Tone Skjerdal
NTL/LO
(sign)

Torunn Herfindal
UDF
(sign)

Kristin R. C. Hinna
FF
(sign)



Arkivsak-dok. 17/00146-19 Arkivkode. 011
Saksbehandler Linda Marie Hvaal McGuffie

Saksgang Møtedato
Høgskulestyret 27.09.2017

O-09/17 ORIENTERINGAR TIL STYREMØTE 09/17

Forslag til vedtak:

Styret tek sakene til orientering.

Sammendrag

Orienteringssaker til styret.

O-09/17-1	Årshjul pr. september 2017
Vedlegg:	Årshjul pr. september 2017 Møteplan for Høgskulestyret 2018
O-09/17-2	Referat frå IDF-møte
Vedlegg:	Referat frå IDF-møte 25. september (Vert ettersendt).
O-09/17-3	Utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet 2018 - 2020
Vedlegg:	Revidert innspill til utviklingsavtale med KD 2018 - 2020 Høgskulen på Vestlandet – Utviklingsmål 2018 – 2020
O-09/17-4	Val av varamedlem – Studentrepresentantar til Høgskulestyret 01.08.2017 – 31.07.2018
Vedlegg:	O-09/17-4 - Nyvalgte til Høgskulestyret Utrykt vedlegg: Protokoll Studenttinget på Vestlandet – ST 4/17
O-09/17-5	Innspill frå styret – strategiprosess – evt. oppfølgingspunkt frå seminar
Vedlegg:	Saka har ikkje vedlegg
O-09/17-6*	NOKUT tilsyn med bachelor i barnevern, sosialt arbeid og vernepleie
Vedlegg:	Saka har ikkje vedlegg
O-09/17-7*	Planene om aktivitetsbaserte arbeidsplasser i åpne landskap ved nybygget Kronstad 2
Vedlegg:	Saka har ikkje vedlegg.

* Sak lagt til sakslista 25.09.17.

O-09/17-1



Notat

Vår ref.:
17/00638-8

Dato:
19.09.17

Årshjul /Sakskart 2017 for styret ved Høgskulen på Vestlandet pr. september 2017

Saker markert med rødt: OU-programmet

Dato	Sted	Saker som følge av fusjon	Faste saker	Aktiviteter/Frister
19.jan	Sogn og Fjordane	-Økonomiinstruks og styrets økonomiske ansvar -Tilsetning i midlertidig leing ny GLU - Delprosjekt ledelse og faglig organisering - o Diskusjonsgrunnlag utdypning av modeller	- Godkjenning av protokoll - Orienteringer - o Tildelingsbrev fra KD - o Årshjul for styret 2017	
16.febr	Stord/Haugesund	-Delprosjekt ledelse og faglig organisering - o Vedtak ledelse på nivå 1, faglig organisering nivå 2 og prinsipp for organisering av nivå 3 -Prosjekt faglig plattform, profil og strateg - o Vedtak faglig profil og prinsipp for samkjøring av utdanninger -Delprosjekt administrativ organisering - o 1. behandling -Areal og arealutvikling HVL (o-sak) – 2.delrapport (utsatt)	- Godkjenning av protokoll - Orienteringer - o Studiebarometer	KD frist: 10.02. Innsending av regnskap 2016 (administrativt)

Postadresse
Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen
post@hvl.no

Avdeling
Rektorat

Saksbehandler
Linda Marie Hvald McGuffie
Telefon:

1 av 5

O-09/17-1

Dato	Sted	Saker som følge av fusjon	Faste saker	Aktiviteter/Frister
09.mars	Bergen	-Utlysning av lederstillinger nivå 1 og 2 -Delprosjekt administrativ organisering - o 2. behandling – vedtak -Utviklingsavtale/utviklingsmål -Felles kvalitetssikringssystem - plan for prosess - organisasjonsutviklingsprosjekt	- Godkjenning av protokoll - Orienteringer - Årsrapport 2016 (inkl. plan og regnskap 2016) – vedtak - Revidert budsjett 2017 - Orientering om studiebarometer	KD frist: 15.03. Innsending av Årsrapport 2016, plan 2017 og regnskap 2016
31.mars	Sogn og Fjordane	Møte AVLYST		
20.april	Stord	- Tilsetting av prorektorer - Økonomisk status og analyse for HVL - Retningslinjer for erverv og forvaltning av aksjar i HVL - Oversikt over aktuelle areal og byggsaker	- Godkjenning av protokoll - Orienteringer - Søkertall - Opptaksrammer 17/18 nærregion Bergen - Oppstart masterstudie "Maritime operations" - Revisjonsrapport 2016 (tidligere HiB) - Søkertall 2017/18 (munnleg) - Rammer for opptak og endelig studieportefølje for førstkommende studieår (løp på FVO) –	
11.mai	Bergen	- Utviklingsavtale/utviklingsmål med KD - Tilsetting av dekaner og direktører – vedtak -Areal og bygg – prioriteringsplan -OU-program - orientering	- Godkjenning av protokoll - Orienteringer - Deltagelse i etatsstyringsmøte - Fullmakt til evt å trekke studier	

O-09/17-1

Dato	Sted	Saker som følge av fusjon	Faste saker	Aktiviteter/Frister
15. juni	Sogn og Fjordane	- Delprosjekt universitetsambisjon - o Orientering om plan for universitetsambisjon - Budsjettfordelingsmodell - o Forslag til prinsipp for budsjettfordelingsmodell - Prosess for strategiplanarbeidet - Navn på fakultet - Økonomiske forpliktelser/langtidsbudsjett	- Godkjenning av protokoll - Orienteringer - o Rapportering 1. tertial - o Regnskap 1. tertial 2017(rektor godkjenner) - Styrets handlingsplan og evaluering av eget arbeid (2018) - Oppnevning til utvalg (2018) - Tilstandsrapport for høgare utdanning – orientering - Studiebarometeret 2016 – orientering - Etatsstyringsmøte	KD frist: 01.06. Innsending av Regnskap for 1. tertial 2017
31. aug	Bergen	-Utviklingsavtale/utviklingsmål med KD - Oppfølging av internrevisjon – informasjonssikkerhet og personvern -OU - Plan for strategiprosess -OU – statusoppdatering prosjektarbeid OU-programmet - orientering	- Godkjenning av protokoll - Orienteringer	Styret møter de tillitsvalgte

O-09/17-1

Dato	Sted	Saker som følge av fusjon	Faste saker	Aktiviteter/Frister
27.-28. sept.	Sogndal	- Budsjettfordelingsmodell - o Endelig budsjettfordelingsmodell – vedtak - Oversikt over eigarskap i AS - OU – instituttstruktur – vedtak	- Godkjenning av protokoll - Orienteringer - o Rapportering 2. tertial - Regnskap pr.2.tertial til KD	KD frist: 01.10. Innsending av regnskap for 2. tertial 2017 Styreseminar i regi av OU-programmet
25. okt.	Bergen	- Strategiplan – drøfting tema - OU - statusoppdatering prosjektarbeid OU-programmet - orientering	- Godkjenning av protokoll - Orienteringer - o Statsbudsjettet - Budsjett 2018 1. behandling – vedtak - Innspill til budsjett 2019 KD – vedtak - Årsrapporter (læringsmiljø, klage- og skikketshetsnemnd) - Orientering om opptaksrapport - Årleg risikovurdering –grunnlag for årsplan	KD frist: 01.11. Innsending av budsjett for 2019 25.10.17: Riksrevisjonen møter styret
29.- 30. nov.	Stord/Hauge-sund	-Strategiplan – drøfting tema -OU – orientering om status på: - o funksjonsplaner administrativ virksomhet - o oppstart strategiprosess - o godkjenning av plan for lederutviklingsprogram	- Godkjenning av protokoll - Orienteringer - Endelig studieportefølje for neste studieår – vedtak - Budsjett 2018 2. behandling – vedtak - Utkast til årsplan for 2018 for styret ved HVL.	Samordna opptak frist : 1.12.Endelig studieportefølje for 2018/19 Styreseminar i regi av Kunnskapsdepartementet Styreseminar i regi av OU-programmet

O-09/17-1

Dato	Sted	Saker som følge av fusjon	Faste saker	Aktiviteter/Frister
14. des.	Bergen		- Godkjenning av protokoll - Orienteringer	

O-09/17-1



Notat

Vår ref.:
17/00146-20

Dato:
18.09.17

Møteplan for Høgskulestyret - 2018

Møte	Dato	Klokkeslett	Stad
Styremøte 01/18	Torsdag 01.02.18	10.30-15.30	Bergen
Styremøte 02/18	Onsdag 07.03.18	10.30 – 15.30	Førde
	Torsdag 08.03.18	09.00 – 14.00	Førde
Styremøte 03/18	Torsdag 19.04.18	10.30 – 15.30	Bergen
Styremøte 04/18	Torsdag 24.05.18	10.30 – 15.30	Bergen
Styremøte 05/18	Onsdag 20.06.18	10.30 – 15.30	Stord
	Torsdag 21.06.18	09.00 – 14.00	Stord
Styremøte 06/18	Torsdag 30.08.18	10.30 – 15.30	Bergen
Styremøte 07/18	Onsdag 26.09.18	10.30 – 15.30	Sogndal
	Torsdag 27.09.18	09.00 – 14.00	Sogndal
Styremøte 08/18	Torsdag 25.10.18	10.30 – 15.30	Bergen
Styremøte 09/18	Onsdag 28.11.18	10.30 – 15.30	Haugesund
	Torsdag 29.11.18	09.00 – 14.00	Haugesund

Postadresse
Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen
post@hvl.no

Avdeling
Rektorat

Saksbehandler
Linda Marie Hvaal Mcguffie
Telefon:

O-09/17-3



Det kongelige kunnskapsdepartement, Universitets-
og høyskoleavdelingen

Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Deres ref.:

Vår ref.:
17/02689-21

Dato:
15.09.17

Revidert innspill til utviklingsavtale med KD 2018-2020

På bakgrunn av innspill fra KD har HVL justert utviklingsavtalen til vedlagte forslag.

Utviklingsavtalen tar fortsatt utgangspunkt i fusjonsplattformen som er det foreløpig eneste strategiske dokumentet høyskolen har. Strategiprosessen er nå skissert og vi vil ha en bred strategiprosess internt og eksternt.

Vi har redusert fra fire til tre målområder fra den første avtalen og konkretisert det mer enn hovedoverskriftene i fusjonsavtalen. De nye områdene er knyttet til:

HVL Regional drivkraft

HVL skal være tett på og ha et aktivt og målretta samarbeid med regionalt samfunnsliv, næringsliv og offentlig sektor. Vi skal bygge og levere rett kompetanse til rett tid på rett stad, slik at regionen og Vestlandet får tilgang på internasjonal og framtidsretta kunnskap

HVL Forskning, utvikling og innovasjon

HVL vil videreutvikle rolla som profesjons- og arbeidslivsretta forskings- og innovasjonsaktør og bidra til berekraftig samfunnsutvikling på Vestlandet

HVL Utdanningskvalitet

HVL si digitale satsing skal være i kunnskapsfronten. Satsinga skal bidra til å utvikle framtidsretta studentaktive og varierte lærings-, arbeids- og vurderingsformer for å heve kvaliteten på utdanningane og gjere profesjons- og arbeidslivsretta kunnskap tilgjengelig for fleire

Vi mener at utviklingsavtalen, slik den nå foreligger, setter en retning på hvordan HVL sine utdanninger og forskning skal utgjøre et bidrag til utvikling og innovasjon gjennom et styrket samarbeid med samfunns- og arbeidsliv i regionen, både i privat og offentlig sektor. Utviklingsavtalen oppfordrer til en tett samhandling til Vestlandets samfunns- og arbeidsliv for på den måten å bygge relevante forskningsbaserte utdanninger og

Postadresse
Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen
post@hvl.no

Telefon
55585800
Internett
<http://www.hvl.no>
Org.nr. 917 641 404

Fakturaadresse
Høgskulen på Vestlandet
Fakturamottak
Postboks 363 Alnabru
0164 Oslo

Avdeling
HiB Avdeling for
helse- og sosialfag

Saksbehandler
Trude Engebretsen
Telefon:

O-09/17-3

høyt kompetente profesjonsutøvere. Dette er en del av arbeidsdelingen i sektoren. Det ligger som et mål å bidra til kunnskapsbasert praksis, utvikling og innovasjon i regionalt arbeidsliv gjennom koblingen mellom studentoppgaver, HVL sin forskningsaktivitet, vårt internasjonale forskningssamarbeid, etter- og videreutdanning og koblingen til nærings- og offentlig ph.d i et livslangt lærings-perspektiv. Utviklingsavtalen gir dermed retning for hvordan vi skal jobbe som institusjon og kunne være en plattform for universitetsambisjonen. Tiltakene for å nå målene vil synliggjøres i planen for 2018.

Strategiprosessen vil avklare den faglige profilen knyttet blant annet opp til langtidsplanen for forskning og kvalitetsmeldingen og som vil være aktuelle for HVL i arbeidet mot et universitet med en profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Samarbeidet med UiB for å styrke lærerutdanningene på Vestlandet er konkretisert i avtalen og vil bli fulgt opp gjennom en egen samarbeidsavtale.

Med hilsen

Berit Rokne

Trude Engebretsen

Rektor

Kontorsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskreven signatur.

Vedlegg: Revidert innspill til utviklingsavtale med KD 2018-2020

Kopi til: Rektorat v/Gro Anita Fonnes Flaten, Rektorat v/Björg Kristin Selvik, Rektorat v/Berit Rokne, HSH Direktørens stab v/Liv Reidun Grimstvedt

Vedlegg: Høgskulen på Vestlandet - Utviklingsmål 2018-2020

Høgskulen på Vestlandet har eit
strategisk mål om å verte eit
universitet med
ein profesjons- og arbeidslivretta
profil

HVL Regional drivkraft

HVL skal vere tett på og ha eit aktivt og målretta samarbeid med regionalt samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor . Vi skal bygge og levere rett kompetanse til rett tid på rett stad, slik at regionen og Vestlandet får tilgang på internasjonal og framtidsretta kunnskap.

HVL har mål om å:	Vurdering
Vere ein pådrivar i klynge- og nettverkssamarbeidet med det regionale arbeids- og næringslivet innanfor relevante område for HVL	Omfang av deltaking i klynge- og nettverkssamarbeid Omfang på samarbeidsavtalar og partnerskap (regionalt og internasjonalt)
Utvikle gode samarbeidsformer med næringsliv og offentleg sektor, kor entreprenørskap, praksis og tverrprofesjonell verksemd er berande	Evaluering av tiltak, mellom anna gjennomført pilot på tverrfagleg samarbeid på campus Kandidatundersøkelse
Aktivt trekke studentane inn i samarbeidet med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor på Vestlandet gjennom studentoppgåver	Omfang av bachelor og masteroppgåver med nær kopling til samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor på Vestlandet
Samarbeide med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor gjennom II-stillingar og delte stillingar	Tal på tilsette i delte stillingar

HVL Forsking, utvikling og innovasjon

HVL vil vidareutvikle rolla som profesjons- og arbeidslivsretta forskings- og innovasjonsaktør og bidra til berekraftig samfunnsutvikling på Vestlandet

HVL har mål om å:	Vurdering
Auke forskingskompetansen i staben	Del årsverk i førstestillingar Del årsverk i professor og dosentstillingar
Legge til rette for og auke bruk av både nærings-ph.d og offentleg ph.d i HVL sine doktorgradsprogram	Tal på nærings-ph.d Tal på offentleg ph.d.
Utvikle prosjekt som har ein profesjons- og arbeidslivsretta profil	Omfang på innsendte søknadar der HVL er prosjekteigar eller samarbeidspartnar med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor .
Styrke forskning med relevans for profesjonsutdanning og profesjonsutøving	Omfang og profil på dei relevante miljøa sin forskingsportefølje
Aktivt involvere studentane i FoU arbeid	Tal på masteroppgåver som er ein del av tilsette sine FoU-prosjekt
Gjere FNs berekraftsmål relevante i høgskulen sitt strategiarbeid	Kvalitativ vurdering av korleis berekraftsmåla blir implementert i strategi- og planverk
Utvikle praksisretta studieprogram som bidrar til innovasjon i eige fagområde	Omfang av studieprogram der innovasjon er del av læringsutbyttebeskrivelsen

HVL Utdanningskvalitet

HVL si digitale satsing skal vere i kunnskapsfronten. Satsinga skal bidra til å utvikle framtidsretta studentaktive og varierte lærings-, arbeids- og vurderingsformer for å heve kvaliteten på utdanningane og gjere profesjons- og arbeidslivsretta kunnskap tilgjengelig for fleire

HVL har mål om å:	Vurdering
Utvikle gode og framtidsretta digitale arbeids-, lærings og vurderingsformar	Bruk av digitale verktøy/medie (studiebarometeret) Tal på digitale eksamenar Tal på nett- og samlingsbaserte studietilbod Nøgde studentar, medverknad og tilbakemelding (Studiebarometer)
Ha god rekruttering til alle kampus	Tal på 1.førsteval søkerar
Være kjent for godt studiemiljø og god studentvelferd på alle kampus	Studiebarometer Tilbakemeldingar og dialog med Studentting, samskipnad og studentorganisasjonar.
Samarbeide med UIB om lærarutdanning ved å tilby fag til kvarandre der institusjonane har komplementær kompetanse. Samarbeide med UIB om vidareutdanning	Arbeid og framdrift i etablert samarbeidsorgan mellom HVL og UiB

O-09/17-4

From: Stian Andre Golden
Sent: 11. september 2017 10:19
To: Linda Marie Hvaal McGuffie
Cc: Magnus Møkster [REDACTED] Margrete Lauksund [REDACTED] Linda Christine Bøhn [REDACTED]
Subject: Nyvalgte til Høgskolestyret

Follow Up Flag: Følg opp
Flag Status: Completed

Hei.

På møtet i Studenttinget på Vestlandet den 2. september ble følgende valgt inn til høgskolestyret fra studentene.

Region Sør:

1. vara – Magnus Møkster
2. vara – Margrete Lauksund

Region Nord:

2. vara – Linda Christine Bøhn

Ønsker deg en fortsatt fin dag.

Med vennlig hilsen

Stian Golden
Organisasjonskonsulent for Studenttinget på Vestlandet
Region Sør



Arkivsak-dok. 17/05129-7
Saksbehandler Kristine Tangen

Arkivkode. 131

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
27.09.2017

67/17

EKSTERNREKNESKAP PER 2. TERTIAL 2017

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret godkjenner delårsrekneskap per 2. tertial 2017.

Samandrag

Rekneskapen per 2. tertial er avslutta og dokumentert i høve til Kunnskapsdepartementet (KD) sine krav, jfr vedlegg. Dette er høgskulens eksterntrekneskap og rapportering til eigar per 2. tertial, som leverast i samsvar med ein fast mal høgskulen kan gjere få endringar i. Dokumenta skal sendast digitalt innan fristen 1. oktober.

Høgskulens økonomiske stilling er fortsatt god, og både avsetningane og likviditeten er på eit tilfredsstillande nivå. For kommentarar til rekeskapsresultatet elles vises det til Leiarkommentaren.

Leiarkommentaren skal «begrenses til forhold som er av vesentlig betydning for å kunne vurdere institusjonens regnskapsavlegg og økonomiske stilling».

Kommentarane er difor korte.

Rektor viser elles til styresak som kjem på neste styremøte om internrekneskap og økonomistatus per. 2 tertial 2017 med meir detaljer for kvar nærregion samt vidare analyser.

Vedlegg:

1. Leiarkommentar til rekneskapen per 2. tertial 2017
2. Delårsrekneskap for 2. tertial 2017

LEIARKOMMENTARAR TIL REKNESKAPEN FOR ANDRE TERTIAL 2017

Institusjonens formål

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er nyoppretta frå 01.01.2017 då Høgskolen i Bergen, Høgskolen Stord/Haugesund og Høgskulen i Sogn og Fjordane fusjonerte. HVL er ein utdannings- og forskingsinstitusjon som tilbyr eit breitt tilbod av yrkesnære utdanningar gjennom produksjon og formidling av kunnskap og forskning. Høgskulen har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialfag, ingeniør- og maritime fag, lærar- og musikkutdanning, idrett, friluftsliv og folkehelse, natur- og samfunnsfag og økonomi og leining.

Høgskulen på Vestlandet har høge ambisjonar og vil som ein ny fleircampusinstitusjon byggje sterkare og meir solide fag- og forskingsmiljø. Campusane er lokalisert i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund og til saman har HVL om lag 16.000 studentar. HVL har som overordna strategisk ambisjon om å verte universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

HVL skal sjå utdannings- og kompetansebehova i vestlandsregionen under eitt, og ha større fagleg og administrativ kraft i samhandlinga med samfunns-, og arbeids- og næringsliv. Høgskulen på Vestlandet skal vere den føretrekte samarbeidspartnaren og skal setje spor i utviklinga av Vestlandsregionen.

Rekneskapsprinsipp

Høgskulen har gjennomført statsoppdraget innanfor dei rammer som departementet har satt for institusjonen, ref. høgskulens løyvingsbrev for 2017. Det har ikkje inntreffe forhold av vesentlig betydning for høgskulens resultat og økonomiske stilling etter rekneskapsperiodens slutt. Rekneskapet er avlagt i samsvar med reglene i dei statlege rekneskapsstandardane samt rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå overordna departement.

Leiarkommentaren er satt opp i høve til dei rapporteringspunkt som er gitt av departementet i brev av 15.12.16, 26.04.2017 og 23.08.17. Institusjonens revisor er Riksrevisjonen.

Vurdering av institusjonen si drift i perioden

Høgskulen på Vestlandet starta arbeidet med den faglege profilen, faglege satsingsområde og organisering hausten 2016. Det blei valt eit interimstyre hausten 2016 og som er vidareført som styre for HVL frå 01.01.2017. Fagleg og administrativ organisering for Høgskulen på Vestlandet held fram og organiseringa skal vere klar frå 01.01.2018.

I 2017 har Høgskulen på Vestlandet hatt ei vidareføring av organiseringa frå dei tidlegare institusjonane/nærregionane. Budsjett og rekneskap er inndelt og blir følgt opp mot kvar av nærregionane, i tillegg til at man har eit fellesbudsjett for nokre av dei felles utgiftene samt kostnader som gjeld fusjonen.

Totalt har Høgskulen på Vestlandet i 2017 fått løyving på 1,794 mrd. kr., SAKS-midlar til samanslåingsprosessen på 39 mill. kr., midlar til omlegging av grunnskulelærarutdanninga på 7,5 mill. kr., midlar til følgjegruppe for barnehagelærarutdanning på 2 mill. kr., samt midlar til vitskapleg utstyr 3,9 mill. kr. I tillegg fekk høgskulen følgjande supplerande løyvingar i juni; midlar til 30 studieplasser ved Campus Florø på totalt 4,245 mill. kr., 7,254 mill. kr. til utvikling og drift av partnerskap i grunnskulelærarutdanningane, samt 15 studieplasser i IKT i Sogndal på om lag 0,622 mill. kr. Total løyving i 2017 er på om lag 1,859 mrd. kr.

Høgskulen hadde per 31.08.2017 eit positivt driftsresultat på 36,3 mill. kr, mens resultatet for same periode i 2016 var eit negativt resultat på 27,5 mill. kr. Resultatet per andre tertial i forhold til løyving er auka frå -2,44 % i 2016 til +2,9 % i 2017.

Dette driftsresultatet skuldast i stor grad at HVL-fellesområdet har eit positivt resultat på 37,4 mill. kr. då ein har inntektsført heile løyvinga av SAKS-midlane og midlane til grunnsulelærarutdanninga for 2017 og det er framleis mye av fusjonsarbeidet og GLUP-utviklinga som står att.

Av totale inntekter utgjer løyving frå KD 92,3 % av inntektene, tilskot/overføringar frå andre utgjer 5,1 % og 2,5% er sals- og leigeinntekter. Inntektssida har auka med 10,1 %, der tilskot og sals- og leieinntekter KD utgjer den største auke i høve løyvinga på same tidspunkt i fjor.

Tabell 1

Inntektsfordeling	2. tertial 2016 (HIB, HSH og HISF)	2. tertial 2017 HVL	Endring i %
Inntekt frå løyving	1 128 227	1 247 677	10,6 %
Tilskot og overføringar frå andre	60 027	69 218	15,3 %
Sals- og leigeinntekter	35 003	33 173	-5,2 %
Andre driftsinntekter	5 172	1 998	-61,4 %
Sum driftsinntekter	1 228 429	1 352 066	10,1 %

(Alle tal i heile tusen)

Totale driftskostnader utgjer 1,35 mrd. kr. og dette utgjer ein auke på om lag 4,8 % i høve same periode i fjor.

Løn- og sosiale kostnader har auka med 4,7 % og utgjør nå 60,56 % av dei totale driftskostnadene, noko som er om lag det same som per 2. tertial 2016 (60,61 %).

Andre driftskostnadar har auka med 5,8 % i forhold til same periode i 2016, og noko av denne auka har si årsak i det ekstraordinære arbeidet og då gjerne kjøp av tenesta som gjortast i samband med fusjonen. Husleigekostnadane har også økt i perioden, frå om lag 214,4 mill. kr. per 2. tertial 2016 til om lag 227,2 mill. kr. per 2. tertial 2017. Husleigekostnadene utgjer nå om lag 18,2 % av løyvinga.

Tabell 2

Driftskostnader	2. tertial 2016 (HIB, HSH og HISF)	2. tertial 2017 HVL	Endring i %
Løn og sosiale kostnader	761 226	796 786	4,7 %
Andre driftskostnader	444 706	470 384	5,8 %
Avskrivingar	49 975	48 562	-2,8 %
Sum driftskostnader	1 255 907	1 315 732	4,8 %

(Alle tal i heile tusen)

Den eksterne omsetninga (her: all inntekt unntatt løyving frå KD) er på om lag 104,4 mill. kr, noko som er ein auke på om lag 4,2 mill. kr. samanlikna med same periode i 2016. Denne auken skuldast i all hovudsak ein auke i tilskot og overføringar frå andre statlege forvaltningsorgan.

Tabell 3

Ekstern omsetning (eks. løyvingar frå KD) ref. note 1	2. tertial 2016 (HIB, HSH og HISF)	2. tertial 2017 HVL	Endring i %
1. Tilskot og overføringar frå andre statlege forvaltningsorgan	16 233	28 312	74,4 %
2. NFR	23 706	24 371	2,8 %
3. Gåver	1 030	898	-12,8 %
4. Tilskot til annan bidragsfinansiert aktivitet	18 405	14 562	-20,9 %
5. Tilskot/overføring frå EU	653	1 075	64,6 %
6. Oppdrags- sals og leigeinntekter	35 003	33 173	-5,2 %
7. Andre driftsinntekter	5 172	1 998	-61,4 %
SUM	100 202	104 389	4,2 %

(Alle tal i heile tusen)

Den samla bidragsfinansierte- og oppdragsverksemda (BOA) utgjør totalt 47,7 mill. kr (tilskot anna bidragsaktivitet og oppdrags- sals og leigeinntekter i tabellen over), som er ein reduksjon på om lag 5,7 mill. kr. samanlikna med 2016.

Av den eksterne omsetnaden utgjorde oppdragsverksemda om lag 18,2 mill. kr, noko som er ein nedgang på om lag 5,8 mill. kr. samanlikna med 2. tertial 2016. Overskotet frå oppdragsverksemda var på totalt 0,048 mill. kr. mot 0,49 mill. kr. per 2. tertial 2016. Det er berre eit prosjekt som er avslutta per 31.08.17, og dei fleste prosjekta avsluttast rekneskapsmessig i 3. tertial.

Total opptent verksemdskapital utgjorde 55,1 mill. kr per 31.08.17, noko som er 2,8 mill. kr. lågare enn per 1. tertial. Dette skuldast at nærregion Stord/Haugesund har overført 2,8 mill. kr. frå verksemdskapitalen til drifta, for å bruke til planlagd forskingsmessig infrastruktur.

Innskotet i statens konsernkonto er auka med om lag 134,9 mill. kr. sidan 31.12.2016, og bankinnskotet utgjorde 616,8 mill. kr. ved periodens slutt. Likviditetsgraden (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld) var på 1,81 mot 2,09 per 31.12.2016.

Det er elles berre mindre avvik i forhold til balansepostane i rekneskapet.

Endringane i avrekninga av den løyvefinansierte verksemda vil bli kommentert i eit eige punkt.

Vesentlege avvik mellom periodisert resultatbudsjett og resultatrekneskap

Høgskulen hadde budsjettert med eit ordinært driftsresultat for andre tertial 2017 på om lag 25 mill. kr., mens resultatet ble om lag kr 36,3 mill. Dette skyldast i all hovudsak at høgskulen har mottatt ekstra løyving frå KD for heile året, men i budsjettet er det periodisert.

Lønnskostnadane er noko høgare enn budsjettert, og det same er utgifter til andre driftskostnader. Rekneskapen per 2. tertial i høve resultatbudsjettet viser at høgskulen har eit mindreforbruk i høve budsjett, men institusjonen er stor og marginane små så det er viktig å ha ei tett økonomisk oppfølging gjennom heile året.

Utvikling i avsett del av tilskot til løyvingsfinansiert verksemd og verksemdskapital

Per 2. tertial har HVL kr 246,6 mill. kr. i avsette midlar av KD-tildeling. Ved årsskifte hadde høgskulen ein avsetnad på 207,5 mill. kr., noko som gjev ein auke på 39. mill. kr. Avsetningsnivået utgjør per 2. tertial 2017 19,8% av den totale inntektsførte løyvinga.

Tabell 4

Avsett del av løyvingsfinansiert aktivitet	31.12.2016 (HIB, HSH og HISF)	2. tertial 2017 HVL
I tusen kroner	207 502	246 558
I % av totale statlege løyvingar	12,2 %	19,80 %

Avsetningsnivået er framleis noko høgt, men ser ein bort frå avsetnaden til bygg på om lag kr 71,4 mill. kr. samt ein positiv saldo knytt til metningsdykkerutdanningsprosjektet (18,2 mill. kr.) utgjør avsetnaden 12,58 % av løyvinga for 2017 mot 14 % per andre tertial 2016. Eit noko høgt avsetningsnivå er nå naudsynt med tanke på framtidig investeringsbehov i forhold til nye bygg samt høgskulens satsing mot universitetsstatus.

Gjennomførte investeringar i perioden og planlagde investeringar i seinare periodar

Høgskulen har per andre tertial hatt totale investeringskostnader på om lag 25,3 mill. kr. 2017 er prega av mykje arbeid med fusjonsprosessar og høgskulen har da eit mindre fokus på gjennomføring av større investeringar. Dette vil normaliserast. Dei største investeringane som er utført er undervisningsutstyr og IT/audiovisuelt utstyr til undervisningslokale i samband med høgskulens satsing på digitalisering. Avskrivningane i perioden var på om lag 48,5 mill. kr.

